

Møteinnkalling

Utval:	Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon
Møtestad:	, Høgskolen på Vestlandet, Florø. Magnus Tingnesgt. 1
Dato:	11.03.2020
Tid:	10:00

Du vert innkalla til 2 dagars møte 11. og 12. mars.

Program

Alle medlemmane i utvalet, som ynskjer overnatting frå 11. til 12.mars, må innan måndag 9.mars melde sitt namn til hotell på tlf: 57 75 25 55, eller e-post: co.floro@choice.no, merk e-post «Vestland fylkeskommune».

11.mars:

- 07.05 Hurtigbåt frå Sogndal til Florø (frå Leikanger 07.30)
- 08.00 Hurtigbåt frå Bergen til Florø - Strandkai terminalen.
Billett kan kjøpast på nett eller på Kaien/båten.
- 11.30 Ankomst Florø - innsjekk hotell Comfort Hotell Florø, Markegata 43.
- 12.00 Lunsj Saga Fjordbase/INC - Sjøvoppdretta torsk på menyen, 6. generasjon
(verdens einaste torskelekkeri).
- 12.45 Presentasjon og omvisning Norges lengste og grønnaste base.
- 13.30 Omvisning på Fjordbase
- 14.00 Buss frå Fjordbasen til Høgskulen på Vestland si avdeling i Florø
- 14.30 Kinn Kommune ved Ordførar Ola Teigane og rådmann og Kystrådet
Bedriftspresentasjonar verdiskaping i nytt og eksisterande næringsliv - Aksello
(Evoy, Fjordalg, Dimeq, Fjord 1, Sea Technology AS).
- 16.00 Havbruk og smak av laks (Havbruksprosjektet, Nekst, NSP, OFS, Slakteriet, Ewos,
Svanøy røykeri)
- 18.00 Kinn Bryggeri - Vesle Kinn

12.mars

Møtestad: Høgskolen på Vestlandet, Florø. Magnus Tingnesgt.1.

- 08.30 Gruppemøter
- 10.00 Oppmøte og opning av møte
- 10.05 Kommune og næringsliv i Bremanger og Askvoll kommune. Ved ordførar i Bremanger Anne Kristin Førde og ordførar i Askvoll kommune Ole André Klausen. Bedriftspresentasjonar frå Bulandet miljøfisk og Helle kniven.
- 11.00 Orientering om arbeidet med Utviklingsplan for Vestland (Regional planstrategi).
- 11.30 Orientering frå NHO-reiseliv og Fjord Norge: turist- og reiselivsesongen 2020, vurdering av konsekvensar for bransjen knytt til corona-influensa og frykt for denne.
- 12.00 Lunsj
- 12.15 Sakshandsaming til møtet kan avsluttast
- 17.00 Hurtigbåt til Bergen og Leikanger/Sogndal

Marianne Sæhle har meldt forfall grunna reise. Vara er kalla inn.

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast til Politisk@vlfk.no

Innkallinga gjeld valde medlemer i hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Tor André Ljosland

utvalsleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 5/20	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 6/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon 13.02.2020	2020/41027	
	Referatsaker		
RS 9/20	Årsrapport 2019 frå Innovasjon Norge til Vestland fylkeskommune	2020/41204	
RS 10/20	Orientering om etableringa av ein database for næringsdata på Vestlandet	2020/41559	
RS 11/20	Samarbeidsavtale mellom fylkeskommunane og Norges Forskningsråd om Regionale forskingsfond	2020/41468	
RS 12/20	Fastsett forskrift om dei regionale forskingsfonda	2020/38447	
	Skriftlege spørsmål		
SI 2/20	Spørsmål frå Midelfart Hoff - H - sommerjobb for ungdommer	2020/39466	
	Politiske saker		
PS 12/20	Vestland fylkeskommune sitt engasjement for å gje næringslivet tilgang til nasjonale program for klyngesamarbeid og innovasjon	2020/39749	
PS 13/20	Retningslinjer for verkemiddelbruk Innovasjon og næringsutvikling	2020/40555	
PS 14/20	Regional kompetansepolitikk - status og vegen vidare	2020/41440	
PS 15/20	Internasjonalt prosjektsamarbeid - prioriteringar og forankring	2020/41438	
PS 16/20	RFF Vestland - budsjetttramme 2020 og forskottering av tilsegn	2020/41800	
PS 17/20	Strategi for vidare utvikling av hurtigladedetilbodet i Vestland fylke	2020/41266	

Godkjenningssaker

GK 5/20 Godkjenning innkalling og sakliste

Saknr: 2020/41027-1
Saksbehandlar: Katarzyna Joanna
Holmegård

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon	6/20	11.03.2020

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon 13.02.2020

Møteprotokoll frå møte 13. februar 2020 er vedlagt.

Møteprotokoll

Utval:	Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon
Møtestad:	Utvalsalen, 2 et, Fylkeshuset - Sandsli, Sandslihaugen 30, Bergen
Dato:	13.02.2020
Tid:	10:00 -13:40

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer	
Tor André Ljosland	Leiar	KfF	
Mark Taylor	Medlem	MDG	
Anne Gine Hestetun	Medlem	A	
Gunhild Berge Stang	Medlem	V	
Marianne Sæhle	Medlem	SV	
Kine Bratli Dale	Medlem	A	
Torbjørn Vereide	Medlem	A	
Terje Søviknes	Medlem	Frp	
Noralv Distad	Medlem	H	
Helge Stormoen	Medlem	Frp	
Karl Vågstøl	Medlem	H	
Aleksander Øren Heen	Medlem	Sp	
Sigrid Brattabø Handegard	Nestleiar	Sp	Gjekk 12:30

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer	
Jana Midelfart Hoff	Medlem	H	
Morten Klementsens	Medlem	FNB	

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representere	
Tore Fossen	Jana Midelfart Hoff	H	
Terje Sletten-Hansen	Morten Klementsens	FNB	
Erlend Haugen Herstad	Sigrid Brattabø Handegard	Sp	Frå 13:10

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling	
Bård Sandal	fylkesdirektør avdeling for innovasjon og næringsutvikling	
Jan Heggheim	fagdirektør ekstern strategisk kontakt	
Endre Høgalmen	seksjonssjef naturressursar, landbruk og reiseliv	
Sølve Dag Sundbø	seksjonssjef grøn vekst, klima og energi	
Kathrin Jakobsen	seksjonsleiar for forskning, kompetanse og internasjonalisering	
Katarzyna Joanna Holmegård	rådgjevar/møtesekretær Politisk sekretariat	
Åse Kittang	rådgjevar/juridisk Politisk sekretariat	

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 3/20	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 4/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon 16.01.2020	2020/733	
	Referatsaker		
RS 6/20	Mandat Næringsforum Vestland	2020/37803	
RS 7/20	Svar på invitasjon til å kommentere Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) sin strategi for 2020-2024	2020/37897	
RS 8/20	Nyval til styret i Euromontana 2020 - 2024	2020/38118	
	Politiske saker		
PS 2/20	Innspel frå Vestland fylkeskommune til jordbruksforhandlingane 2020	2020/1472	
PS 3/20	Høyringsfråsegn - Skattlegging av havbruksverksemd	2020/1607	
PS 4/20	Scenarioprojekt for Vestlandet 2030 - Kollektiv Suksess	2020/653	
PS 5/20	Handlingsplan for landbruk i Vestland 2020	2020/37400	
PS 6/20	Høyringsfråsegn til North Connect - Søknad om ny straumkabel til Storbritannia	2020/35275	
PS 7/20	Oppdragsbrev til Siva 2020	2020/37733	
PS 8/20	Oppdragsbrev til Innovasjon Norge Vestland for 2020	2020/37734	
PS 9/20	Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020	2020/35112	
PS 10/20	Bestilling til Regionalt forskingsfond Vestland 2020	2020/37896	
PS 11/20	Midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket - føringar til Innovasjon Norge	2020/35197	

Godkjenningssaker

GK 3/20 Godkjenning innkalling og sakliste

Saksprotokoll i 13.02.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Vedtak

Møteinnkalling og sakslista vart godkjent utan merknadar.

GK 4/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon 16.01.2020

Saksprotokoll i 13.02.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Namnet på varamedlem for Tor André Ljosland vart feilskrevet i møteprotokollen. Det vart korrigert i offentlege dokument på e-Innsyn og e-Politikar men ikkje i saksdokument til dette møte.

Møteprotokoll frå møtet i hovudutvalet 16.01.2020 vart godkjent med merknaden over.

Referatsaker

RS 6/20 Mandat Næringsforum Vestland

Saksprotokoll i 13.02.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

RS 6/20 vart referert.

RS 7/20 Svar på invitasjon til å kommentere Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) sin strategi for 2020-2024

Saksprotokoll i 13.02.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

RS 7/20 vart referert.

RS 8/20 Nyval til styret i Euromontana 2020 - 2024

Saksprotokoll i 13.02.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

RS 8/20 vart referert.

Skriftlege spørsmål

SI 1/20 Spørsmål frå Hoff -H- vedrørende handlingsplan for landbruk

Saksprotokoll i 13.02.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Fylkesdirektør gav slikt svar:

«Svar på spørsmål 1:

Fylkeskommunen gjev ikkje bedriftsretta støtte direkte til bønder, men gjev tilskot til fellestiltak for å utvikle landbruket, kurs og kompetansehevande tiltak samt forskning. Rammer for bruk av midlane blir fastsett gjennom jordbruksoppgjeret, regionale føringar og den regionale partnerskapen sine prioriteringar som er nedfelt i handlingsplanen. Kommunar, organisasjonar og forskings- og utviklingsorganisasjonar kan søke om desse midlane. Klima og berekraft er ei overordna føring og skal vere styrande ved tildeling av midlar.

Døme på tiltak som har fått støtte i 2019:

- Karbonfangst og andre klimavenlege tiltak for Vestlandsjordbruket (HFK)
- Alternative dreneringsmåtar på myr for betre agronomi og reduserte klimagassutslepp. NIBIO (SFFK)
- Integriert plantevern (IPV) i kjernefrukt (SFJ og Hordaland)

Utover dette kan det søkjast om tilskot innan andre fylkeskommunale ordningar som til dømes handlingsprogram for innovasjon og næring, grøn vekst og klimamidlar. Elles er det fleire bedriftsretta ordningar forvalta av mellom anna Innovasjon Norge og Fylkesmannen som til dømes bedriftsutviklingsmidlar og midlar knytt til Regionalt miljøprogram.

Svar på spørsmål 2:

Finnes det søkbare midler dersom bønder ønsker å legge om til økologisk jordbruk, endre måten man bekjemper skadedyr og sykdommer på i fruktdyrkingen eller andre konkrete tiltak?

Bønder som ynskjer å legge om til økologisk landbruk kan søke Landbruksdirektoratet om tilskot til dette via årleg søknad om produksjonstilskot. Etter omlegging får ein økologisk tilskot i tillegg til dei ordinære tilskota knytt til produksjon. Dei økologiske tilskota skal mellom anna kompensere for meirarbeid og ofte lågare avlingar.

Endra måtar å bekjempe skadedyr og sjukdomar i fruktdyring, må bygge på forskning. Organisasjonar som driv forskning, kan søke om midlar til det mellom anna via fylkeskommunen. Fylkeskommunen bidreg vidare med midlar til kurs og andre kompetansetiltak som formidlar forskingsresultat ut til bøndene.»

Politiske saker

PS 2/20 Innspel frå Vestland fylkeskommune til jordbruksforhandlingane 2020

Forslag til innstilling

1. Små og mellomstore bruk må prioriterast gjennom målretta tilskot knytt til storleik og geografisk plassering.
2. Det må setjast øvre grense per bruk for sentrale tilskot, for å styrke dei mindre bruka.
3. Handlingsrommet for regional forvaltning av investerings- og bedriftsutviklingsmidlane i landbruket må bli større. Rammene for midlane må ta høgde for regionale skilnader i bruksstruktur, topografi og klima.
4. Føretak med pelsdyr har tilbod om investeringsstøtte for omlegging til annan produksjon når dei vert pålagt å avvikle drifta. Den nasjonale tilskotsramma til investeringsstøtte må aukast for å ta høgde for dette.
5. Ved vurdering av lønsemda i investeringsprosjekt må det samla inntektsgrunnlaget leggjast til grunn, også inntekt utanom bruket.
6. For å kunne prioritere fornying av driftsapparat på bruk med 15-30 kyr, må den samla ramma for investeringsstøtte aukast, taket på investeringsstøtta må hevast til 2,5 millionar og maksimal støttesats må hevast til 40%.
7. Gode støtteordningar innan frukt og grønt må vidareførast og maksimumsgrensa for godkjent kostnadsoverslag til arrondermessige betringar som legg til rette for effektivisering og bruk av ny teknologi, må aukast til 30 000 kr per da.
8. For å stimulere til utvikling av tilleggsnæringar knytt til tradisjonelt landbruk, er det viktig å oppretthalde gode støtteordningar i alle delar av prosessen frå ide til realisering.
9. Tilskot til grøfting må aukast og støttenivået må vere som for andre investeringar.
10. Nivået på støtte til gjødsellager med tak, må vere som for andre investeringar. Det må også stimulerast til å bygge oppsamlingsplassar for rundballar.
11. Beiteressursane er viktig å ta vare på gjennom auka stimulering til beiting; på innmark for mjølkekyr og i utmark for sau og geit.
12. Verkemiddel som kan regulere produksjonen i høve til marknaden er viktig både for bonden og for samfunnet sin økonomi.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Tor André Ljosland (KrF) sette på vegner av Ap, Sp, SV, MDG, KrF og V fram slikt forslag:

«(a) Tilleggsforslag til innlendingen

Vestland fylke krev at det vert førd ein nasjonal landbrukspolitikk som legg til rette for auka matproduksjon på eigne ressursar, og auka verdiskaping i Norge. Arbeidsdelinga (kanaliseringspolitikken) i landbruket må styrkjast. Utviklinga må gå i ei retning der det aller meste av foret til dyra, og mest mogeleg av maten me et, er produsert i Norge. Det krev auka fokus på forskning, utvikling og rådgjeving til bonden.

Grasproduksjon og beiteressursane er viktige for matproduksjon i Vestland, men også i eit større klimaperspektiv. Det må difor førast ein nasjonal politikk som prioriterar dette. Auka beitebruk, der også CO2 bindinga må inngå i den nasjonale klimarekneskapen er viktig. Vestland fylke må framleis vere eit beiteprioritert område slik som fastsett i rovviltforliket i Stortinget, og må få auka potten til førebyggjande og konfliktdempande tiltak (FKT-midlar).

Staten må også bidra økonomisk til reduksjon i klimagassutsleppa også frå landbruket, særleg innan transport, og ved å fremja fossilfrie traktorar.

(b)Tillegg til punkt 11

Det typiske vestlandske kulturlandskapet må takast vare på gjennom naturleg bruk; slått, beiting og vedproduksjon. Det må settast av større midlar over jordbruksoppgjæret slik at bøndene kan utføre dette viktige arbeidet for å skape berekraftige og trivelege bygder.

Dette vil også gi arbeidsplassar direkte, men også indirekte når det gjeld reiseliv og turisme.

(c) Tilleggsforslag

13. Auk økologisk produksjon gjennom ei satsing på kompetanseheving.

14. Ordninga med at sone 5 for arealtilskot er splitta opp med ein høgare sats for Vestlandet, er eit viktig grep for å ta vare på kulturlandskap og småskala matproduksjon.»

Avrøysting

Fylkesrådmann sitt forslag punkt 1 til 12 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Ljosland sitt forslag (a) vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Ljosland sitt forslag (b) vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Ljosland sitt forslag (c) vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Vestland fylke krev at det vert førd ein nasjonal landbrukspolitikk som legg til rette for auka matproduksjon på eigne ressursar, og auka verdiskaping i Norge. Arbeidsdelinga (kanaliseringspolitikken) i landbruket må styrkjast. Utviklinga må gå i ei retning der det aller meste av foret til dyra, og mest mogeleg av maten me et, er produsert i Norge. Det krev auka fokus på forskning, utvikling og rådgjeving til bonden.

Grasproduksjon og beiteressursane er viktige for matproduksjon i Vestland, men også i eit større klimaperspektiv. Det må difor førast ein nasjonal politikk som prioriterer dette. Auka beitebruk, der også CO2 bindinga må inngå i den nasjonale klimarekneskapan er viktig. Vestland fylke må framleis vere eit beiteprioritert område slik som fastsett i rovviltforliket i Stortinget, og må få auka potten til førebyggjande og konfliktdepande tiltak (FKT-midlar).

Staten må også bidra økonomisk til reduksjon i klimagassutsleppa også frå landbruket, særleg innan transport, og ved å fremja fossilfrie traktorar.

1. Små og mellomstore bruk må prioriterast gjennom målretta tilskot knytt til storleik og geografisk plassering.
2. Det må setjast øvre grense per bruk for sentrale tilskot, for å styrke dei mindre bruka.
3. Handlingsrommet for regional forvaltning av investerings- og bedriftsutviklingsmidlane i landbruket må bli større. Rammene for midlane må ta høgde for regionale skilnader i bruksstruktur, topografi og klima.
4. Føretak med pelsdyr har tilbod om investeringsstøtte for omlegging til annan produksjon når dei vert pålagt å avvikle drifta. Den nasjonale tilskotsramma til investeringsstøtte må aukast for å ta høgde for dette.
5. Ved vurdering av lønsemda i investeringsprosjekt må det samla inntektsgrunnlaget leggest til grunn, også inntekt utanom bruket.
6. For å kunne prioritere fornying av driftsapparat på bruk med 15-30 kyr, må den samla ramma for investeringsstøtte aukast, taket på investeringsstøtta må hevast til 2,5 millionar og maksimal støttesats må hevast til 40%.
7. Gode støtteordningar innan frukt og grønt må vidareførast og maksimumsgrensa for godkjent kostnadsoverslag til arrondermessige betringar som legg til rette for effektivisering og bruk av ny teknologi, må aukast til 30 000 kr per da.
8. For å stimulere til utvikling av tilleggsnæringar knytt til tradisjonelt landbruk, er det viktig å oppretthalde gode støtteordningar i alle delar av prosessen frå ide til realisering.
9. Tilskot til grøfting må aukast og støttenivået må vere som for andre investeringar.
10. Nivået på støtte til gjødsellager med tak, må vere som for andre investeringar. Det må også stimulerast til å bygge oppsamlingsplassar for rundballar.

11. Beiteressursane er viktig å ta vare på gjennom auka stimulering til beiting; på innmark for mjølkekyr og i utmark for sau og geit. Det typiske vestlandske kulturlandskapet må takast vare på gjennom naturleg bruk; slått, beiting og vedproduksjon. Det må settast av større midlar over jordbruksoppgjeret slik at bøndene kan utføre dette viktige arbeidet for å skape berekraftige og trivelege bygder. Dette vil også gi arbeidsplassar direkte, men også indirekte når det gjeld reiseliv og turisme.
12. Verkemiddel som kan regulere produksjonen i høve til marknaden er viktig både for bonden og for samfunnet sin økonomi.
13. Auk økologisk produksjon gjennom ei satsing på kompetanseheving.
14. Ordninga med at sone 5 for arealtilskot er splitta opp med ein høgare sats for Vestlandet, er eit viktig grep for å ta vare på kulturlandskap og småskala matproduksjon.

PS 3/20 Høyringfråsegn - Skattlegging av havbruksverksemd

Forslag til innstilling

1. Havbruksnæringa er ei av få lønsame næringar som kan gje busetting, arbeidsplassar og inntekter i dei mest distriktsprega områda innan Vestland fylkeskommune. Svekking av marginar i næringa vil bremse initiativ og investeringslyst. Vestland fylkeskommune rår difor frå eit skattleggingsregime som reduserer vilje til satsing på berekraftig havbruksvekst.
2. Fylkesutvalet meiner at det ikkje bør innførast statleg grunnrenteskatt av akvakulturnæringa, då dette kan hindre naudsynte investeringar i innovasjon for auka berekraft.
3. Vestland fylkeskommune ynskjer å stø oppunder ein variert eigarstruktur som gjev rom for både store og små aktørar. Forslaget om skattlegging av havbruksverksnæringa kan verke negativt for dei små verksemdene ved at dei i mindre grad kan flytte kostnader internt i konsern, og dermed får relativt høgare skattetrykk.
4. Fylkesutvalet meiner kommunane må sikrast føreseielege inntekter for å setje av areal til produksjon av matfisk av laks og aure, der målet er å sikre fellesskapet ein rimeleg del av verdiskapinga ved at vertskommunane oppnår stabile inntekter.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Tor André Ljosland (KrF) sette på vegne av Ap, Sp, SV, MDG, KrF og V fram slikt forslag:

«Nytt punkt :

Vestland fylke stør mindretalet si innstilling. Det er svært viktig at kommunane har evne til samarbeid med næringa om innovasjon og gode miljøløysingar. Ei vidareføring/justert modell av Havbruksfondet i kombinasjon med ei lokal arealavgift vil bidra til å sikra dette.»

Mark Taylor (MDG) sette på på vegne av MDG Venleg følgande forslag:

«Alternativ:

Vestland fylkeskommune tilrår innføring av ein todelt grunnrenteskatt som løner omstilling til nullutslepp/lukka anlegg og samtidig sikrar inntekter til vertskommunane. Den første grunnrenteskatten er på oppdrettsanlegg som drifter med tradisjonell open teknologi, etter prinsippet om at forureinar betaler. Inntektene herfrå vil vere ei generell styrking av kommuneøkonomien i heile landet.

For lukka anlegg setjast ein grunnrenteskatt som er lågare. Denne går direkte til vertskommunen, og kan sjåast på som ei «festavgift» for å disponere fellesskapet sitt areal.

Fylkesutvalet føreslår derfor ei forureiningsavgift betalt til staten for kvar kilo produsert laks i opent anlegg, og ein lågare avgift per kilo produsert laks i lukka anlegg som går direkte til kommunen.

Effekten av ein slik modell vil vere at det blir økonomisk fordelaktig for næringa å leggje om til lukka teknologi, og det vil gi kommunane det nødvendige insentivet til å krevje lukka teknologi som føresetnad for etablering i eigen kommune. Berre ved lukka teknologi, vil kommunen få inntekter.

Lokalmiljø, fiskarar og kystnatur vil vere best tent med ei slik miljøbasert skattlegging av oppdrettsnæringa framfor eit system som lønner forureining.

Avrøysting

Mark Taylor sitt forslag fekk 1 røyst (MDG) og fall.

Tor André Ljosland sitt forslag vart samrøystes vedteke innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Vestland fylke stør mindretalet si innstilling. Det er svært viktig at kommunane har evne til samarbeid med næringa om innovasjon og gode miljøløysingar. Ei vidareføring/justert modell av Havbruksfondet i kombinasjon med ei lokal arealavgift vil bidra til å sikra dette
2. Havbruksnæringa er ei av få lønsame næringar som kan gje busetting, arbeidsplassar og inntekter i dei mest distriktsprega områda innan Vestland fylkeskommune. Svekking av marginar i næringa vil bremse initiativ og investeringslyst. Vestland fylkeskommune rår difor frå eit skattleggingsregime som reduserer vilje til satsing på berekraftig havbruksvekst..
3. Fylkesutvalet meiner at det ikkje bør innførast statleg grunnrenteskatt av akvakulturnæringa, då dette kan hindre naudsynte investeringar i innovasjon for auka berekraft.
4. Vestland fylkeskommune ynskjer å stø oppunder ein variert eigarstruktur som gjev rom for både store og små aktørar. Forslaget om skattlegging av havbruksverksnæringa kan verke

negativt for dei små verksemdene ved at dei i mindre grad kan flytte kostnader internt i konsern, og dermed får relativt høgare skattetrykk.

5. Fylkesutvalet meiner kommunane må sikrast føreseielege inntekter for å setje av areal til produksjon av matfisk av laks og aure, der målet er å sikre fellesskapet ein rimeleg del av verdiskapinga ved at vertskommunane oppnår stabile inntekter.

PS 4/20 Scenarioprojekt for Vestlandet 2030 - Kollektiv Suksess

Forslag til innstilling:

1. Fylkesutvalet tek tilrådinga frå Scenarioprojekt for Vestlandet 2030 til vitande.
2. Framtidsbildet *Kollektiv suksess* og målsetjingane presentert i prosjektrapporten dannar retninga for korleis Vestland fylkeskommune vil utvikle reiselivsinnsatsen i dei komande åra.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag var samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet tek tilrådinga frå Scenarioprojekt for Vestlandet 2030 til vitande.
2. Framtidsbildet *Kollektiv suksess* og målsetjingane presentert i prosjektrapporten dannar retninga for korleis Vestland fylkeskommune vil utvikle reiselivsinnsatsen i dei komande åra.

PS 5/20 Handlingsplan for landbruk i Vestland 2020

Forslag til vedtak

1. Handlingsplan for landbruk i Vestland 2020 blir vedteken slik den ligg ved i vedlegg 1, med justeringar i tråd med punkt 2 i denne saka.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre justering etter vedtak. Regional ramme for IBU-midlar blir ført inn i planen, og handlingsplanen vert utforma i tråd med grafisk profil for Vestland fylkeskommune. Mindre tekstlege justeringar utan innverknad på innhaldet kan gjerast.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele 6 700 000 kr. sett av til regionale tilretteleggingstiltak innan landbruket i 2020. Midlane skal lysast ut og tildelast i tråd med handlingsplan for landbruk i Vestland 2020, og forskrifter for ordninga fastsett av Landbruks- og matdepartementet. Tiltaka vert drøfta med partnerskapen i landbruket, og vedtaka blir lagt fram for hovudutvalet til orientering.

4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele 1 960 000 kr. sett av til rekruttering og kompetanseheving i landbruket i 2020. Midlane skal lysast ut og tildelast i tråd med føringar vedtekne i handlingsplan for landbruk i Vestland 2020, og forskrifter for ordninga fastsett av Landbruks- og matdepartementet. Tildelinga vert drøfta med partnerskapen i landbruket, og vedtaka blir lagt fram for hovudutvalet til orientering.
5. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele 2 400 000 kr. avsett til Kompetansenettverk i Vest Norge i tråd med føringar i handlingsplan for landbruk 2020, handlingsplan for kompetansenettverket for 2020 og føringar frå Landbruks- og matdepartementet. Fylkesrådmannen får også fullmakt til å disponere 120 000 kr. som er sett av til administrative midlar knytt til arbeidet med kompetansenettverket. Tilskotsbrev og handlingsplan for kompetansenettverket blir lagt fram for hovudutvalet til orientering.
6. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele 1 380 000 kr. sett av til prosjektmidlar til Kystskogbruket. Midlane skal tildelast i samråd med andre fylke og i tråd med forskift for ordninga. Hovudutvalet får lagt fram orienteringar om ordninga, og om skog og treprodukt som næring.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Karl Vågstøl (H) sette fram slikt forslag

«Endringsforslag til **pkt. 4** i vedtak frå Karl Vågstøl på vegne av H

.....rekruttering og kompetanseheving i landbruket i 2020 **med særleg vekt på bærekraft og miljø**. Midlane skal lysast ut og tildelast i tråd med føringar vedtekne i handlingsplan for landbruk i Vestland 2020 **med særleg vekt på bærekraft og miljø**,

Sigrid Brattebo Handegard (Sp) sette fram slikt forslag:

Nytt punkt 7:

«Utvalet syner til følgjande formulering i planen:

«Sau Hovudutfordringa for sauehaldet er marknad, pris og lønsemd. Marknadssituasjonen gjer at det no ikkje er rom for å auke produksjonen. Dersom Vestland skal greie å oppretthalde sin del av produksjonen framover, er det viktig at fornyinga av driftsbygningane i sauehaldet held fram og at også sauebøndene får ta i bruk ny teknologi. Sidan det ikkje er rom for produksjonsauke, må dette må skje innanfor det produksjonsomfanget som er i Vestland i dag. Den låge saueprisen er ein drivar for sauebønder til å ta hand om eigen marknad, kvar for seg og i lokale samarbeid. Lokal matforedling og sal vil truleg bli spesielt viktig om ein skal demme opp for avgangspotensialet i vestlandsk sauenæring.»

Utvalet meiner dette er ei for lite ambisiøs tilnærming til sauenæringa. I 2001 hadde Vestland 16,5 % av saueproduksjonen, i 2018 knappe 13%. Dette trass i volumauke i produksjonen nasjonalt sett. Utvalet meiner dette syner at kanaliseringspolitikken ikkje har fungert, og at ein har fått ein produksjonsauke på sau i områder med ringare beiteressursar enn det ein finn i Vestland fylke. Skal ein klare å sikre vår andel av produksjonen av sauekjøt må det framleis gjevast stønad til prosjekt som gjer at Vestland kan ta igjen dei marknadsandelane ein har hatt.»

Mark Taylor (MDG) sette fram slikt forslag:

«Tillegg pkt 6:

Utvalet ber fylkesrådmannen samarbeide med andre fylke om at prosjekt med mest karbonlagring blir prioritert.»

Avrøysting

Vågstøl sitt forslag vart samrøystes vedteke

Brattabø Handegard sitt forslag vart samrøystes vedteke

Mark Taylor sitt forslag fekk 13 røyster mot 2 røyster (FrP) og vart vedteke

Fylkesrådmannen sitt forslag med endringar vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Handlingsplan for landbruk i Vestland 2020 blir vedteken slik den ligg ved i vedlegg 1, med justeringar i tråd med punkt 2 i denne saka.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre justering etter vedtak. Regional ramme for IBU-midlar blir ført inn i planen, og handlingsplanen vert utforma i tråd med grafisk profil for Vestland fylkeskommune. Mindre tekstlege justeringar utan innverknad på innhaldet kan gjerast.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele 6 700 000 kr. sett av til regionale tilretteleggingstiltak innan landbruket i 2020. Midlane skal lysast ut og tildelast i tråd med handlingsplan for landbruk i Vestland 2020, og forskrifter for ordninga fastsett av Landbruks- og matdepartementet. Tiltaka vert drøfta med partnerskapen i landbruket, og vedtaka blir lagt fram for hovudutvalet til orientering.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele 1 960 000 kr. sett av til rekruttering og kompetanseheving i landbruket i 2020 med særleg vekt på bærekraft og miljø. Midlane skal lysast ut og tildelast i tråd med føringar vedtekne i handlingsplan for landbruk i Vestland 2020 med særleg vekt på bærekraft og miljø, og forskrifter for ordninga fastsett av Landbruks- og matdepartementet. Tildelinga vert drøfta med partnerskapen i landbruket, og vedtaka blir lagt fram for hovudutvalet til orientering
5. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele 2 400 000 kr. avsett til Kompetansenettverk i Vest Norge i tråd med føringar i handlingsplan for landbruk 2020, handlingsplan for kompetansenettverket for 2020 og føringar frå Landbruks- og matdepartementet. Fylkesrådmannen får også fullmakt til å disponere 120 000 kr. som er sett av til administrative midlar knytt til arbeidet med kompetansenettverket. Tilskotsbrev og handlingsplan for kompetansenettverket blir lagt fram for hovudutvalet til orientering.
6. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele 1 380 000 kr. sett av til prosjektmidlar til Kystskogbruket. Midlane skal tildelast i samråd med andre fylke og i tråd med forskrift for ordninga. Hovudutvalet får lagt fram orienteringar om ordninga, og om skog og treprodukt som næring. Utvalet ber fylkesrådmannen samarbeide med andre fylke om at prosjekt med mest karbonlagring blir prioritert.»
7. Utvalet syner til følgjande formulering i planen:

«Sau Hovudutfordringa for sauehaldet er marknad, pris og lønsemd. Marknadssituasjonen gjer at det no ikkje er rom for å auke produksjonen. Dersom Vestland skal greie å oppretthalde sin del av produksjonen framover, er det viktig at fornyinga av driftsbygningane i sauehaldet held fram og at også sauebøndene får ta i bruk ny teknologi. Sidan det ikkje er rom for produksjonsauke, må dette må skje innanfor det produksjonsomfanget som er i Vestland i dag. Den låge saueprisen er ein drivar for sauebønder til å ta hand om eigen marknad, kvar for seg og i lokale samarbeid. Lokal matforedling og sal vil truleg bli spesielt viktig om ein skal demme opp for avgangspotensialet i vestlandsk sauenæring.»

Utvalet meiner dette er ei for lite ambisiøs tilnærming til sauenæringa. I 2001 hadde Vestland 16,5 % av saueproduksjonen, i 2018 knappe 13%. Dette trass i volumauke i produksjonen nasjonalt sett. Utvalet meiner dette syner at kanaliseringspolitikken ikkje har fungert, og at ein har fått ein produksjonsauke på sau i områder med ringare beiteressursar enn det ein finn i Vestland fylke. Skal ein klare å sikre vår andel av produksjonen av sauekjøt må det framleis gjevast stønad til prosjekt som gjer at Vestland kan ta igjen dei marknadsandelane ein har hatt

PS 6/20 Høyringsfråsegn til North Connect - Søknad om ny straumkabel til Storbritannia

Forslag til innstilling

1. NorthConnect, vil leggja til rette for betydelege kutt i utslepp av klimagassar gjennom at fornybar kraft kan erstatta fossil kraft i Storbritannia, utvide marknaden og auke inntekter for norske kraftprodusentar og skape ein tryggare kraftforsyning. NorthConnect kan utløyse opprusting og nyinvesteringar i fornybar energi i Vestland.
2. At CO₂-kompensasjonsordninga vidareførast også etter 2020 er ein føresetnad for at NorthConnect kan realiserast. Under føresetnad av at kraftkrevjande industriaktørar vert kompensert for auka straumprisar gjennom CO₂-kompensasjon eller andre avgiftsreduksjonar, er Vestland Fylkeskommune for bygging av NorthConnect. Elavgifta for forbrukarar bør settast ned for å kompensere for prisauke på kort og mellom lang sikt.
3. Vestland Fylkeskommune ynskjer Statnett inn på eigarside. Dersom kabelen byggast, må den overførast vederlagsfritt til Statnett etter 25 år, i tråd med anbefalinga frå NVE.
4. Vestland fylkeskommune rår til følgjande vilkår for drift av kabelen til Storbritannia:
 - a. Inntekter frå drift av kabelen må bidra til å styrke det norske sentralnettet.
 - b. Inntektene frå NorthConnect må regulerast slik at det vil være mogleg for jamleg overføring av ekstraordinære inntekter til Statnett, dersom slike inntekter oppstår.
 - c. Verdiskaping i involverte kommunar må prioriterast i prosjektet.
 - d. Det må utviklast naudsynte IKT-løysingar for å sikre god integrering med Statnett sine system. Det må fastsettast vilkår for forsvarleg regulering av kabelen gjennom ein systemdriftsavtale mellom systemdriftsansvarleg på både norsk og britisk side.
5. Vestland Fylkeskommune ber OED vurdere moglegheita for å kople opp havvind til kabelen på norsk sokkel.
6. Slik situasjonen står no er tiltak omsøkt i konsesjonen i konflikt med automatisk freda kulturminne. Før evt. realisering av utbygging i høve til konsesjon i dei aktuelle areala, må tiltakshavar ha løyve/dispensasjon etter kml. § 8.1 for inngrep/frigjeving av det automatisk freda kulturminnet. Det vil bli knytt føresetnad om godkjent konsesjon til ein evt. dispensasjon. Det medfører at arkeologisk frigjevingsutgraving i medhald av § 8.1 i kulturminnelova ikkje kan gjennomførast før North Connect har fått omsøkt konsesjon vedteken.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Sigrd Brattabø Handegard (Sp) sette på vegne av Sp, A, SV, FrP fram slikt forslag:

«1.Vestland fylke rår i frå at det vert gitt konsesjon til North Connect til å byggja straumkabel frå Sima i Hardanger til Skottland.

2.Ein ny utanlandskabel til eit land med høgare kraftprisar vil generelt føre til auka kraftprisar i Noreg. NVE har berekna at i kraftprisane i Noreg vil auke med 1-3 øre per kWh i snitt over North Connects levetid (40 år). Dette vil føra til ein auka kostnad for alle elektrisitetsbrukarar i Norge, - både husstandar, næringsliv og offentleg sektor.

3.Kraftkrevjande industri er særst viktig for mange kommunar og lokalsamfunn. Det er avgjerande at industrien, i eit høgkostland som Norge, ikkje vert påført auka kostnader i form av auke i kraftpris og nettleige slik bygging av denne kabelen vil føra til.

4.Det er mange planar for næringsetablering i Vestland som utløyser eit auka kraftbehov. I tillegg bør vår fornybare ressurs nyttast til å elektrifisere meir av industrien i Norge. Vestland fylke meiner difor det vert feil å eksportera denne ressursen ut av landet.

5.Hardanger er ein viktig friluftsliv- og reiselivsregion. Dette er også eit område som har ytt mykje av sin natur gjennom fleire store vasskraftutbyggingar tidlegare. Eit evt. løyve til å byggje den omsøkte kabelen, vil føra til auka press på utbygging av t.d vindkraft i fjell- og fjordlandskapet i Hardanger. Det er Vestland fylke sterkt imot.»

Mark Taylor(MDG) sette på vegne av MDG fram slikt forslag:

«Tillegg til pkt.1:

Vestland fylkeskommune vil likevel understreke at vi ikkje vil tillate utbygging av kraftverk, herunder småkraftverk, i verna vassdrag. Ei heller ikkje utbygging av vindkraft i urørd natur eller på bekostning av viktige verdiar knytt til natur, landskap, friluftsliv, kulturminner/kulturmiljø og reiseliv, og som er i strid med kommunestyrevedtak.»

Taylor trakk sitt forslag.

Avrøysting

Brattabø Handegard sitt forslag fekk 10 røyster (A, Sp, MDG, SV, Frp, FNB) mot 5 røyster (H, KrF, V) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Vestland fylke rår i frå at det vert gitt konsesjon til North Connect til å byggja straumkabel frå Sima i Hardanger til Skottland.
2. Ein ny utanlandskabel til eit land med høgare kraftprisar vil generelt føre til auka kraftprisar i Noreg. NVE har berekna at i kraftprisane i Noreg vil auke med 1-3 øre per kWh i snitt over North Connects levetid (40 år). Dette vil føra til ein auka kostnad for alle elektrisitetsbrukarar i Norge, - både husstandar, næringsliv og offentleg sektor.
3. Kraftkrevjande industri er særst viktig for mange kommunar og lokalsamfunn. Det er avgjerande at industrien, i eit høgkostland som Norge, ikkje vert påført auka kostnader i form av auke i kraftpris og nettleige slik bygging av denne kabelen vil føra til.
4. Det er mange planar for næringsetablering i Vestland som utløyser eit auka kraftbehov. I tillegg bør vår fornybare ressurs nyttast til å elektrifisere meir av industrien i Norge. Vestland fylke meiner difor det vert feil å eksportera denne ressursen ut av landet.

- Hardanger er ein viktig friluft- og reiselivsregion. Dette er også eit område som har ytt mykje av sin natur gjennom fleire store vasskraftutbyggingar tidlegare. Eit evt. løyve til å byggje den omsøkte kabelen, vil føra til auka press på utbygging av t.d vindkraft i fjell- og fjordlandskapet i Hardanger. Det er Vestland fylke sterkt imot.

PS 7/20 Oppdragsbrev til Siva 2020

Forslag til vedtak:

- Utval for næring, naturressursar og innovasjon vedtek ramma som ligg i oppdragsbrevet frå Vestland fylkeskommune til SIVA for 2020.
- Vestland fylkeskommune overfører totalt kr **23 800 000 til Siva**, Selskapet for industrivekst SF, for 2020. Overføringa vert utbetalt i to omgangar, og vert fordelt på den einsskilde næringshage og inkubator på følgjande måte:

Aktører i programma	2020	2020	Haust
Næringshagen på Voss	850 000		850 000
Gulen og Masfjorden Næringshage	850 000		850 000
Nordhordland Næringshage	700 000		700 000
Næringshagen i Hardanger	700 000		700 000
Sognefjord Næringshage	850 000		850 000
Stryn Næringshage (Nordfjord)	1 250 000		1 250 000
Atheno	1 000 000		1 000 000
Industriutvikling Vest	750 000		750 000
VIS	2 500 000		2 500 000
Kunnskapsparken Sogn og Fjordane	1 500 000		1 500 000
Aksello	750 000		750 000
	11 700 000		11 700 000

- Vestland fylkeskommune vidarefører satsinga på Inunet-nettverket for næringshagane og inkubatorane i heile Vestland fylke. De vert avsett ei årleg ramme på kr 400 000 til eit toårig prosjekt for «Inunet».
- Vestland fylkeskommune forventar at Siva skal bruke sin mangeårige erfaring og kompetanse til å vere ein strategisk partner og støtte for næringshage- og inkubatormiljøa i fylket. Det forventes òg at Siva deltek i den regionale partnerskapen mellom Vestland fylkeskommune, Innovasjon Norge Vestland og Forskningsrådet.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag var samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Utval for næring, naturressursar og innovasjon vedtek ramma som ligg i oppdragsbrevet frå Vestland fylkeskommune til SIVA for 2020.
2. Vestland fylkeskommune overfører totalt kr **23 800 000 til Siva**, Selskapet for industrivekst SF, for 2020. Overføringa vert utbetalt i to omgangar, og vert fordelt på den einkilde næringshage og inkubator på følgjande måte:

Aktørar i programma	2020	2020	Haust
Næringshagen på Voss	850 000		850 000
Gulen og Masjfjorden Næringshage	850 000		850 000
Nordhordland Næringshage	700 000		700 000
Næringshagen i Hardanger	700 000		700 000
Sognefjord Næringshage	850 000		850 000
Stryn Næringshage (Nordfjord)	1 250 000		1 250 000
Atheno	1 000 000		1 000 000
Industriutvikling Vest	750 000		750 000
VIS	2 500 000		2 500 000
Kunnskapsparken Sogn og Fjordane	1 500 000		1 500 000
Aksello	750 000		750 000
	11 700 000		11 700 000

3. Vestland fylkeskommune vidarefører satsinga på Inunet-nettverket for næringshagane og inkubatorane i heile Vestland fylke. De vert avsett ei årleg ramme på kr 400 000 til eit toårig prosjekt for «Inunet».
4. Vestland fylkeskommune forventar at Siva skal bruke sin mangeårige erfaring og kompetanse til å vere ein strategisk partnar og støtte for næringshage- og inkubatormiljøa i fylket. Det forventes òg at Siva deltek i den regionale partnarskapen mellom Vestland fylkeskommune, Innovasjon Norge Vestland og Forskningsrådet.

PS 8/20 Oppdragsbrev til Innovasjon Norge Vestland for 2020

Forslag til vedtak:

1. Utval for næring, naturressursar og innovasjon vedtek ramma som ligg i oppdragsbrevet frå Vestland fylkeskommune til Innovasjon Norge Vestland for 2020.
2. Vestland fylkeskommune innvilgar kr 75 477 000 til Innovasjon Norge Vestland for 2020.
3. Innanfor denne øyremerkta ramma rår utval for næring, naturressursar og innovasjon til følgjande fordeling knytt til KMD sin budsjettpost kap. 553, post 61:

○ Bedriftsnettverk	kr 4 000 000
○ Mentortjenesta	kr 1 500 000
○ Etablerartilskot marknadsavklaring	kr 5 000 000
○ Bedriftsretta låne- og tilskotsordningar i distrikta	kr 64 977 000
4. Det vert sett av inntil 3 mill. kroner til regionale etablerarfond forvalta av Innovasjon Norge Vestland. Midlane til fondet skal delvis finansierast av fylkeskommunale renteinntekter i 2019, og delvis av midlane som er sett av til bedriftsretta låne- og tilskotsordningar til distrikta under kap. 553, post 61 i statsbudsjettet.
5. Beløp knytt til administrasjons- og gjennomføringskostnader er ikkje fastsett i dette oppdragsbrevet. Fylkeskommunen skal ha kvartalsvise rapportar om faktiske kostnader knytt til administrasjon- og gjennomføringskostnader.
6. Vestland fylkeskommune forventar at Innovasjon Norge Vestland skal bruke sin mangeårige erfaring og kompetanse til å vere ein samarbeidspartner, og delta aktivt på dei arenaene som bidreg til å utløyse moglegheiter og møte utfordringane i regionen. Blant anna i den regionale partnarskapen mellom Vestland fylkeskommune, Siva og Forskningsrådet.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Tor André Ljosland (KrF) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt:

Fylkesdirektør får fullmakt til å justere endelig vedtak i tråd med sak 09/20.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 til 3 vart samrøystes vedteke
Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 4 fekk ingen røystar og fall
Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 5 til 6 vart samrøystes vedteke
Ljosland sitt forslag vart samrøystes vedteke

Vedtak

1. Utval for næring, naturressursar og innovasjon vedtek ramma som ligg i oppdragsbrevet frå Vestland fylkeskommune til Innovasjon Norge Vestland for 2020.
2. Vestland fylkeskommune innvilgar kr 75 477 000 til Innovasjon Norge Vestland for 2020.

3. Innanfor denne øymerka ramma rår utval for næring, naturressursar og innovasjon til følgande fordeling knytt til KMD sin budsjettpost kap. 553, post 61:

○ Bedriftsnettverk	kr 4 000 000
○ Mentortenesta	kr 1 500 000
○ Etablerartilskot marknadsavklaring	kr 5 000 000
○ Bedriftsretta låne- og tilskotsordningar i distrikta	kr 64 977 000
4. Beløp knytt til administrasjons- og gjennomføringskostnader er ikkje fastsett i dette oppdragsbrevet. Fylkeskommunen skal ha kvartalsvise rapportar om faktiske kostnader knytt til administrasjon- og gjennomføringskostnader.
5. Vestland fylkeskommune forventar at Innovasjon Norge Vestland skal bruke sin mangeårige erfaring og kompetanse til å vere ein samarbeidspartner, og delta aktivt på dei arenaene som bidreg til å utløyse moglegheiter og møte utfordringane i regionen. Blant anna i den regionale partnerskapen mellom Vestland fylkeskommune, Siva og Forskningsrådet
6. Fylkesdirektør får fullmakt til å justere endelig vedtak i tråd med sak 09/20

PS 9/20 Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon vedtar «Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020».
2. Det vert sett av inntil 3 mill. kroner til regionale etablerarfond forvalta av Innovasjon Noreg. Midlane til fondet skal delvis finansierast av fylkeskommunale renteinntekter i 2019, og delvis av midlane som er sett av til bedriftsretta låne- og tilskotsordningar til distrikta under kap. 553, post 61 i statsbudsjettet.
3. Det er øymerkt fire mill. kroner til kommunale næringsfond. Løyvinga skal gå til dei kommunane i gamle Sogn og Fjordane som tidlegare var omfatta av ordninga og som ikkje er slegne saman med andre kommunar. Fylkesdirektøren utarbeider ei sak om ny modell for tildeling i heile Vestland frå og med 2021.
4. Fylkeskommunen vil i nær dialog med samarbeidspartar innan næringsliv og offentleg sektor starte arbeidet med «smart spesialisering» som metode for regional næringsutvikling i 2020.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Sigrid Brattebo Handegard (Sp) sette fram slikt forslag:

«Endring første. setning i pk 2

Det vert sett av inntil 3 millionar til regionale etablerarfond forvalta i tråd med gjeldande praksis i 2020»

Mark Taylor (MDG) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

til «Grøn konkurransekraft og klimainnovasjon»,

tilføy «reparasjon» til kulepunkt «• Legge til rette for sirkulærøkonomi ved gjenbruk, sirkulasjon av ressursar og materialgjenvinning.» slik at det lyder:

Legge til rette for sirkulærøkonomi ved gjenbruk, reparasjon, sirkulasjon av ressursar og materialgjenvinning»

Tillegg til avsnittet «Mineralressursar» i handlingsprogrammet (side 17-18):

Med si deltaking i mineralrådet vil Fylkeskommunen jobbe for at mineralnæringa ikkje fører til forverring av miljøtilstanden i vassførekomstar eller fører til ei negativ utvikling for andre næringar som fiskeri, akvakultur og reiseliv»

Avrøysting

Brattebo Handegard sitt forslag vart samrøystes vedteke

Mark Taylor sitt forslag vart vedteke med 13 røyster mot 2 røyster (FrP)

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke

Vedtak

1. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon vedtar «Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020».
2. Det vert sett av inntil 3 mill. kroner til regionale etablerarfond forvalta i tråd med gjeldande praksis i 2020. Midlane til fondet skal delvis finansierast av fylkeskommunale renteinntekter i 2019, og delvis av midlane som er sett av til bedriftsretta låne- og tilskotsordningar til distrikta under kap. 553, post 61 i statsbudsjettet.
3. Det er øyremærkt fire mill. kroner til kommunale næringsfond. Løyvinga skal gå til dei kommunane i gamle Sogn og Fjordane som tidlegare var omfatta av ordninga og som ikkje er slegne saman med andre kommunar. Fylkesdirektøren utarbeider ei sak om ny modell for tildeling i heile Vestland frå og med 2021.
4. Fylkeskommunen vil i nær dialog med samarbeidspartar innan næringsliv og offentleg sektor starte arbeidet med «smart spesialisering» som metode for regional næringsutvikling i 2020.

PS 10/20 Bestilling til Regionalt forskingsfond Vestland 2020

Forslag til vedtak

1. Styret for Regionalt forskingsfond Vestland skal arbeide etter dei føringar som kjem fram i saksframlegget.

2. RFF Vestland skal med utgangspunkt i sentrale utfordringar og prioriterte innsatsområde for Vestlandet mobilisere til og finansiere forskning innan desse tema:

- Ny teknologi og nye prosessar som bidrar i eit grønt skifte
- Berekraftig matproduksjon, bioøkonomi og sirkulær økonomi
- Kommunal tenesteproduksjon og samfunnsutvikling
- Drivkrefter for utvikling og innovasjon i Vestland fylke.

3. RFF Vestland skal som hovudsak lyse ut midlar med bedrifter og kommunar som målgruppe, men kan knytt til spesielle satsingar eller tema opne opp for at forskings- og utdanningsinstitusjonar kan stå som prosjektansvarleg søkjar.

4. Fondsstyret er ansvarleg for at RFF Vestland bidreg til å nå Kunnskapsdepartementet sine føremål med ordninga og at fondet vert retta inn mot dei regionale føringane i fylkeskommunen si bestilling.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Tor André Ljosland (KrF) sette på vegne av Ap, Sp, SV, Mdg, KrF og V fram slikt forslag:

«(a) Tillegg til pkt 2 :

Kulepunkt 1 blir endra til: Ny teknologi og prosessar som medverkar til klimaomstilling og til eit grønt skifte.

Nytt kulepunkt: Reiseliv som styrkar lokalsamfunna og gir lågt klimaavtrykk.

(b) Pkt 3 blir endra til:

RFF Vestland skal som hovudsak lyse ut midlar med bedrifter og kommunar som målgruppe, men kan også, jfr pkt c i forskrifta om RFF, opne opp for at forskings- og utdanningsinstitusjonar kan stå som prosjektansvarleg søkjar.»

Avrøysting

Ljosland sitt forslag endring pkt 1 vart samrøystes vedteke

Ljosland sitt forslag (a)- vart samrøystes vedteke

Ljosland sitt forslag (b) vart samrøystes vedteke

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke

Vedtak

1. Styret for Regionalt forskingsfond Vestland skal arbeide etter dei føringar som kjem fram i saksframlegget.
2. RFF Vestland skal med utgangspunkt i sentrale utfordringar og prioriterte innsatsområde for Vestlandet mobilisere til og finansiere forskning innan desse tema:
 - Ny teknologi og prosessar som medverkar til klimaomstilling og til eit grønt skifte
 - Berekraftig matproduksjon, bioøkonomi og sirkulær økonomi
 - Kommunal tenesteproduksjon og samfunnsutvikling
 - Drivkrefter for utvikling og innovasjon i Vestland fylke.
 - Reiseliv som styrkar lokalsamfunna og gir lågt klimaavtrykk.
3. RFF Vestland skal som hovudsak lyse ut midlar med bedrifter og kommunar som målgruppe, men kan også, jfr pkt c i forskrifta om RFF, opne opp for at forskings- og utdanningsinstitusjonar kan stå som prosjektansvarleg søker.
4. Fondsstyret er ansvarleg for at RFF Vestland bidreg til å nå Kunnskapsdepartementet sine føremål med ordninga og at fondet vert retta inn mot dei regionale føringane i fylkeskommunen si bestilling.

PS 11/20 Midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket - føringar til Innovasjon Norge

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune gjev føringar for bruken av midlar til investering og bedriftsutvikling innan landbruket i 2020 slik det går fram av denne saka og framlegg til oppdragsbrev.
2. Fylkesdirektøren får fullmakt til å rekne om prosentsatsane til kronesummar, når den regionale IBU-ramma for Vestland er fastsett av Landbruks- og matdepartementet.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Mark Taylor sette på vegne av MDG fram slikt forslag

«Endring pkt.1:

1. Vestland fylkeskommune gjev føringar for bruken av midlar til investering og bedriftsutvikling innan landbruket i 2020 slik det går fram av denne saka og framlegg til oppdragsbrev med denne endringa til den prosentvise fordelinga av dei regionale midlane:
Prosenten for grønt sektoren vert auka med 5% henta frå mjølkeproduksjon.»

Avrøysting

Forslaget til M. Taylor fekk 1 røyst (MDG) og fall
Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune gjev føringar for bruken av midlar til investering og bedriftsutvikling innan landbruket i 2020 slik det går fram av denne saka og framlegg til oppdragsbrev.
2. Fylkesdirektøren får fullmakt til å rekne om prosentsatsane til kronesummar, når den regionale IBU-ramma for Vestland er fastsett av Landbruks- og matdepartementet.

Referatsaker

RS 9/20 Årsrapport 2019 frå Innovasjon Norge til Vestland fylkeskommune



ÅRSRAPPORT 2019 FRÅ INNOVASJON NORGE TIL VESTLAND FYLKESKOMMUNE

- IN Vestland har i 2019 styrka aktivitetane retta mot internasjonale vekstbedrifter
- Vi har hatt fokus på utvikling i alle delar av Vestland, noko som framleis må prioriterast høgt
- Vi har hatt ei aukande satsing på miljøteknologi og berekraftige løysingar og dobla tilskota til slike bedrifter
- Den høge aktiviteten retta mot gründerar har halde fram med minst 400 individuelle møte i tillegg til finansiering og nettverksbygging
- Ei ny klynge, NOSCA Clean Oceans, er oppstarta og stadfester Vestland sin frå før leiande posisjon innan næringsklynger
- Vi vil karakterisere samarbeidet med fylkeskommunen som svært godt. Dette som skaper synergieffektar både for bedrifter og næringsmiljø i Vestland

1. Samla oversikt over Innovasjon Norge sin aktivitet i Vestland

a) Innovasjon Norge og Fylkeskommunane sin målsettingar

Målsettinga i oppdragsbreva frå dei to fylkeskommunane er at Innovasjon Norge skal bidra til:

- Fleire gode gründerar
- Fleire vekstkraftige bedrifter
- Fleire innovative næringsmiljø

Dette er i samsvar med Innovasjon Norge sine eigne mål.

Målgruppa for midlane frå fylkeskommunane er små og mellomstore bedrifter og entreprenørar i verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte.

I Hordaland har fylkeskommunen i tillegg lagt følgjande føringar i oppdragsbrevet:

- Fokus på fornybarsatsing, grønn konkurransekraft/partnerskap og klimarettatiltak
- Fokus på omstilling og nyskaping
- Midlane kan nyttas til omstilling i alle kommunane, ikkje berre i distriktskommunane
- Den årlege satsinga på entreprenørskap på kr 900 000 inngår som ein del av tilskotet på kr 23 440 000. Fylkeskommunen ynskjer at denne satsinga skal halde fram og at Innovasjon Norge skal vera det sentrale og operative organet for ei fortsatt styrking av entreprenørskapsarbeidet i fylket.
- Det er eit mål at 40% av midlane skal gå til bedrifter med kvinneleg eigar eller leiar.

I Sogn og Fjordane har fylkeskommunen i tillegg lagt følgjande føringar i oppdragsbrevet:

- Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane skal vera førande for Innovasjon Norge Sogn og Fjordane sine aktivitetar og prioriteringar i 2019.
- Vi skal også gjera særlege regionale tilpassingar i forhold til reiseliv, energi, sjømatnæringane, kommuneretta næringsutvikling, kulturnæringar, geografi og kvinner.

Innovasjon Norge Hordaland og Sogn og Fjordane har arbeidd godt saman med fylkeskommunane for å bidra til auka verdiskaping i heile fylket. Midlane vert brukt til innovative prosjekt, internasjonalisering, nettverksbygging og kompetanseheving. Vi kan syne til gode resultat som fører til fleire arbeidsplassar og betre økonomiske resultat.

b) Midlar frå Innovasjon Norge til næringslivet i Vestland dei siste tre åra

Tabellen nedanfor syner samla lån og tilskot frå Innovasjon Norge til næringslivet i Vestland i perioden 2017-2019. Midlane frå fylkeskommunane inngår i denne oversikten.

Verkemiddel (mill kr)	2017	2018	2019
Tilskot	415,3	434,2	440,4
Lån/garanti	878,8	661,9	543,4
SUM	1 294,2	1 096,1	983,8

Både søknadsinngangen og samla løyving har vore noko lågare i 2019 samanlikna med føregåande år. Heile nedgangen skuldast færre lån til fiskeflåten. Når det gjeld tilskot, så er det ein svak auke.

2. Oppfølging av oppdraget frå fylkeskommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane

a) Rammer og forbruk av finansielle verkemidlar, 2019:

Disponible rammer for regionale utviklingsmidlar 2019. Kap 551.60, 61 og 62 (sum i mnok):

	Hordaland			Sogn og Fjordane		
	2017	2018	2019	2017	2018	2019
Tildelt ramme	23,6	23,4	23,4	40,0	27,6	27,6
Overføring og annullering	12,7	11,4	7,2	6,9	7,4	5,5
Sum til disposisjon	37,8	34,8	30,6	46,9	35,0	33,1

Ramme: Kap 551.60, 61 og 62 (sum i mnok)

Begge fylka brukte heile den tildelte ramma for 2019 til tilskot og tapsfond, og i tillegg delar av dei overførte og annullerte midlane.

Sum løyving av regionale utviklingsmidlar, fordelt på ordning. Kap 551.60, 61 og 62 (sum i mnok):

Verkemiddel	Hordaland			Sogn og Fjordane		
	2017	2018	2019	2017	2018	2019
Risikolån	22,5	2,5	1,8	44,5	31,9	49,8
Distriktsutviklingstilskot	23,3	25,7	20,8	26,3	23,2	23,4
Garanti for lån	2,2	0,8	0	2,5	0	0,3
Etablerartilskot	5,2	1,8	1,3	5,9	5,8	1,8
Kompensasjon for auka arbeidsg.avgift (post 61)	0	0	0	1,1	0,1	1,7
SUM	53,5	30,7	23,8	80,3	61,0	77,0

Løyvingane i Hordaland var litt lågare enn tidlegare år, særleg gjeld dette risikolån. For Sogn og Fjordane er tendensen motsett, der det var det ein kraftig auke (57 %) i låneløyvingar.

Løyving til kvinner, Vestland, regionale utviklingsmidlar (i MNOK),

År	Lån og garanti	Tilskot	Sum
2017	0	12,8	12,8
2018	2,5	16,2	18,7
2019	5,0	20,9	25,8

44% av tilskota er kvinnerretta. Dette er ein god auke frå tidlegare år.

b) Fordelt på satsingar – Vestland (i MNOK)

Fylkeskommunalt oppdrag, midlar pr satsingsområde, 2019 (mnok)

Satsing	Lån og garanti	Tilskot	Sum
Energi og miljø	0	4,8	4,8
Helse	1,8	5,7	7,5
Landbruk	12,2	10,1	22,3
Marin	28,6	9,0	37,6
Maritim	0	0,1	0,1
Olje/gass	1,5	3,2	4,7
Reiseliv	1,0	8,7	9,7
Anna	6,8	7,4	14,2
Sum Vestland	51,9	49,0	101,0

Matproduksjon innan marin næring og landbruk var dei desidert største bransjane, med 40% av tilskota og 60% av låna. Mykje av desse midlane er knytt opp til miljø og klima, men og til effektivisering. I høve til tidlegare år har det vore ein nedgang i løyvingar til reiseliv.

c) Fordelt på regionar – Vestland

Fylkeskommunalt oppdrag, midlar pr region 2019 (mnok)

Region	Lån	Tilskot	Sum
Sogn og Fjordane	0	0,6	0,6
Nordfjord	3,7	9,8	13,5
Sunnfjord	20,0	4,4	24,4
Sogn	26,4	12,2	38,5
Sum Sogn og Fjordane	50,1	26,9	77,0
Hordaland	0	1,1	1,1
Sunnhordland	0	3,7	3,7
Bergen	0	0	0
Hardanger	0	11,5	11,5
Voss	1,8	4,1	5,9
Osterfjorden	0	0	0
Nordhordaland	0	0,8	0,8
Bjørnefjorden	0	0,7	0,7
Vest	0	0	0
Sum Hordaland	1,8	22,1	24,0
Sum Vestland	51,9	49,0	101,0

I Hordaland har Hardanger fått omlag halvparten av midlane. Dette er omlag som dei to føregåande åra. Det har òg vore ein del gode prosjekt frå Voss og Sunnhordland. Dei andre regionane har få distriktskommunar, og har dermed fått lite midlar.

I Sogn og Fjordane er det bedrifter i Sogn som har fått mest støtte. Når det gjeld kommunane, så er det Vågsøy, Askvoll og Lærdal som har fått mest.

Hordaland - Særlege fylkeskommunale oppdrag og satsingar

Fleire gode gründerar

Innovasjon Norge har på oppdrag frå Hordaland Fylkeskommune hatt ei særleg koordinerande rolle innan entreprenørskapssatsinga i Hordaland. Vi opplever at satsinga på dette feltet framleis utviklar seg positivt, og vi har eit svært godt samarbeid med både gründermiljø, næringshagar, offentlege næringsutviklarar, bankar og investormiljø. Vi vil spesielt dra fram samarbeidet med lokale aktørar, inkludert 1. linjetenesta i fylket.

Vi arrangerte i alt 12 «Fra ide til marked»-seminar i Hordaland med til saman over 200 deltakarar. Det vart gjennomført ca. 250 «lynsamtalar» med deltakarane for å gje råd og rettleiing knytt til vidare utvikling av deira idè og eventuell søknad til Innovasjon Norge. Mange av desse seminara vart arrangert rundt i fylket, i nært samarbeid med lokale aktørar.

Selskap som har gjennomført marknadsavklaringsfasen vert invitert til «Monday pitch», der kunden gjev ei oppdatering av status i prosjektet og utviklinga i selskapet, samtidig som vi diskuterer vidare løp og finansiering frå Innovasjon Norge. Vi gjennomførte omlag 100 slike møte i 2019.

I 2019 fekk 29 gründerar tilbod om ein håndplukka mentor som medfører 30 timar med gratis rådgjeving. Vi finansierte også 19 «Springbrett» i samarbeid med Connect Vest-Norge, som skal gjera gründerane betre rusta til å hente inn investorkapital i tidleg fase. Dessutan rekrutterte vi 8 gründererselskap til å delta på våre internasjonale akselerator-programmer i Silicon Valley, New York og London.

Vi hadde ei god utvikling i «Innovasjonsuken OPP», med rekordhøg aktivitet og over 85 registrerte arrangement på 50 ulike lokasjonar. Av desse vart 15 arrangement gjennomført rundt omkring på Vestlandet, med Kapitaldagen i Førde som eit av høgdepunkta.

Startup Extreme vart arrangert for 5. gong, og denne gongen fullt og heilt på Voss under Ekstremспортveko med heile 755 deltakarar. Mellom anna deltok meir enn 310 gründerar, 158 investorar og 16 ulike nasjonale og internasjonale media-aktørar. Vi haldt og fram det gode samarbeidet i «Inunet» i 2019, og utvida nettverket til å inkludere inkubatorar og næringshagar i Sogn og Fjordane.

Vi hadde også i 2019 god aktivitet i «LivOGLyst»-programmet. Den tradisjonelle «Kom-an»-konferansen vart hausten 2019 erstatta av ein ny, felles konferanse på Voss som kick-off for næringsutvikling i nye Vestland fylke, arrangert av Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar.

Fleire vekstkraftige bedrifter

I 2019 har vi også hatt fokus på å motivera og førebu bedrifter på internasjonal satsing. Over 200 relevante personar har delteke på våre populære «GoGlobal»-arrangement. Dette er raske og informative frukostmøte om konkrete utsikter for forretning i eit spesielt land. For dei selskapa som har eit tydeleg ynskje om, og har ressursar til vekst, tilbyr vi kurset «Internasjonaliserings-workshop». Kurset er eit opplegg over to dagar, der bedriftene etter avslutta kurs har ei skisse til plan for si satsing i utlandet og har møtt fleire av Innovasjon Norge sine rådgjevarar på utekontora. I 2019 var 30 unike selskap med på «Internasjonaliserings-workshop».

Vi har som vanleg rekruttert selskap frå fylket til våre internasjonale vekstinkubatorar i Silicon Valley og London, og til vårt vekstprogram i New York. Desse får vi svært gode tilbakemeldingar på. Til dømes uttaler Egil Mundal (dagleg leiar i Rocketfarm i Sogndal som deltok i 2019) at dette var det beste programmet han nokon gong hadde vore med på.

Vi har og starta eit program for å auke vår eigen kompetanse på kapitalinnhenting i bedriftene sine ulike fasar. Dette er kunnskap som vi ser at kundane våre ofte treng og som vi bør kunne meir om.

Vi har saman med 80 bedrifter i Vestland arbeidd aktivt med våre utekontor for å hjelpe med internasjonalisering og eksport. Europa er viktigaste marknad, med Tyskland som den største. Vi har ambisjonar om å ytterlegare styrke denne innsatsen i 2020

EU-rådgjevartenesta til Innovasjon Norge har som mål å gje råd og støtte til bedrifter som er aktuelle for støtte frå «Horizon 2020». Gjennom KD har Innovasjon Norge og fått tildelt midlar slik at dei fleste klyngene no har fått eigen EU-rådgjevar, og dermed har kunna arbeidd endå breiare i «Horizon 2020». Dette har resultert i fleire innvilga prosjekt. T.d. har NCE Maritime Clean Tech fått 100 MNOK til brenselcelle og NCE Media 17 MNOK til kunstig intelligens.

Eit mål er å aktivere flest mogeleg relevante kompetansmiljø inn mot «Horizon 2020». EU-rådgjevar har difor vore aktiv i Hordaland Fylkeskommune sitt FoU-forum, Horizon Vest, Horizon 2020 Helpdesk og EU-rådgjevarenettverket, der samarbeid med UH-sektoren har vore viktig. Fokus har likevel vore på 1:1 rådgjeving mot bedriftene. I 2019 søkte åtte bedrifter støtte gjennom European Innovation Council og for første gong kom ei bedrift i Hordaland igjennom nålauga i «SME instrumentet fase 2» (no EIC Accelerator). Det var Kitemill som fekk tildelt 24 MNOK til «Europeisk høgdevindkraftprosjekt».

I Hordaland har vi hatt to omstillingsprosjekt under arbeid i 2019:

«SNU 3.0 Bærekraftig vekst og omstilling», der IN i 2019 fekk løyvd kr 2 370 000 frå fylkeskommunen til berekraftig omstilling og vekst i bedrifter, primært innan havnæringane. Innovasjon Norge vil gjennom heile prosjektet samarbeide med andre aktørar som Connect, VIS, klyngene og næringshagane. Prosjektet blir avslutta i Q4 2021.

«SNU digitalt», der vi har prøvd ut «digitaliseringsmentor» med 10 timar og sett at dette er for få timar til å gje nok utbyte. Vi vil difor vidareføre arbeidet med mentor for digitalisering i SNU 3.0.

Fleire innovative næringsmiljø

IN har revidert klyngeprogrammet gjennom 2019, og utlysinga i haust gjaldt opptak til det som no heiter Arena og Arena Pro. Programma varer 3/5 år, og det kan ikkje gjevast driftsstøtte frå programmet etter til saman 8 år. NCE er fjerna som eige nivå i programma.

Hausten 2019 leverte vi til departementet eit framlegg om eit nytt program for såkalla modne klynger. Føremålet med dette er å kapitalisere på dei beste klyngene etter at dei har gått ut av klyngeprogrammet, ved å tilby kompetanse og finansiering til definerte prosjekt der klynga er ein naturleg prosjekteigar. Vi ventar ei tilbagemelding på dette i fyrste halvår 2020.

Innovasjon Norge har i 2019 lansert ein lærings- og utviklingsplattform som er eit kompetansetilbod til både nye og modne klynger og i tillegg til nye nettverksinitiativ i ein tidleg fase (modul 1). Tilbakemeldinga er at beslutningstakarane opplevde at klynger som hadde gjennomført modul 1 før dei søkte klyngeprogrammet, var betre kvalifisert enn andre. Kompetansetilbodet er også teke svært godt imot hjå nettverka og vi har alt etterspørsel frå fleire nettverk i 2020.

Hordaland har markert seg når det gjeld tal næringsklynger, og vi opplever at dei mange klyngene her stimulerer til stadig nye initiativ. I 2019 har vi hatt sju aktive klynger i Hordaland: GCE Ocean Technology, NCE Tourism, NCE Seafood Innovation, NCE Media, NCE Maritime CleanTech, NCE Finance Innovation og NOSCA Clean Oceans. Sistnemnte vart teke opp i klyngeprogrammet i november 2019, etter å ha gjennomført kompetansetilbodet for tidlegfasenettverk. Ytterlegare to nettverk søkte om opptak til klyngeprogrammet; PropTech Innovation og Norwegian Game Tech Arena, men desse nådde ikkje opp i den nasjonale konkurransen om Arena-status. Vi ventar at begge desse vil søkja på nytt i 2020. NCE Tourism gjekk ut av klyngeprogrammet hausten 2019 etter 10 år som NCE, og det har ikkje vore grunnlag for vidare drift av klynga etter dette.

Vi opplever samarbeidet med Fylkeskommunen som godt, og ser frem til vidare tett koordinering knytt til nye initiativ og søknader om opptak i klyngeprogrammet.

Energi og maritim

Vestland er langt framme internasjonalt i utvikling av nye energiløysingar for maritim sektor, og mykje av satsinga på energi er knytt til maritim sektor.

Innovasjon Norge Vestland har i 2019 medverka til å realisera forskning og utvikling av utsleppsfrie framdriftssystem for skip og båtar. Vi vil nemne medverknad til finansiering av ein ny batterifabrikk (Corvus Energy AS) i Bergen, utvikling av leveransekjede for produksjon av grøn flytande hydrogen for snøggbåtar, ferjer, lasteskip og cruiseskip (Pilot-E prosjekt med BKK AS i spissen for 8 samarbeidspartnarar), og utvikling av brenselceller med utsleppsfri ammoniak som energiberar (Clean Ammonia Power-prosjektet v/Prototech AS og Wärtsilä AS).

Klynga NCE Maritime Clean Tech, har saman med eit konsortium på 13 nasjonale og internasjonale bedrifter fått tilskot frå EU til å oppskalera og ta i bruk brenselcellene som skal utviklast i Clean Ammonia Power-prosjektet.

I nærskipfartsflåten er det aukande fokus på grønne løysingar. Dette skuldast m.a. nye strenge IMO-krav, der transportsektoren skal redusera sine utslepp med 40 % iht. nivået i dag. Lastebåteigarane har og eit auka fokus på å få ned CO₂-avtrykket på sine varer i heile verdikjeda. Fleire reiarar har difor kontrahert nye og meir miljøvenlege skip. Skipa skal ha meir energieffektive skrog og det skal installerast både batteriløysingar, landstraum og elektrisk gravemaskin.

Interessa for finansiell medverknad frå Innovasjon Norge har vore god, med ein liten nedgang i 2. halvår 2019, og er no på veg oppover att. Vi forventar god aktivitet i 2020 innanfor dette segmentet. IN Vestland har saman med Norges Forskningsråd og Enova løyvd pengar til BKK AS og partnarar til utvikling av utslippfrie byggje- og anleggsplassar (Pilot E prosjekt). Vi har gitt støtte til mobiliseringsaktivitetar og byggjeprojekt innanfor biogass og bioenergi.

Marin

Marin sektor er stor i Hordaland og Innovasjon Norge har mange kundar og eit stort låneengasjement. Arbeidet har vore retta mot meir berekraftig fiskeri og havbruk, og teknologi som løyser miljø- og helseutfordringar i havbruksnæringane. Vi har mellom anna støtta prosjekt for utvikling av verdikjeda for fiskeslam, utvikling av produsentnettverk, hausteteknologi og prosessteknologi av tare. Det er også gitt støtte til utvikling av rådgjerder mot lakselus basert på lyd og prosjekt som kan føre til lengre haldbarheit av fisken og dermed meir transport med båt i staden for fly.

Innan tradisjonelt fiske har vi støtta prosjekt som omhandlar fangstteknologi innan linefiske og eit bedriftsnettverk for utnytting av mesopelagiske fiskeressursar. Innovasjon Norge bidreg i stor grad med lån til fiskeflåten, både til små kystfartøy og til havfiskefartøy. Hordaland hadde ein auke i porteføljen i 2019, og IN Vestland står for over 1/3 av fiskeflåtefinansieringa i Innovasjon Norge.

Reiseliv

Merket for Berekraftig Reiseliv er starta opp på Voss, i Sunnhordland og i Bergen. Vi er nøgde med at vi har fått en stor del av dei tilgjengelege prosjektmidlane, og at det er så mange prosjekt i vår region. Vi er med i styringsgruppa for prosjektet på Voss.

Kompetanse: Vi har finansiert fleire reiselivskurs frå vår kursportefølgje, både som følge av satsinga på Berekraftig Reisemål, gjennom NCE Tourism Fjord Norway og i samarbeid med reiselivslag. Accel Explore (eit accelleratorprogram for opplevingsbedrifter) vart gjennomført på Voss, og vi starta rekrutteringa til «Global Growth Scandinavian Tourism» med fokus på berekraft og opplevingsturisme. Programmet vert gjennomført i 2020.

Grüne Woche (IGW): I 2019 har vi delteke i planlegging, oppstartmøte, handsama søknad frå Fylkesmannen, og støtta bedriftene frå heile Fjord Norge i samband med messa i januar 2020. Vi har samarbeidd med IN sine utekontor om oppfølging av turoperatørar innan møte/-arrangement, ifm anbud på Bergensbanen, "Masterchef"-TV-program i Bergen og med eit sjøaure-prosjekt (saman med Agder-kontoret). Vi bidrog med informasjon om reiselivs-bedriftsnettverka og kontakt til enkeltbedrifter for B2C, B2B og media/influencers for eit nærmarknadsprosjekt. Her var det og eit samarbeid med destinasjonsselskapa. Vi har òg delfinansiert 6 nye prosjekt innan gardsturisme

Landbruk

Dei to hovudfokusområda i 2019 var omlegging frå båsdrift til lausdrift i mjølkeproduksjonen og auke av fruktproduksjonen. Vi har auka arbeidet for gode klimaløysingar, mellom anna innan bioenergi, biogass og bruk av meir tre i byggenæringane.

Av andre mobiliserande tiltak kan nemnast ulike informasjonsmøte for husdyrbønder og fruktdyrkarar, kurs for landbrukskontora i kommunane, mobilisering av vekstbedrifter innan matforedling informasjon til unge bønder og mentorpar, møte med landbruksplanleggjarane, deltaking på Grune Woche og på ulike møter i «LivOgLyst»-programmet.

Vi har hatt tett og eit godt samarbeid med den utvida landbrukspartnerskapen i Hordaland, og i tillegg særleg med kommunane, Storfeprojektet i Vestland, Tine, Nortura, Norsk landbruksrådgiving og fruktlagera.

For ytterlegare informasjon syner vi til landbruksdelen i årsmeldinga nedanfor.



Sider frå Hardanger - Alde

Media og kulturbasert næringsliv

Media City Bergen har gjennom klyngeprosjektet NCE Media hatt stor aktivitet i 2019 og markerer seg og bransjen både nasjonalt og internasjonalt. Det er no ca. 100 medlemmer i klynga. Bedriftene har god utvikling og det skjer stadig innovasjonar. Fleire av desse har fått støtte frå IN til innovasjon, vekst og internasjonalisering. Klynga har i samarbeid med utdanningsinstitusjonane etablert fleire nye utdanningsprogram. Det er etablert eit kognitivt senter i Medielaben og dei har fått EU støtte til eit europeisk samarbeidsprosjekt innan AI (kunstig intelligens). UiB har inne ein søknad til NFR om å få SFI (Senter for forskningsdrevet innovasjon). Dette er det store forventningar til, noko som vil kunna styrkja samarbeidet mellom forskning og bedriftene ytterlegare.

IN har på oppdrag av kulturdepartementet eit eige program for kulturell og kreativ næring. Her vart det hausten 2019 starta opp eit internasjonaliseringsprogram for musikk – «musikk ut i verden». Det var stor interesse for programmet og ein av åtte deltakarar kjem frå Bergen. Det er gitt midlar til eit klynge-forprosjekt til musikkbransjen, men her vart det konkludert med at det ikkje er grunnlag for å gå vidare. Det vart og løyvd støtte til eit forprosjekt bedriftsnettverk innan mote/design, der 6 bedrifter deltek førebels. Spelbransjen har vore aktive og samla seg for å få etablert ei klynge.

c) Sogn og Fjordane - særlege fylkeskommunale oppdrag og satsingar

Fleire gode gründerar

Vi har gjennomført seminaret «Frå Ide til marknad» til saman 5 gonger i 2019, på Sandane, Florø, Sogndal, Stryn og Førde. Møta blir haldne i samarbeid med lokal førstelinjeteneste. Omlag 80 deltakarar var med på arrangementa. Dette er på same nivå som i 2018 og dei fleste av desse var gründerar. «Frå ide til Marknad» er Innovasjon Norge sitt tilbod til tidleg-fase-gründerar. I tillegg til god informasjon til etablerarar, ser vi at dette tiltaket er viktig for eit godt samspel med lokal førstelinjeteneste og inkubatorane.

Gründerfinansieringa var på same nivå som i 2018. Til saman vart det innvilga 6,7 MNOK i etablerartilskot i 2019 og 2,7 MNOK i oppstartslån. På kompetansesida vart det gjennomført 4 Springbrett og løyvd 3 tilskot til bruk av Mentor.

Fleire vekstkraftige bedrifter

Kunnskapsintensiv sektor er prioritert, då desse bedriftene vert vurdert som ekstra viktige for fylket som bidragsytar inn mot anna næringsliv. Dei representerer også viktige arbeidsplassar for ungdom og for tilflyttarar og tilbakeflyttarar. Det er mykje spennande som skjer i fylket i denne sektoren og vi kan trekkje fram desse miljøa/bedriftene som har fått støtte i 2019; Haptic AS, Dimeq AS, Eduplaytion AS, Paneda AS, Rocketfarm AS, Pocket ID AS og Lytt AS. Det har vore ei god auke i tilskotsløyvingar til kunnskapsintensive tenesteytande bedrifter.

For å få til auka bruk av FoU i næringslivet har det vore arbeid med å få til ei tettare kopling og samhandling mellom verkemiddelapparatet, forskingsmiljøa og næringslivet. Av prosjekt Innovasjon Norge har vore involvert i 2019, vil vi trekkje fram følgjande:

- «Hub for Ocean»; klynge-satsing for å byggje opp ei verdikjede for hydrogensatsing
- FoU-aktiviteten i bedriftsnettverka Akvahub med Bulandet Miljøfisk og marint forskingsmiljø i Bergen
- Outdoorhealth Network, der Vestlandsforskning og Høgskulen bidreg aktivt
- Industri 4.0 prosjektet der bedriftene jobbar tett på skule, universitet og forskingsmiljø; mellom anna Sintef og NTNU

- Måløy Marine Ressurssenter fekk utviklingsmidlar til forskingsstiftelse etablert i samarbeid mellom bedrifter, NMBU og Måløy Vidaregåande skule.

IN Vestland arrangerte også i 2019 kapitaldag i Førde for bedrifter frå fylket med kapitalbehov ift å realisere ynskt vekst. Vi samarbeidde med NHO, Aksello, Sogn og Fjordane Næringsråd og Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane – i år som i fjor - for å få størst mogeleg tyngde i mobilisering og gjennomføring av arrangementet. Fokuset var regionale kapitalmiljø, og korleis ekstern kompetent kapital kan vera motor for vekst og utvikling. Ulike investormiljø fortalde kva dei ser etter/vektlegg, og investorklare bedrifter fekk presentere seg for investormiljøa i etterkant. Påmeldinga til arrangementet var også i år god, omlag 80 deltakarar og desse representerte ei god breidde av næringslivet i fylket.

Fleire innovative næringsmiljø

Innovasjon Norge prøver å stimulera til meir nettverkssamarbeid gjennom bedriftsnettverksverkemidlane og fylkeskommunale distriktsmidlane. Det var 10 aktive bedriftsnettverk med ca. 100 deltakarar i Sogn og Fjordane i 2019, men ingen nye vart sett i gang. Over halvparten av nettverka er relatert til reiseliv. Resten fordeler seg på næringane havbruk, digital trykk, prosessindustri og rådgjeving innan grønne og energieffektive løysingar. I tillegg er det nye kompetansetilbodet for tidlegfasenettverk (modul1) teke i bruk for 3 nettverk i 2019.

Arenaklynga Ocean Hyway Cluster vart teke opp i klyngeprogrammet i 2018 som den første klynga frå Sogn og Fjordane. Den er teke opp i Arena-programmet for 3 år, og kan deretter søkje Arena Pro-status, dersom at dei har forventa utvikling. Vi vil følgje dei tett i åra framover.

Reiseliv:

I 2019 har IN Vestland prioritert fylgjande tiltak i Sogn og Fjordane:

- Bygg bedrift – eit program med mål om at små reiselivsaktørar skal kunne byggja opp ei lønsam bedrift. 12 aktørar fullførte programmet
- Konferansen Fjordane frå bre til hav - i samarbeid med fylkeskommunen med tema «Suksessfaktorar for heilårsturisme». Det var 130 deltakarar som gav gode tilbakemeldingar.
- Samling for aktørar i reiselivsnettverk. Tema var FoU i reiselivet og opplevingsturisme. I Sogn og Fjordane er det pr i dag 7 aktive bedriftsnettverk.

Andre sentrale aktivitetar og prosessar var IN-kurs for reiselivet (3), Masterplan Sognefjord, Forskningsprogram for reiseliv og revitalisering av Selja Kloster. I tillegg så følgjer vi arbeidet med cruisestrategi og scenaristudiet for Vestlandet.

Energi

Bruk av miljøteknologiordninga har auka kraftig i 2019 og mange av prosjekta er energiretta. Tibber AS fekk mellom anna innvilga 13,5 MNOK til utvikling av digital plattform for etablering av kommersiell teneste som skal tilby forbrukarflexibilitet i energimarknaden. Evoy AS har i 2019 mottatt to rundar med tilskot frå Miljøteknologi-ordninga til utvikling av batteridrivne framdriftssystem for utsleppsfrie, hurtiggåande småbåtar. Norsun AS i Årdal har også fått miljøstøtte til vidareutvikling av produksjonen i Årdal.

Arena-klynga Ocean Hyway Cluster har gjennomført første driftsår og fått innvilga støtte til år 2. Klynga femner om bedrifter som er kopla opp mot hydrogenbruk i dei havbaserte næringane. Føremålet med satsinga er å arbeide for at Norge vert leiande i verda på bruk av hydrogen som energiberar.



Norsun AS, Produksjon av solceller i Årdal

Frå Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi i landbruket er det løyvd støtte til eit forprosjekt for varmesalsanlegg, og ein forstudie for etablering av biogassanlegg på gardsnivå. Det er ytt støtte til mobiliseringsaktivitetar innanfor bioenergi. Prosjektet er ei samfinansiering mellom fylkeskommunen og Innovasjon Norge, der det er sett av midlar til informasjonsmøte og oppfølging av inntil 12 gardsbruk med gjennomføring av forstudie.

Sjømatnæringane

Med bakgrunn i gode lakseprisar og utfordringar med å oppnå volumauke i sjø, har planar for oppdrett på land og oppdrett i lukka anlegg i sjø, auka dei siste åra. Problem med lakselus og sjukdom i opne anlegg gjer at det i næringa har vore stabilt svinn i storleik 30 prosent (dødelegheit og destruksjon) under smoltproduksjon og 14-20 prosent dødelegheit i sjø, i løpet av dei siste 10 åra. Produksjonskostnadene har auka dramatisk og er no på eit historisk høgt nivå, samt at tildelingar av konsesjonar i sjø er svært avgrensa.

Innovasjon Norge er involvert i fleire utviklingsprosjekt som har som mål å gjere det mogeleg å drive oppdrett i meir kontrollerte former i lukka system, anten på land eller lukka i sjø/til havs. Eit av desse prosjekta er Bulandet Miljøfisk AS sitt pilotprosjekt lokalisert på Bulandet i Askvoll kommune. Dette prosjektet fekk ei samla finansieringsramme frå Innovasjon Norge på 43 MNOK i 2019.

Med bakgrunn i dei mange initiativa som no er på berekraftsutfordringane innan akvakultur, har Innovasjon Norge i 2019 vidareført finansiering av bedriftsnettverksprosjektet gjennom selskapet Akvahu i Hyllestad. Dette er eit nettverk med betydeleg kompetanse innan akvakultur, som til dømes fiskehelse, teknologi, marin biologi mm og med kopling til det marine kompetansemiljøet i Bergen. Innovasjon Norge opplever at det kjem opp mange, både parallelle og ulike initiativ, og at det er behov for ei sterk koordinering. Mange enkeltaktørar har gode prosjektidear, men manglar tilstrekkeleg kunnskap og kapital til å realisere. Sterkare koordinering og samarbeid på tvers skal bidra til sterkare gjennomføringskraft, både med omsyn til kapital og kompetanse.

Innovasjon Norge har også delteke med finansiering i oppstart av Stiftelsen Måløy Marine Ressurscenter. Målet er innan september 2020 å ha designa og testa ut forretningsmodellar og tenestedesign for leveransar innan studentprosjekt, forskingsprosjekt og minimum to planlagde FoU infrastrukturar. Måløy Marine Ressurscenter er eit samarbeid mellom bedrifter i Måløy-regionen, NMBU og Måløy Vidaregåande skule.

I 2019 har det vore sær s låg etterspurnad etter flåtelån, men lønsemda innan flåten har vore god med høge prisar på råstoffet og gode fangstinntekter til reiarlaga. Stortingsmelding om nytt kvotesystem for fiskeria vart lagt fram i 2019. Meldinga har skapt noko usikkerheit kring rammetilhøva for næringa og investeringar kan ha blitt utsett til meldinga er handsama politisk. Kvoteprisane ser ut til å ha stabilisert seg i løpet av 2019 og IN forventar auka etterspurnad etter flåtelån inn i 2020.

Kommuneretta næringsutvikling

IN er rådgjevar for førstelinjetenesta i kommunane når det gjeld handtering av kommunale næringsfond. Vi har også bidratt i samband med opplæring for kommunane når det gjeld sakshandsaming av næringsfondssaker.

Lærdal kommune har avslutta det 6-årige omstillingsprogrammet i starten av 2019. Det er gjennomført sluttevaluering programmet. Programmet nådde ikkje sine mål om demografisk utvikling og nye arbeidsplassar. På den andre sida har næringslivet si evne til utvikling styrkja seg ved at mange bedrifter har gjennomført interne utviklingsprosjekt og delteke i kompetanseprosjekt.

Regional omstilling er langsiktig satsing og resultatata kjem ofte etter mange år. Eit prosjekt som det har vore arbeidd lenge med i omstillingsperioden er Lærdal Grønt AS sine planar om eit felles mottaksanlegg for frukt, bær og grønsaker på Håbakken, sjå kap 3 h. No er dette finansiert og kjem til å bli realisert.

Kulturnæring

Etter at Innovasjon Norge sitt kompetanseprogram «Bygg bedrift for kultur- og kreative næringar» i Sogn og Fjordane vart avslutta i 2018, har nokre av desse bedriftene i ettertid innleia eit visst samarbeid. Det var derimot ein svært tung prosess med å få rekruttert deltakarar til dette programmet. Grunnlaget for å få etablert eit eige bedriftsnettverk innanfor denne bransjen synest vera svakt, då dei fleste av desse bedriftene er svært små og har for liten fokus på næring og det manglar difor aktørar som kan ta leiarskap i eit eige bedriftsnettverk. IN har difor heller oppfordra bedrifter innanfor kulturnæringane til å delta i eksisterande bedriftsnettverk innanfor reiseliv her i fylket.

d) Døme på bedrifter som har fått støtte

Rocketfarm AS – robotisering



Rocketfarm AS utviklar software for robotar som skal effektivisere industrien. Teknologien har fått god respons internasjonalt. Selskapet har jobba med robotikk sidan 2012, og har heile tida hatt fokus på å forenkle prosessen og redusere risikoen ved å ta i bruk robotteknologi i industribedrifter. Softwarekomponentane vert selt til systemintegratørar, som brukar desse i ei totalløysing til industrikundar.

Rocketfarm har spesialisert seg på å utvikle software for samarbeidande robotar, som heiter cobots på fagspråket. Dette er robotar som kan samhandle med menneske, og robotar som menneske trygt kan jobbe i nærleiken av.

Rocketfarm har nytta seg av fleire av IN sine tenester som mellom anna kompetanseprogram for oppstartsbedrifter i New York. I 2019 fekk dei eit distriktsretta risikolån på 5 MNOK for å ta sats internasjonalt.

Sykkelturisme Myrkdalen

Myrkdalen Sport og Skiutleie har bygd seg opp som nytt senter for utleige av sykklar og sykkelutstyr og satsar vidare. Innovasjon Norge har difor gitt tilskot til ei auka sykkelsatsing i Myrkdalen. Tilskotet vil medføre ei total investering på 10 MNOK. Det vil bli utvikla og bygd ulike sykkeltilbod/anlegg som «pumptrack» og «Skill Course» som både er eit tilbod i seg sjølv, men også for kundar som vil førebu seg på vanskelegare stisykling. Anlegget er m.a. brukt til å arrangera sykkelfestival for barn og tilbod innan teknikkurs, landevegssykling, terrengsykling og elsykkel. Myrkdalen Hotel har med dette fått auka trafikkgrunnlag og har opna afterski-restauranten også om sommaren. I tillegg er det etablert ein ny kafe midt på torget som får heilårsdrift. Tilskotet vil medverka til etablering av minst 6 heilårs arbeidsplassar, og er ein del av Voss si satsing på å posisjonera seg som «sykkelbygd».



3. Oppfølging av Landbruksoppdraget

a) Kort om IBU-midlane og fylkesvise føringar

I oppdragsbrev frå Landbruks- og matdepartementet datert 29.01.2019 fekk Innovasjon Norge i Vestland tildelt samla 82,7 MNOK til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU-midlar). I brev av 12.08.19 prioriterte Fylkesmannen i Vestland fordeling av midlane til ulike produksjonar og regionar, sjå tabell b) nedanfor. Fylkesmannen la til grunn at dei nasjonale føringane skal følgjast, men prioriterte frukt- og grøntnæringa og omlegging til lausdrift på bruk med 15-30 kyr. Lønnsinntekt skal vurderast i samband med gjennomføringsevne og totaløkonomi til søkjaren.

b) Resultatmål, IBU-midlar

Resultat i høve til Fylkesmannen sine budsjettmål:

Produksjon	Hordaland		Sogn og Fjordane	
	Budsjett	Løyving	Budsjett	Løyving
Mjølkeproduksjon	18,0	24,0	26,0	25,5
Andre husdyr	5,5	10,1	10,0	8,0
Frukt og bær	6,0	7,3	5,0	5,0
Gjødsellager	1,0	0	2,0	0
Nye næringar	5,0	2,8	4,0	4,5
Sum	35,5	44,2	47,0	43,0

I Hordaland vart det brukt over 20% meir tilskot enn planlagt, i hovudsak overførte og annullerte midlar frå året før. Auken var størst innan mjølkeproduksjon og ammekyr, medan det vart brukt lite midlar til nye næringar. I Sogn og Fjordane var måloppnåinga fordelt på produksjonar svært god, men det vart brukt litt mindre midlar enn planlagt.

c) Saker og løyvingar pr produksjon, IBU-midlar

	Sogn og Fjordane			Hordaland		
	Tal saker	Tal daa	mnok	Tal saker	Tal daa	mnok
Mjølkeku	19		25,5	18		24,0
Omlegging til lausdrift	8		19,7	9		17,7
Mindre prosjekt	4		4,2	8		5,9
Generasjonskifte	3		1,6	1		0,5
Andre husdyr	9		8,0	12		10,1
Ammeku, storfekjøtt	6		5,1	9		8,3
Geit	1		0,2	2		1,4
Svin	1		2,0	0		0,0
Egg	1		0,7	0		0,0
Generasjonskifte	1		0,2	1		0,3
Gjødsellager	0		0,0	0		0,0
Frukt og bær	14	118,2	5,0	37	282,4	7,3
Eple	10	97	2,6	27	208,6	5,1
Plomme	2	6,7	0,1	6	49,8	1,0
Pære	1	5	0,1	1	3,8	0,3
Moreller				3	20,2	0,9
Aprikos	1	2,7	0,1			
Bringebær	1	6,8	0,1			
Andre tiltak	1		2,0			
Nye næringer	14		4,6	23		2,8
Sum	56		43,0	90		44,2

IN fekk inn relativt få saker som gjaldt omlegging til lausdrift i 1. og 2. tertial. Årsaka var truleg uro knytt til utfasing av Jarlsberg-osten og dermed reduserte mjølkekvotar, men òg knytt til innføring av eit nytt tilskot til trebygningar frå 2020. På slutten av året tok søknadsinngangen seg opp att. Eit resultat på 17 ombygde mjølkefjøs er litt for lite på lengre sikt. Vi hadde relativt mange saker som gjaldt ammeku.

Grunna overproduksjon av sauekjøtt vart det praktisk talt ikkje gitt støtte til sauefjøs i 2019. I fruktnæringa er det optimisme knytt til framtida og vi fekk inn mange søknader, særleg frå Hordaland. Det vart nytta betydeleg midlar til nybygg/ombygging av lager og pakkeri i Lærdal og på Utne.

d) Tilskot og tal saker, fordelt på støtteordningar, IBU-midlar

Hordaland (1000kr)	2017		2018		2019	
	Tal	Sum	Tal	Sum	Tal	Sum
Inv. tilskot, tradisjonelt landbruk	58	33134	73	42 958	67	41 441
Etablerarstipend	11	900	7	580	15	1 607
Bedriftsutvikling	2	170	2	91	5	451
Investeringsstilskot til nye næringar	11	4 880	5	2 960	3	700
Sum fylkesvise IBU-midlar	82	39 084	87	46 589	90	44 199

Sogn og Fjordane (1000kr)	2017		2018		2019	
	Tal	Sum	Tal	Sum	Tal	Sum
Inv. tilskot, tradisjonelt landbruk	72	52 738	82	58 308	42	38 491
Etablerarstipend	9	1 958	6	1 300	6	600
Bedriftsutvikling	8	1 547	6	950	5	962
Investeringsstilskot til nye næringar	3	700	3	1 550	6	3 000
Sum fylkesvise IBU-midlar	92	55 943	97	62 108	59	43 053

I Hordaland låg samla løyvingar omlag på same nivå som dei to siste åra. I Sogn og Fjordane gjekk løyvingane og tal saker noko attende, men dette må sjåast på bakgrunn av heilt uvanleg høge tal i 2018.

IN gav relativt mange tilsegn om tilskot til nye næringar i 2019. I Hordaland vart støtte stort sett gitt i form av etablerartilskot og totalsummen vart difor låg. I Sogn og Fjordane var det litt større investeringar og det vart dermed løyvd noko meir tilskot.

e) Tilskot pr. kommune, IBU-midlar

Hordaland	Tilskot	Sogn og Fjordane	Tilskot
1201 Bergen	331	1400 Sogn og Fj.	0
1211 Etne	2 120	1401 Flora	0
1219 Bømlo	410	1411 Gulen	3 760
1221 Stord	0	1412 Solund	600
1222 Fitjar	2 090	1413 Hyllestad	0
1223 Tysnes	0	1416 Høyanger	0
1224 Kvinnherad	7 495	1417 Vik	100
1227 Jondal	2 596	1418 Balestrand	275
1228 Odda	0	1419 Leikanger	394
1231 Ullensvang	7 271	1420 Sogndal	366
1232 Eidfjord	0	1421 Aurland	430
1233 Ulvik	599	1422 Lærdal	2 052
1234 Granvin	60	1424 Årdal	0
1235 Voss	5 562	1426 Luster	6 016
1238 Kvam	1 500	1428 Askvoll	167
1241 Fusa	1 505	1429 Fjaler	2 070
1242 Samnanger	0	1430 Gaular	42
1243 Os	0	1431 Jølster	160
1244 Austevoll	0	1432 Førde	6 600
1245 Sund	0	1433 Naustdal	750
1246 Fjell	0	1438 Bremanger	0
1247 Askøy	70	1439 Vågsøy	0
1251 Vaksdal	1 500	1441 Selje	3 600
1252 Modalen	2 000	1443 Eid	530
1253 Osterøy	3 750	1444 Hornindal	3 525
1256 Meland	0	1445 Gloppen	4 423
1259 Øygarden	0	1449 Stryn	7 193
1260 Radøy	4 400		
1263 Lindås	540		
1264 Austrheim	0		
1265 Fedje	0		
1266 Masfjorden	400		
Sum	44 199	Sum	43 053

Bønder i 39 av dei 58 kommunane i Vestland fekk støtte frå IBU-midlane. Det er stor skilnad mellom kommunane. Dei 7 kommunane Kvinnherad, Ullensvang, Stryn, Førde, Luster, Voss og Gloppen, fekk tilsaman over halvparten av samla tilskot. Interesse for investeringar er klart høgst i dei midtre og indre områda i regionen.

f) Kvinneretta saker

40% av sakene vart karakterisert som kvinneretta, dvs. at kvinner er medeigar, har meir enn 30% av styremedlemene eller leiinga i verksemda, eller at prosjektet er særleg retta mot å styrkja sysselsettinga for kvinner. Det var ingen særleg forskjell mellom dei to fylka på dette punktet. Dei kvinneretta sakene er i snitt litt mindre enn dei andre.

g) Utviklingsprogramma og lån

I tillegg til IBU-midlane vart det gjeve tilskot og lån til landbruket frå andre verkemiddel i Innovasjon Norge:

	Hordaland	Sogn og Fjordane
Utviklingsprogrammet for landbruksbasert vekst	3,4	2,4
Verdiskapingsprogram for fornybar energi	0,7	0,1
Lågriskolån til landbruket	27,2	4,0

Det vart òg nytta midlar til landbruk frå bioøkonomiordninga og frå distriktsverkemidlane til landbruksbedrifter, sjå under tabell 4a).

h) Døme på saker som har fått støtte frå Innovasjon Norge

VFG Eigedom, regionalt frukt- og grønnpakkeri i Lærdal



Innovasjon Norge løyvde 6,0 MNOK i tilskot og 18,0 MNOK i lån til den nye satsinga med å etablere felles regionalt frukt- og grønnpakkeri i Håbakken i Lærdal. På dette prosjektet vart det nytta IBU-midlar, distriktsretta risikolån og tilskot og landsdekkande lågriskolån.

Sogn og Nordfjord har gjennom systematisk utviklingsarbeid og satsingar utvikla seg til å bli største region i landet innanfor frukt- og bærproduksjon målt i verdiskaping. Lærdal Grønt, Innvik Fruktlager og Sognefrukt arbeider no for å etablere felles organisering og pakkeri for ei rekkje produkt, mellom anna eple, plomme, pære, bringebær, jordbær, moreller, aprikos, potet og ei rekkje grønnsaker. Totalt omfattar desse pakkeria over 200 produsentar.

Utviklinga i marknad og produksjon set press på næringa for vidare omstilling og meir samarbeid. Marknaden for frukt og grønt er i stor vekst, og dette er venta å fortsetje framover. Det nye store løftet med å etablere fellespakkeri i Håbakken skal sikre mottaks- og leveringskapasitet, kvalitet og samtidig også evne og kapasitet til utviklingsarbeid.

Lars Ingvald Folkedal, Granvin



Folkedal har på få år bygd opp ein vanleg vestlandsgard til ei allsidig verksemd som sysselset omlag 6 årsverk. Han slaktar og foredlar 25 tonn kjøtt i året og har eigen gardsbutikk. Han er òg i ferd med å bygge ein ny driftsbygning for 30 mjølkekyr, sjølv sagt i grindverk.

Folkedal har sett opp eige sagbruk som skjer tømmer av spesielt store dimensjonar. Her produserer han materialar til bygging av grindverksbygningar, ein teknikk med vekt på kortreist tømmer og lågt klimautslepp. Fleire hus på garden vert varma opp med bioenergi frå eigen skog. Folkedal fekk bygdeutviklingsprisen i Hordaland i 2019.

4. Oppfølging av andre oppdrag

a) Bruk av finansielle verkemidler (I MNOK)

Budsjettpost	Virkemiddel	2017	2018	2019
NFD 2421.90 Lavrisikolån	Marknadslån	727,4	473,8	376,0
NFD 2421.50 Innovasjon prosjekter	Etablerartilskot	20,3	15,8	10,5
NFD 2421.50 Innovasjon prosjekter	Tilskot	12,7	19,9	3,5
NFD 2421.50 Innovasjon prosjekter	Innovasjonslån	83,7	153,0	115,9
NFD 2421.50 Innovasjon prosjekter	Garanti	0,8	1,5	0,0
NFD 2421.71 Innovative næringsmiljøer	Tilskot	16,5	17,6	16,3
NFD 2421.72 Innovasjonskontrakter	IFU	19,8	25,3	28,5
NFD 2421.72 Innovasjonskontrakter	OFU	16,3	22,2	15,3
NFD 2421.72 Innovasjonskontrakter	Innovasjonspartnerskap	0,0	16,0	0,0
NFD 2421.74 Reiseliv, profilering og kompetanse	Tilskot	3,4	4,0	2,8
NFD 2421.76 Miljøteknologi	Tilskot	110,4	100,3	193,6
NFD 2421.77 Tilskudd til pre-så Kornfond	Lån	4,0	8,0	0,0
NFD 2421.78 Adm. støtte for distriktsrettede såkornfond	Tilskot	1,1	1,1	1,1
KMD 550.70 Bedriftsrettede programmer i distriktene	Tilskot	0,2	0,5	0,6
KMD 551.60 Tilskudd til fylkeskommuner for regional utvikling	Tilskot	0,0	5,0	1,2
KMD 552.72 Nasjonale tiltak for regional utvikling	Tilskot	1,8	0,2	0,0
KMD 553.65 Omstillingsprogrammer ved akutte endringer i arbeidsmarkedet	Tilskot	0,0	0,2	0,0
KMD 553.74 Nasjonale tiltak for klynger og innovasjonsmiljøer	Tilskot	21,7	21,8	17,9
LMD 1150.50 Bioenergiprogrammet	Tilskot	5,9	0,0	0,0
LMD 1150.50 Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi i landbruket	Tilskot	0,0	5,6	1,8
LMD 1150.50 Utviklingsprogrammet for landbruks- og reindriftbasert vekst og verdiskaping	Tilskot	7,9	6,3	5,8
KD 285.53 EU-stimuleringsmidler	Tilskot	2,2	1,2	4,2
KLD 1422.70 Miljøvennlig skipsfart	Tilskot	8,8	0,4	0,0
KUD 325.71 Kulturell og kreativ næring	Tilskot	0,0	0,3	1,1
UD 118.70 Prosjektsamarbeid med Russland	Tilskot	0,2	0,0	0,0
UD 169.70 Visjon 2030	Tilskot	0,7	0,5	0,0
Diverse tilskudd	Tilskot	0,1	0,4	0,5
Sum		1 065,7	900,7	796,5

Det har vore låg etterspørsel etter lån i 2019, spesielt lån til fiskeflåte. Meldinga om nytt kvotesystem har skapt noko uvisse kring rammetilhøva for næringa og investeringar kan ha blitt utsett av den grunn.

For tilskotsverkemidlane er situasjonen annleis. Her har det vore ein auke. Det er tilskot til miljøteknologi som utmerkar seg med ein auka på heile 93%. Det vart løyvd 193 MNOK til bedrifter i Vestland. Dette utgjer ein tredjedel av forbruket for heile landet. Dette syner at bedriftene i Vestland er orientert mot miljøprosjekt.

b) Døme på saker som Innovasjon Norge har gitt støtte til:

Fyrste nullutslepp-offshorefartøy i verda



Skipet Viking Energy er 95 meter langt, bygd i 2003 og vert i dag drive med LNG. Det skal no byggjast om til brenselcelledrift med ammoniakk som drivstoff. Dette er første gong ei ammoniakkdrive brenselcelle blir installert på eit fartøy. Målet er å vise at ein stor brenselcelle kan levere all nødvendig elektrisk kraft på ein trygg og effektiv måte, ikkje minst på lengre seglingar.

Bak prosjektet står reiarlaget Eidesvik Shipping, NCE Maritime CleanTech og i alt 14 selskap og institusjonar. Prosjektet vil koste 230 MNOK, der 100 MNOK kjem frå EU. Det har og fått 18,5 MNOK i utviklingsstøtte frå Innovasjon Norge si miljøteknologiordning til tidleg utvikling av brenselcella. Prosjektet syner at Norge kan verta leiande i verda på utsleppsfri havbasert transport.

Bulandet miljøfisk AS – Nytt oppdrettskonsept



Målet med pilotprosjektet er å bygge og teste ut eit eigenutvikla nytt landbasert oppdrettskonsept. I pilotprosjektet skal det utførast omfattande forskings- og utviklingsarbeid for å dokumentera miljøeffekten av Bulandet-modellen. I tillegg til å sjå på effekten på lakselus, skal dei mellom anna teste ut semi-intensiv resirkulering av sjø utan bruk av biofilter, og trening av postsmolt for å gjere den meir robust, særleg mot dei aukande problema med CMS (hjartesprikk) og andre hjartelidingar.

Bulandet Miljøfisk sitt pilotanlegg er ein oppdrettsmodell basert på norske kystnære fortrinn. Prosjektet vert gjennomført i samarbeid med Akvahu AS (Hyllestad), Norce / Universitetet i Bergen, Aquaculture Innovation/Norsk Havbrukssenter (Brønnøysund), samt Landøy Fiskeoppdrett (Værlandet).

Bedrifta fekk 20 MNOK i tilskot frå miljøteknologiordninga, 20 MNOK i distriktsretta risikolån og 3 MNOK i distriktsretta investeringstilskot.

5. Resultatvurderingar

Både MCT-klynga og mange bedrifter gjer ein stor innsats for å gjere maritim næring meir berekraftig. Innovasjon Norge har bidrege inn i fleire ulike prosjekt knytt til nye og grøne maritime framdriftssystem. Vi har bidrege med finansiering til Corvus AS sin batterifabrikk, og vi har også bidrege inn i prosjekt som testar ut hydrogen og ammoniakk som alternative, grøne maritime energikjelder. Det tidlegare omtalte EU-tilskotet, viser at region Vestland er leiande i denne utviklinga, og at dette er prosjekt som kan føre den globale næringa inn ei langt meir berekraftig utvikling.

Vi ser at reiselivet også har eit aukande fokus på berekraft, og Innovasjon Norge har ein viktig rolle i dei ulike destinasjonane sitt systematiske arbeid for auka berekraft i næringa. Voss Gondol sin opning passar godt inn i denne satsinga, med sin sterke tilknytning til ein miljøvenleg jernbane.

Som omtalt ovanfor har interessa for risikolån minka i 2019, både i distrikt og i meir sentrale strøk. Dette er ei utvikling vi også ser på nasjonalt nivå, utan at vi kan gje noko eintydig svar på kvifor dette


skjer. Vi meiner likevel at noko av grunnen er at næringslivet går bra, og at bankane strekkjer seg lengre for å imøtekoma bedriftene sitt finansieringsbehov.

I tillegg har Innovasjon Norge innført ei ny finansieringsordning som vi kallar Vekstgaranti. Denne ordninga er retta inn mot bedrifter som planlegg vekst. Ordninga vert gitt direkte av bankane, med ein delvis kausjon frå Innovasjon Norge. Denne ordninga kan dels konkurrera med Innovasjon Norge sine risikolån, og vi ser at bankar i vår region hadde eit samla utlån på nær 70 MNOK under denne ordninga i 2019. Dette kan ha medført ein noko lågare etterspurnad etter risikolån.

Vi arrangerer regelmessig «Frå ide til Marknad» i samarbeid med lokale inkubatorar og næringshagar. Vi ser at nokre av desse har hatt mindre deltaking gjennom 2019. Dette gjeld heile regionen og kan ha samband med at næringslivet går bra, og at motivasjonen for å starte eiga bedrift dermed er mindre.

Effektmålinga frå SØA (tidlegare SSB).

Innovasjon Norge har dei siste åra berekna indikatorar for effekt av støtte for enkeltkundar ved å samanlikne utviklinga hjå kundane med utviklinga i liknande bedrifter som ikkje har fått støtte frå Innovasjon Norge. Samanlikningsgrunnlaget, eller kontrollgruppa for IN-kundane, vert valt ved å finna bedrifter som liknar så mykje som mogeleg på kundane når det gjeld storleik, alder, næring og om kunden ligg i distriktspolitisk område eller ikkje. For ein god del IN-kundar er det ikkje mogeleg å finna bedrifter som er like nok. Desse blir dermed ikkje med i analysen.



Berekningane er basert på rekneskapstal for bedriftene frå 2003 til 2018. Analysane viser at IN-kundar i gjennomsnitt har høgare vekst enn kontrollgruppa i treårsperiodane etter motteke støtte. Forskjellen mellom IN-kundar og kontrollgruppa er særleg stor for utviklinga i salsinntekter, der IN-kundar i snitt har ein årleg vekst på 6-13 prosentpoeng meir enn kontrollgruppa. IN-kundane har også ein årleg meirvekst i sysselsettinga (tal årsverk) på 2-4 prosentpoeng.

Den positive samanhengen mellom Innovasjon Norge sin innsats og bedriftene sin utvikling er ein indikasjon på at det har positiv effekt å få støtte frå Innovasjon Norge. Det kan ikkje nødvendigvis tolkast som ein kausal samanheng. Vi kan ikkje sjå bort frå at det er faktorar som ikkje er teke omsyn til som også påverkar den økonomiske utviklinga. Ikkje desto mindre er Innovasjon Norge tilfreds med at våre kundar gjennomgåande gjer det betre enn kontrollgruppa.

Saknr:	2020/41559-1
Saksbehandler	Lasse Kolbjørn Anke Hansen
Dato:	21.02.2020

Til: Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Frå: Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling

Orientering om etableringa av ein database for næringsdata på Vestlandet

Oppsummering

Til neste møte i Vestlandsrådet har fylkesrådmannen lagt fram ei sak med forslag til korleis fylkeskommunane på Vestlandet i eigen regi kan etablere ein database med nøkkeltal for heile næringslivet i landsdelen.

Kostnaden for etablering er estimert til kr 200 000,- og årlege driftskostnadar er venta å vere på om lag kr 100 000, der om lag halvparten av kostnadene er eigeninnsats. Kostnadene skal fordelast på deltakande fylke. Avdeling for innovasjon og næring i Vestland fylkeskommune vil vere prosjektleiar og ha prosjektansvaret, og vil stille med ressursar for å bygge opp og drifte databasen.

Dersom dei andre fylka ikkje ønskjer å delta i utviklinga av ein slik database, vil fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling gå vidare med dette arbeidet men avgrensa til Vestland fylke. Kostnadene vil da bli dekkja innafor den økonomiske ramma til avdelinga. Direktøren meiner ein slik database vi gi naudsynt styringsinformasjon om utviklinga i næringslivet i landsdelen

Bakgrunn

Offentleg tilgjengeleg statistikk om næringslivet er i liten grad tilpassa regionale, kommunale og lokale behov. Fylkeskommunar, kommunar, næringsklynger, media og befolkninga generelt har berre tilgang til det SSB har løyve til å offentliggjere, og dette vil ofte vere data som er for grovmaske, anten i nærings- eller geografisk inndeling, til at det gir nyttig informasjon. For det kommunale og regionale verkemiddelapparatet gjer dette at ein i liten grad kan halde oversikt over og følgje utviklinga i enkeltnæringar eller spesifikke geografiske område.

Vestlandsrådet har derfor sidan 2008 fått produsert økonomiske nøkkeltal for utvalde næringar på Vestlandet. Gjennom dette har fylka, og andre regionale og kommunale aktørar, fått tilgang til verdifull styringsinformasjon om næringslivet på detaljert nivå. Arbeidet har hatt eit klyngeperspektiv heller enn eit streng nærings- eller bransjeperspektiv, og har på den måten søkt å avdekke verdikjeda i klyngene.

Leveransen har i siste kontraktsperiode kosta om lag kr 225 000,- per leveranse. Under den noverande avtalen var siste leveranse av data våren 2019, med opsjon om tilsvarande leveranse i 2020 som ikkje er utløyst. Hordaland fylkeskommune har hatt det faglege ansvaret for prosjektet sidan oppstart i 2008.

Saksgang i Vestlandsrådet

I sak PS 22/2019 (sjå vedlegg) heiter det

«Fylkesrådmannen meiner tida no er moden for at fylka sjølve tek over arbeidet med å framskaffe, kvalitetssikre og formidle detaljerte næringsdata, ikkje berre for utvalde næringar, men for heile næringslivet.

Fylka har den naudsynte kompetansen til å gjere denne jobben sjølv og dette vil bidra til større eigarskap og auka bruk. Etter innleiande etableringskostnadar vil dei årlege vedlikehaldskostnadane truleg verte lågare enn ved å nytte eit konsultentselskap. Gjennom å gjere dette sjølv vil vi også kunne få eit produkt som femnar heile næringslivet på Vestlandet, og som kan gjerast opent tilgjengeleg for publikum, til nytte både for fylka, resten av det regionale verkemiddelapparatet, kommunane, næringslivet, media, akademia og samfunnet elles.»

Målsettinga for prosjektet er å få etablert ein kvalitetssikra database med økonomiske nøkkeltal for alle verksemder på Vestlandet som kartlegg alle delar av næringslivet i fylket og følgjer utviklinga over tid. Samanliknbare tal for resten av landet vil også bli produsert. Databasen skal bidra til kunnskapsbasert næringsutvikling på både kommunalt og regionalt nivå og vere ein portal for næringsklyngene, media, akademia og andre som søker oppdatert, kvalitetssikra informasjon om næringslivet på Vestlandet.

I sak PS 22/2019 vedtok Vestlandsrådet at;

«Vestlandsrådet støttar etableringa av ein kvalitetssikra database med økonomiske nøkkeltal for alle verksemder på Vestlandet med moglegheit for geografiske og næringsmessige aggregering.»

Vestland fylkeskommune blei bedne om å legge fram eit løysingsforslag for ein slik database på første møte i rådet våren 2020. Vestland fylkeskommunen tok initiativ til ei prosjektgruppa som også inkluderte representantar for Møre og Romsdal fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune og Bergen kommune. Prosjektgruppa har saman med konsulentane i Bouvet gjort ei omfattande kartlegging av potensielle datakjelder og tekniske løysingar for ein slik database.

Datagrunnlag

Grunnlaget for databasen er regneskapsdata om alle rekneskapspliktige verksemder på Vestlandet frå Brønnøysundregisteret via Proff Forvalt. Desse er tilgjengelege tilbake til 2008. Desse vert kopla mot Einingsregisteret for å fordele økonomisk aktivitet frå hovudeining til underiningar, for på denne måten å kontrollere for den såkalla hovudkontorproblematikken. Basert på lønstatistikk og eksportstatistikk frå SSB kan vi også estimere tal årsverk og eksport frå kvar verksemd.

Data på verksemdnivå vil bli kopla på diverse kjelder for nyttig styringsinformasjon, slik som Register for offentlig støtte (all offentlig støtte over 500 000 EUR), Forskningsrådets søknadsdatabase (alle søknader til Forskningsrådet, både innvilga og ikkje), Innovasjon Norges støtteordningar, og liknande. Løysinga vil byggjast på ein slik måte at det er mogleg å utvide databasen med nye datakjelder i framtida.

Sidan databasen er bygd opp frå verksemdnivå kan vi også gruppere verksemder på ulike vis etter behov, for eksempel alle føretak som reknast som en del av den marine næringskjeda med undergrupper som fiskeri, oppdrett, fôrproduksjon, foredling, samt utstys- og tenesteleverandørar. Dette gjer at vi kan seie noko om storleiken og utviklinga i næringar som ikkje følger standard næringsinndeling, som til dømes leverandørindustrien til både marin, maritim og olje- og gassektoren, reiseliv, media og liknande. Sidan databasen inneheld informasjon om alle rekneskapspliktige verksemder på Vestlandet vil det for første gang også vere mogleg å samanlikne med andre næringar som tidlegare ikkje har vore ein del av nøkkeltalsprosjektet, slik som daglegvarehandelen, bygg og anlegg og tradisjonell industri. Databasen vil også innehalde samanliknbare tal for resten av landet, men av kapasitetsomsyn kan det vere det må avgrensast til meir overordna næringsnivå.

Publiseringsløysing

I arbeidet med å utforme eit grensesnitt for databasen vil vi støtte oss på den designfaglege og brukarorienterte kompetansen som finnast i fylkeskommunane og hos valte tekniske konsulentstøttemiljø.

Målsetnaden er at datamaterialet skal vere fritt tilgjengeleg innanfor dei restriksjonar som blir pålagt av Proff Forvalt på en enkelt og oversikteleg måte.

Oppdateringsfrekvens

Databasen vil bli bygd opp med rekneskapsdata for perioden 2008-2018 for alle verksemder på Vestlandet. Databasen skal vere klar for publisering i løpet av tredje kvartal 2020. Første oppdatering vil skje tidleg i fjerde kvartal 2020, då med rekneskapstal for 2019. Deretter vil rekneskapstala bli oppdatert i fjerde kvartal kvart år med tala for året før. Grunnen til at det alltid vil vere om lag eitt års etterslep er at rapporteringa av rekneskapstal skjer på etterskot. På same tid som databasen oppdaterast med nye rekneskapstal vil vi også hente inn oppdaterte tal på offentleg støtte for tilsvarande år.

Kostnadsestimat

Etableringskostnad	
Lisens Proff Forvalt	Kr 25 000
Teknisk støtte frå konsulent	Kr 100 000
Prosjektleiing og databasebygging VLFK (eigeninnsats, estimert 200 timar)	Kr 100 000
SUM	Kr 225 000
Driftskostnad årleg f.o.m. 2021	
Lisens Proff Forvalt	Kr 30 000
Oppdatering og prosjektleiing VLFK (eigeninnsats, estimert 120 timar)	Kr 60 000
Mindre teknisk feilretting og justering frå konsulent	Kr 10 000
SUM	Kr 100 000

Vestland fylkeskommune vil vere prosjekteigar og ha prosjektansvaret, og stille ressursar for å byggje opp og drifte databasen. Dei andre fylka vil delta i prosjektgruppa og gjennom den gi innspel og kome med ønskjer, samt bygge eigen kompetanse på databasens innhald og dei tekniske løysingar som nyttast. Gjennom deltaking i prosjektet vil fylka få tilgang til datagrunnlaget og kan mellom anna lage egne grensesnitt med relevante data for sin region. Innsatsen som ventast pålagt deltakarane i prosjektgruppe er såpass liten at det ikkje er tatt med i kostnadsestimatet. Kostnadene skal fordelast på dei deltakande fylka.

Saknr: 2020/41468-1
Saksbehandlar Kathrin Jakobsen
Dato: 21.02.2020

Til: Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Frå: Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling

Samarbeidsavtale mellom fylkeskommunane og Norges Forskningsråd om regionale forskingsfond

Krav om en felles avtale er nedfelt i forskrift

Kunnskapsdepartementet har i nylig fastsatt forskrift om de regionale forskningsfondene. Her går det fram at det skal være en felles avtale som inkluderer alle de 11 fylkeskommunene. Avsnittet i forskriften om avtalen er slik:

Fylkeskommunene og Norges forskningsråd skal inngå én felles avtale om Forskningsrådets bistand til forvaltning av tilskuddsordningen. Avtalen skal minst omhandle samarbeidet om og prosedyrer for utlysninger, søknadsbehandling og prosjektoppfølgning samt rapportering og utvikling av læringsarenaer og erfaringsutveksling mellom fylkeskommunene.

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-12-18-2110>

Forhandlinger med Forskningsrådet om avtaleteksten

Arbeidet med å forme en avtaletekst startet på saksbehandlernivå med utgangspunkt i de faste møtene mellom Forskningsrådet og sekretariatslederne for de regionale forskningsfondene. Et utkast ble deretter sendt både til Forskningsrådets ledelse og fylkeskommunene ved regionsjefkollegiet. Dette arbeidet ble 21. januar 2020 fulgt opp med et forhandlingsmøte på ledernivå. Etter en ny runde på saksbehandlernivå, foreligger det nå et utkast som alle involverte stiller seg bak.

Kort om avtaleteksten

Forskriften gir føringer om et minimum av innhold i avtalen. For fylkeskommunene har det vært viktig å sikre både kvantitet og kvalitet på den bistanden som Forskningsrådet skal gi til fylkeskommunene i forvaltningen av tilskuddsordningen. Den avtaleteksten som foreligger legger ikke detaljerte føringer i denne sammenhengen, men er likevel forstått som tydelig nok i omtalen av partenes ambisjoner og forpliktelse knyttet til forvaltning av de regionale forskningsfondene. En skal videre merke seg at det er tatt inn et punkt om mulig evaluering av avtalen etter 2 års virke, med den hensikt å kunne justere teksten på grunnlag av partenes erfaringer med samarbeidet.

Signatur og iverksettelse

Avtalen blir nå lagt fram for signatur i alle fylkeskommuner. Signert avtale sendes til Forskningsrådet, som vil kunne administrere det praktiske ved dette. Merk oversendelse med saksbehandler Randi Myhre Randi Myhre rmy@forskningsradet.no.

Avtalen iverksettes fra den dag alle fylkeskommuner har signert.

Samarbeidsavtale

**mellom
fylkeskommunene og
Norges forskningsråd**

**vedrørende
regionale forskningsfond**

Oppbygging av avtalen

1. Avtalens formål og parter
2. Avtalens forankring
3. Samarbeidsområder
4. Partenes forpliktelser
5. Ikraftreden og reforhandling av avtalen
6. Tvisteløsning
7. Underskrifter

1. Avtalens formål og parter

Denne avtalen avklarer fylkeskommunene og Forskningsrådets gjensidige forpliktelser og ansvar i samarbeid om forvaltningen av regionale forskningsfond.

Parter i denne avtalen er fylkeskommunene og Forskningsrådet.

2. Avtalens forankring

Ordningen med regionale forskningsfond er forankret i:

- Ot.prp. nr. 10 (2008-2009) *Gjennomføring av forvaltningsreformen*
- St.prp. nr 1 (2008-2009) for Kunnskapsdepartementet
- Prop. 1 S (2009-2010) for Kunnskapsdepartementet
- Prop. 84 S (2016-2017) *Ny inndeling av regionalt folkevalt nivå*, og Meld. St. 6 (2018–2019) *Oppgaver til nye regioner*, med tilhørende vedtak i Stortinget
- Forskrift om de regionale forskningsfondene fastsatt 18.12.2019

Øvrige styrende dokumenter for regionale forskningsfond er:

- Årlige tilsagnsbrev fra Kunnskapsdepartementet til fylkeskommunene.
- Føringer gitt av Kunnskapsdepartementet i det årlige tildelingsbrevet til Forskningsrådet.

3. Samarbeidsområder

Samarbeidet mellom fylkeskommunene og Forskningsrådet er regulert gjennom Forskrift om de regionale forskningsfondene fastsatt 18.12.2019 og øvrige dokumenter omtalt i punkt 2.

Forskningsråd skal bistå fylkeskommunene i forvaltningen av de regionale forskningsfondene. Forskningsrådets hovedoppgaver er å sikre forskningens kvalitet, levere støttetjenester, drive strategisk rådgivning og være bindeledd mellom nasjonale og internasjonale FoU-satsinger. Dette ivaretas gjennom kontaktpersoner i Forskningsrådet, Forskningsrådets regionansvarlige og ekstern fagvurdering.

Fylkeskommunene har ansvar for tilskuddsordningen, herunder utlysning og tildeling av midler. Fylkeskommunene skal sikre at fondet har et velfungerende sekretariat som har det daglige administrative ansvaret for driften av fondet.

Begge parter skal bidra til å utvikle gode relasjoner mellom Forskningsrådet og fylkeskommunen.

I det følgende blir hvert samarbeidsområde beskrevet.

a) Årshjul

Forskningsrådet og fylkeskommunen skal innen utgangen av januar hvert år fastsette en forpliktende plan med milepæler og ansvarsfordeling for søknadsbehandling for det kommende året. Planen skal også inneholde datoer for læringsarenaer, sentrale møteplasser og prosesser som involverer partene.

Forskningsrådet og fylkeskommunen er forpliktet til å avsette tilstrekkelig med ressurser slik at aktiviteter kan gjennomføres i henhold til milepæler fastsatt i årshjulet.

b) Utlysning

Ansvar for utlysningenes innhold og publisering ligger hos fylkeskommunen. Forskningsrådet skal gi råd om innhold, innretning og utforming av utlysningene i henhold til Forskningsrådets system. Forskningsrådet har ansvar for at systemer for søknadsbehandling er tilgjengelig for fylkeskommunen. Forskningsrådet kan også bistå med å legge inn utlysning og vurderingskriterier i det elektroniske søknadsmottaket.

c) Søknadsmottak og søknadsbehandling

Forskningsrådet tilbyr ekstern fagvurdering en gang pr. halvår. I henhold til forskriftens § 4a skal fylkeskommunene bruke Forskningsrådets søknadstyper og Forskningsrådets system for vurdering av søknader om prosjektstøtte.

Søknader sendes inn via Forskningsrådets elektroniske søknadsmottak som skal være tilrettelagt for de regionale forskningsfondene.

d) Prosjektoppfølgning og rapportering

Fylkeskommunen er ansvarlig for oppfølging av prosjekter som har fått tildelt midler.

Forskningsrådet er ansvarlig for å bidra med hensiktsmessige tekniske løsninger for rapportering fra prosjektene til fondsregionene. Forskningsrådet skal bistå med rådgivning om god forskningsforvaltning.

Under henvisning til § 2 i forskriften om formålet for tilskuddsordningen, skal Forskningsrådet fastsette felles indikatorer for måloppnåelse etter dialog med fylkeskommunen. Med basis i disse indikatorene rapporterer Forskningsrådet de regionale forskningsfondenes samlede måloppnåelse i den årlige rapporten til departementet som angitt i forskriftens § 5.

e) Arkivering

De enkelte fylkeskommunene har arkivansvaret for det materiale som følger av Forskningsrådets forvaltning av ordningen.

f) Læring, kunnskapsutvikling og evaluering

Utvikling av nasjonale læringsarenaer og relevant opplæring skal skje i et tett samarbeid mellom Forskningsrådet og de regionale forskningsfondene. Forskningsrådet skal bidra til erfaringsutveksling mellom fylkeskommunene, og har ansvar for å koordinere relevante læringsarenaer for forskningsfondene jf. forskriftens § 4c og årshjulet i avtalens punkt 3a.

g) Forskningsrådet regionalt

Forskningsrådet, fortrinnsvis regionansvarlige, og fylkeskommunen er gjensidig ansvarlig for å sikre et tett og godt samarbeid i egen region, og skal i fellesskap arbeide opp mot brukergruppene. For å sikre et godt samarbeid skal det i hver region årlig utarbeides felles plan for sentrale informasjons- og mobiliseringsaktiviteter. Forskningsrådet, fortrinnsvis regionansvarlige, deltar på de nasjonale læringsarenaene og som observatører i fondets besluttende organ, der det er hensiktsmessig.

Øvrig avtaleverk mellom hver fylkeskommunen og Forskningsrådet kan også omfatte samarbeidet om regionale forskningsfond.

h) Klageordning

Forskningsrådet er klageinstans for de regionale forskningsfondene, jf. forskriftens § 6. Departementet presiserer at «Denne klageretten tilsvarer klageadgangen som Forskningsrådet innrømmer søkere ved sine egne tildelingsvedtak». Forskningsrådets eksterne klageutvalg skal være siste besluttede organ for klagesaker knyttet til regionale forskningsfond. Forskningsrådets administrasjon bidrar med saksforberedelser, rådgivning og informasjon om Forskningsrådets praksis i klagesaker.

i) Økonomi

Forskningsrådets utgifter knyttet til å bistå de regionale fondene dekkes over Forskningsrådets virksomhetsbudsjett.

Deltagere dekker selv reise og oppholdskostnader til ulike arrangementer som Forskningsrådet arrangerer.

4. Partenes forpliktelser

Fylkeskommunen forplikter seg til å:

- Påse at avtalte frister som er nødvendig for å kunne gjennomføre Forskningsrådets del av søknadsbehandling holdes.
- Se til at relevante dokumenter fra forskningsfondene sendes Forskningsrådet.
- Holde Forskningsrådet oppdatert om bevilgninger til prosjekt.
- Delta på fellesarrangementer.
- Bistå med profilering av Forskningsrådets støtteordninger og andre tilbud.

Forskningsrådet forplikter seg til å:

- Stille tilstrekkelig ressurser til rådighet for fylkeskommunene i form av kontaktpersoner.
- Gi strategisk rådgivning til fylkeskommunene, samt være en kontakt mot nasjonale og internasjonale satsinger.
- Bistå med formidling av resultat og profilering av den regionale forskningsfondordningen.
- Levere støttetjenester til forvaltningen av de regionale forskningsfondene. Herunder:
 - Bistå med opplæring og kompetanse på FoU-administrasjon og Forskningsrådets IT-systemer som anvendes av fylkeskommunene.
 - Gi tilgang til relevante IT-systemer for utlysning av midler og søknadsbehandling, inngåelse av kontrakter, prosjektoppfølgning, rapportering og nettside.
 - Bistå med å tilpasse Forskningsrådets systemer til fondenes behov.
 - Involvere og ta hensyn til fylkeskommunene i systemendringer som angår fondsordningen, og som kan berøre de tjenester som Forskningsrådet leverer til fylkeskommunene.
 - Teknisk drift av hjemmesidene, samt gi råd og veiledning i bruk av fondsordningens nettsider.
 - Redigering av felles nettsider (www.regionaleforskningsfond.no).
 - Ansvar for datasikkerhet og konfidensialitet i sin del av søknadsbehandlingen.
 - Stille til rådighet og vedlikeholde rapporteringsmalen som benyttes i den årlige rapporteringen til departementet.

I forbindelse med innføringen av Personvernforordningen er Forskningsrådet definert som databehandler og fylkeskommunene behandlingsansvarlige. Partene skal derfor inngå databehandleravtaler som beskriver databehandlers ansvar.

5. Ikrafttreden og reforhandling av avtalen

Avtalen trer i kraft fra dato for underskrift. Reforhandling av avtalen må fremmes samlet av fylkeskommunene eller av Forskningsrådet. Dersom forskrift om de regionale forskningsfondene eller andre sentrale styringsdokumenter blir endret på punkter som vedkommer avtalen, skal avtalen reforhandles.

Erfaringene med avtalen evalueres av partene etter to år, og dersom en eller begge parter ber om det skal avtalen revideres.

6. Tvisteløsning

Dersom det oppstår tvist om avtalen, skal partene forsøke å forhandle seg fram til en løsning med bistand fra Kunnskapsdepartementet. Hvis dette ikke fører fram, løses tvisten av en nemnd. Nemnda består av 3 medlemmer. Hver av partene skal oppnevne sin representant senest 1 måned etter å ha mottatt anmodning fra den andre parten. De to representantene skal i fellesskap utpeke en uavhengig leder av nemnda. Det skal gjøres innen en måned etter at partsrepresentantene er oppnevnt. Dersom nemnda ikke lar seg etablere etter bestemmelsene foran, kan hver av partene kreve at Oslo tingrett oppnevner det eller de medlemmer som mangler. For øvrig gjelder reglene i voldgiftsloven av 14.05.2004 nr 25 så langt de passer.

8. Underskrifter

Dato:

.....
Norges forskningsråd

.....
Agder fylkeskommune

.....
Nordland fylkeskommune

.....
Rogaland fylkeskommune

.....
Innlandet fylkeskommune

.....
Møre og Romsdal fylkeskommune

.....
Trøndelag fylkeskommune

.....
Oslo fylkeskommune

.....
Troms og Finnmark fylkeskommune

.....
Viken fylkeskommune

.....
Vestland fylkeskommune

.....
Vestfold og Telemark fylkeskommune

Saknr: 2020/38447-2
Saksbehandlar Jone Engelsvold
Dato: 25.02.2020

Til: Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Frå: Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling

Fastsett forskrift om dei regionale forskingsfonda

Vedlagt følgjer "Forskrift om de regionale forskningsfondene". Forskrifta vart fastsett av Kunnskapsdepartementet 18. desember 2019 og trådde i kraft 1. januar 2020.

Forskrifta erstattar "Retningslinjer for regionale forskningsfond" som ble fastsett av Kunnskapsdepartementet 23. oktober 2009.

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon behandla høyringsuttale til forskrifta i møte 12. november 2019, og gav slik innstilling som vart samrøystes vedteken av Fylkesutvalet i møte 13. november 2019:

1. Vestland fylkeskommune sluttar seg til hovudlinene i utkast til forskrift for Regionale forskningsfond, men aksepterer ikkje at samanslåtte fylke kjem dårlegare ut økonomisk.
2. Vestland fylkeskommune ber om at fastsetting av indikatorar for mål og resultat i dei regionale forskingsfonda skal skje i samråd mellom Forskringsrådet og fylkeskommunane.

I den fastsette forskrifta er Vestland fylkeskommune ikkje høyrte knytt til punkt 1.

I høve til punkt 2 gjorde Kunnskapsdepartementet ei endring i teksten etter høyringa, der det no heiter at fastsetting av indikatorar skal skje *etter dialog med fylkeskommunane*.

Forskrift om de regionale forskningsfondene

Fastsatt av Kunnskapsdepartementet 18. desember 2019 med hjemmel i Stortingets årlige budsjettvedtak

§ 1 Virkeområdet

Forskriften gjelder forvaltning av tilskuddsordningen for regionale forskningsfond, fylkeskommunenes forvaltning av midlene og samarbeidet med Norges forskningsråd.

§ 2 Formålet med tilskuddsordningen

Tilskuddsordningen skal styrke regionenes forskningsevne gjennom tilskudd til forskning og innovasjon og gjennom mobilisering til økt FoU-innsats.

Regionale forskningsfond har som formål å:

- a) styrke forskning for regional innovasjon og regional utvikling gjennom å
 - i. finansiere forskningsprosjekter av god kvalitet
 - ii. medvirke til at bedrifter og offentlige virksomheter øker sin kompetanse, innovasjonsevne, verdiskaping og konkurransekraft ved å initiere forskning og ta i bruk resultater fra FoU
 - iii. stimulere til et tettere samarbeid mellom FoU-institusjoner og styrke kopleingene til næringsliv og offentlig sektor
- b) øke FoU-innsatsen gjennom å
 - i. mobilisere og kvalifisere bedrifter og offentlige virksomheter til å delta i nasjonal og internasjonal forskning
 - ii. støtte FoU-prosjekter initiert av næringsliv, frivillig sektor og offentlige virksomheter inkludert universiteter, høyskoler og andre forskningsmiljøer
- c) bidra til økt forskningskvalitet og til utvikling av gode og konkurransedyktige FoU-miljøer gjennom å
 - i. støtte langsiktig, grunnleggende kompetansebygging i relevante forskningsmiljøer
 - ii. knytte institusjonenes FoU-kompetanse til øvrige regionale FoU-aktiviteter og se disse i sammenheng
 - iii. stimulere til fler- og tverrfaglig samarbeid i forskningsprosjekter
- d) arbeide for tett samspill mellom aktiviteter i regionene og deres relasjoner til andre nasjonale og internasjonale forskningsprogrammer og forskningsaktiviteter

Fylkeskommunene skal informere om fondet og formidle fondets forskningsresultater, herunder skape oppmerksomhet om og interesse for fondet i allmennheten og blant aktuelle målgrupper/søkere.

Fylkeskommunene Troms og Finnmark, Nordland, Trøndelag og Innlandet skal gjennom konsultasjon med Sametinget også ivareta samiske forskningsinteresser og -behov.

§ 3 Fordeling av midler til fylkeskommunene

Det samlede tilskuddet til ordningen fastsettes i de årlige statsbudsjettene og fordeles til fylkeskommunene slik:

- a) 5 prosent av tilskuddsmidlene settes av til fylkeskommunene Troms og Finnmark, og Nordland med et likt beløp til hver fylkeskommune. Av resten fordeles 60 prosent med et likt beløp til hver fylkeskommune og 40 prosent på grunnlag av fylkeskommunenes folketall.
- b) Inntil 10 prosent av tildelte midler kan fylkeskommunene bruke til administrasjon. Departementet kan i de årlige tilskuddsbrevene unntaksvis fastsette en høyere prosentsats for enkelte fylkeskommuner. Som administrasjon regnes utgifter ved å administrere ordningen, i tillegg til tiltak for å mobilisere og kvalifisere bedrifter og offentlig virksomheter til å delta i forskning.

Tilskuddsmidlene og eventuell avkastning skal anvendes i samsvar med tilskuddsformålet.

§ 4 Fylkeskommunenes ansvar og oppgaver

- a) Ansvar for tilskuddsordningen

Fylkeskommunene har ansvaret for utlysning og tildeling av midlene.

Fylkeskommunene kan samarbeide om bruken av midlene gjennom felles forsknings-satsinger, fellesutlysninger av midler o.l. Midlene kan tildeles prosjekter lokalisert i og utenfor den enkelte fylkeskommune.

Bruken av tilskuddsmidlene skal være forankret i regionale mål og strategier.

Fylkeskommunene bestemmer områder/tema for utlysningene, målgrupper, prosjektperiode og tilgjengelige midler til de enkelte utlysningene. Fylkeskommunene skal bruke Forskningsrådets søknadstyper og Forskningsrådets system for vurdering av søknader om prosjektstøtte.

Fylkeskommunene kan i tillegg tildele midler til kvalifiserings- og mobiliseringsprosjekter.

- b) Vilkår for tildelinger

Fylkeskommunen skal ved tildelinger fastsette de vilkår som er nødvendig for å sikre at bevilgningene til de regionale forskningsfondene blir brukt i samsvar med Stortingets forutsetninger, vilkår i tilskuddsbrev fra departementet og forskriften her.

Midler fra denne tilskuddsordningen kan kombineres med andre offentlige virkemidler innenfor gjeldende regelverk for offentlig støtte. Støttetildelingene må være innenfor EØS-avtalens regler om offentlig støtte.

- c) Samarbeid med Norges forskningsråd

Fylkeskommunene og Norges forskningsråd skal inngå én felles avtale om Forskningsrådets bistand til forvaltning av tilskuddsordningen. Avtalen skal minst omhandle samarbeidet om og prosedyrer for utlysninger, søknadsbehandling og prosjektoppfølgning samt rapportering og utvikling av læringsarenaer og erfaringsutveksling mellom fylkeskommunene.

d) Økonomiforvaltning og rapportering

Forvaltning av tilskuddsmidlene skal skje i henhold til regelverket for økonomistyring i staten, så langt det passer. Fylkeskommunene skal sørge for tilfredsstillende oppfølging av og kontroll med tilskuddsmidlene i hele tilskuddskjeden. Fylkeskommunen kan kreve tilskudd tilbakebetalt dersom forutsetningen for tilskuddet ikke overholdes.

Fylkeskommunene skal sende årsrapport til departementet og til Norges forskningsråd innen den frist som fastsettes i de årlige tilskuddsbrevene.

Rapporteringen skal omtale hvordan de tildelte midlene er brukt for å realisere formålet med regionale forskningsfond, blant annet basert på Forskningsrådets indikatorer for måloppnåelse, se § 5. Rapporteringen skal ha to hoveddeler, resultatrapportering og økonomisk rapportering.

Rapporten skal vise hvordan fondsmidlene er fordelt på søknadstyper, faglige temaer og mottakergrupper. Det skal rapporteres på bruk av midler til administrasjon.

Departementet kan gi nærmere regler om rapporteringen i tilskuddsbrevene.

§ 5 Norges forskningsråds ansvar og oppgaver

Norges forskningsråd skal bistå fylkeskommunene i forvaltningen av de regionale forskningsfondene. Samarbeidet reguleres i avtalen mellom Forskningsrådet og fylkeskommunene etter § 4 c.

Forskningsrådet skal særlig bidra til å ivareta forskningens kvalitet i alle ledd fra utlysning til tildeling av FoU-midler. Forskningsrådet skal levere støttetjenester til forvaltningen av de regionale forskningsfondene og være bindeledd mot nasjonale og internasjonale forskningsprogrammer og -kompetanse.

Forskningsrådet skal fastsette indikatorer for måloppnåelse, basert på formålet med tilskuddsordningen, etter dialog med fylkeskommunene.

Forskningsrådet skal utarbeide en årlig rapport til departementet om de regionale forskningsfondenes samlede aktivitet og resultater, og om Forskningsrådets samarbeid med fylkeskommunene.

§ 6 Klage

Norges forskningsråd er klageorgan for enkeltvedtak fattet av fylkeskommunen om tildeling av støtte. Det er ikke adgang til å klage over fylkeskommunenes skjønnsutøvelse.

§ 7 Kontroll med midlene

Departementet kan føre kontroll med at midlene blir brukt etter forutsetningene, og har rett til innsyn i alle dokumenter som gjelder forvaltningen av tilskuddet. Departementet kan kreve tilskuddet helt eller delvis tilbakebetalt fra fylkeskommunene dersom det ikke benyttes i samsvar med gjeldende regelverk.

§ 8 Ikrafttredelse

Forskriften trer i kraft 1. januar 2020.

Skriftlege spørsmål

SI 2/20 Spørsmål frå Midelfart Hoff - H - sommerjobb for ungdommer

Fra: Hoff, Jana Midelfart (jana.midelfart.hoff@helse-bergen.no)

Sendt: 04.03.2020 13:59:10

Til: Politisk

Kopi:

Emne: Spørsmål til utval for næring m.m sitt møte 12.03.20

Vedlegg:

> SOMMERJOBB FOR UNGDOMMER 18-22 ÅR I VESTLAND FYLKESKOMMUNE

>

> For mange ungdommer er sommerjobben den første kontakten de har med arbeidslivet. Den gir både verdifull erfaring og innsikt i yrkeslivet, og kan virke sterkt motiverende i forhold til skolegang og senere yrkesvalg. I tillegg ligger det en frihet i å tjene sine egne penger.

> Desto mer uheldig at det å få sommerjobb er blitt stadig vanskeligere, slik vi nylig ble opplyst om i media.

> En del offentlige institusjoner, slik som Haukeland Universitetssjukehus samt en del kommuner, har tatt et ansvar og lyser ut sommerjobber som ungdom kan søke på.

> Dette er svært positivt og har en betydelig signaleffekt.

> Også Vestland fylke bør bidra her. Som eier av blant annet 48 videregående skoler, er det mye vedlikeholdsarbeid som må gjøres om sommeren, noe som kan være svært egnet for en sommerjobb. Allerede idag bidrar ungdommer til dette, men da er det ofte jobber fått gjennom uformelle kanaler.

>

> SPØRSMÅL:

> Sett i lys av hvor vanskelig det er å få sommerjobb, vil Vestland fylke ta initiativ til å utlyse 50 sommerjobber for ungdom 18-22 år sommeren 2020?

> Ordningen bør evalueres i etterkant, og da bør det også vurderes om man evt.kan øk antallet jobber.

>

>

> Vennlig hilsen

> Jana Midelfart Hoff og John Andre Kongsvik

>

>

Politiske saker

PS 12/20 Vestland fylkeskommune sitt engasjement for å gje næringslivet tilgang til nasjonale program for klyngesamarbeid og innovasjon

Saknr: 2020/39749-1

Saksbehandlara: Tonje Marie Solsvik, Torill
Monstad, Kristin Arnestad,
Ingjerd Skogseid

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon	12/20	11.03.2020

Vestland fylkeskommune sitt engasjement for å gje næringslivet tilgang til nasjonale program for klyngesamarbeid og innovasjon

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon tek til orientering oversikt over etablerte nasjonale program og ordningar for innovasjon og verdiskaping i Vestland fylke
2. Vestland fylkeskommune skal legge fram ein strategi på korleis fylkeskommunen skal støtte og utvikle næringshagar, inkubatorar og klyngar vidare, og sjå dette i samanheng med andre regionale satsingar.

Samandrag

Vestland fylke har fleire aktørar og miljø som er ein del av dei nasjonale programma og ordningane for auka innovasjon og verdiskaping. Desse programma er viktige for næringsutvikling, innovasjon, verdiskaping og kompetanseutvikling i heile fylket. Dette gjeld i hovudsak Siva sitt næringshage- og inkubasjonsprogram, katapultordning, og Innovasjon Norge sitt klyngeprogram. Frå 1. januar 2020 har fylkeskommunen fått oppdragsgjeveransvaret for Innovasjon Norge si Bedriftsnettverkordning, Mentor-tenesta for gründerar, etablerartilskot og Siva sitt næringshage- og inkubasjonsprogram. Felles for programma og ordningane er at dei på ulike måtar og i ulike grad skal bidra til auka verdiskaping og styrke innovasjonsevna i distriktet, regionalt, nasjonalt, internasjonalt og globalt.

I saksutgreiinga gir vi ein oversikt over etablerte satsingar og behovet for ein strategi for det vidare arbeidet.

Bård Sandal
fylkesdirektør

Mette Nora Sætre
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I Vestland fylke har vi fleire aktørar og miljø som er ein del av dei nasjonale programma og ordningane for auka innovasjon og verdiskaping. Desse er i hovudsak Siva sitt næringshage- og inkubasjonsprogram, katapultordning, og Innovasjon Norge sitt klyngeprogram. Frå 1. januar 2020 har fylkeskommunen fått oppdragsgjeveransvaret for Innovasjon Norge si Bedriftsnettverkordning, Mentor-tenesta for gründerar, etablerartilskot og Siva sitt næringshage- og inkubasjonsprogram. Felles for programma og ordningane er at dei på ulike måtar og i ulike grad skal bidra til auka verdiskaping og styrke innovasjonsevna i distriktet, regionalt, nasjonalt, internasjonalt og globalt. I Vestland fylke er det no seks næringshagar og fem inkubatorar. Fylket har vidare to Arena-klynger, tre NCE-klynger og ein GCE-klynge og to prosjekt innafør katapult-ordninga.

Dei nasjonale programma og ordningane er viktige for næringsutvikling, innovasjon, verdiskaping og kompetanseutvikling i heile fylket. I tillegg til dei nasjonale programma har fylket og mindre regionale satsingar som gründerparkar og såkalla hub'ar. Vi legg også til rette for regionale nettverk for innovasjonsaktørane, fellesprosjekt, og eit prosjekt om utvikling av innovasjonsmiljø og innovasjonsnettverk i distrikta.

Det er med andre ord eit stort og variert støtteapparat for tilrettelegging for næringsutvikling, innovasjon, verdiskaping og kompetanseutvikling. Fylkeskommunen har hatt ein sentral rolle i fleire av initiativa. Vår rolle har til dømes vore å bidra i arbeidet med å få etablert organisasjonane, i søknadsprosessar, spele inn fylkeskommunale prioriteringar og faglege bransjeinnspel, samt vert inne med finansiell stønad gjennom forprosjekt og i driftsfase. Fylkeskommunen stiller òg med observatørar eller styremedlem i dei fleste organisasjonane.

Som eit ledd i at fylkeskommunen har teke over oppdragsgjeveransvaret, har næringshageprogrammet blitt forlenga ut 2022. Fram til då skal det arbeidast med å utvikle eit nytt program. Programmet skal òg vere eit verkemiddel for fylkeskommunen, og bidra til at fylkeskommunen si samfunnsutviklar-rolle vert styrka. Denne saka vil derfor beskrive dei ulike programma og ordningane og foreslå at det vert utvikla ein strategi for å få mest mogleg ut av dei eksisterande satsingane, forenkla strukturen og vurdere framtidige satsingsfelt. Det er vidare ynskjeleg å sjå dette i samanheng med andre regionale ordningar og satsingar.

Status for dei ulike programma og ordningane

Våren 2011 lanserte Siva (Selskapet for Industrivekst SF), på vegne av staten, eit næringshageprogram for perioden 2011- 2021 (no forlenga til 2022). Næringshageprogrammet skal bidra til auka verdiskaping gjennom å leggje til rette for utvikling av attraktive bedrifter og kunnskapsarbeidsplassar i heile landet, men fortrinnsvis i distrikta. Nasjonalt kan det vere 50 næringshagar i programmet, per i dag er det 40 næringshagar og seks av desse er lokalisert i Vestland. Vi ser at Siva oppmodar til samarbeid og geografisk utviding med nodar til eksisterande miljø heller enn etablering av nye organisasjonar.

I 2012 etablerte Siva inkubasjonsprogrammet for perioden 2012-2022. Hovudmålet med inkubasjonsprogrammet er å auka nasjonal verdiskaping gjennom effektivt å identifisere, vidareutvikle og kommersialisere gode idear til nye vekstbedrifter, og gje ny vekst i etablerte verksemder. Nasjonalt er det 34 inkubatorar i inkubasjonsprogrammet, kor fem av desse er lokalisert i Vestland.

Klyngeprogrammet blei starta i 2002 og er eit statleg finansiert program og eit samarbeid mellom Innovasjon Norge, Siva og Forskningsrådet. Klyngeprogrammet har som mål å bidra til verdiskaping gjennom berekraftig innovasjon. Dette skal skje ved å utløyse og forsterke samarbeidsbaserte utviklingsaktivitetar i klyngene, med sikte på å auka klyngene sin dynamikk og attraktivitet, og å auka den enkelte bedrift si innovasjonsevne. Nasjonalt er det 39 klynger, kor sju av desse er lokalisert i Vestland fordelt på Arena, NCE og GCE.

Norsk katapult blei starta i 2017 og er eit statleg finansiert initiativ forvalta av Siva, i tett samarbeid med Forskningsrådet og Innovasjon Norge. Ordninga er etablert for å styrke innovasjonsevna for små og mellomstore bedrifter over heile landet og skal gjere det enklare for innovative bedrifter å


utvikle prototyper, teste, visualisere og simulere. Sidan fyste utlysning i 2017 er det no fem katapultsenter, der to av desse er lokalisert i Vestland.

Under ein oversikt over miljøa som deltek i dei nasjonale programma:

Program	Miljø
Næringshage	Næringshagane i Nordfjord (Stryn, Eid) Sognefjorden Næringshage (Aurland, Sogndal) Voss Næringshage (Voss) Hardanger Næringshage (Kvam) Medvind Næringshage (Vindafjord, Etne) Gulen og Masfjorden Næringshage, (Gulen, Masfjorden) Nordhordland Næringshage (Austrheim)
Inkubator	VIS Nyskapingsparken, Bergen Aksello, Kinn Industriutvikling Vest, Alver Atheno, Stord Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane, Sogndal
Arena klynge	Arena Ocean Hyway Cluster, Kinn Arena NOSCA Clean Ocean, Askøy
NCE klynge	NCE Media, Bergen NCE Finance Innovation, Bergen NCE Seafood, Bergen NCE Maritime Cleantech, Stord
GCE klynge	GCE Ocean Technology Bergen



Figur 1. Oversikt over miljø i Vestland tilknytt Siva dine programsatsingar (eple = næringshage, lyspære= inkubator)



Figur 2. Oversikt over miljø i Vestland som er med i Innovasjon Norge sine klyngeprogram

Næringshagane i Vestland

Ein næringshage er ein operatør for næringshageprogrammet. Næringshagen er eit bedriftsfellesskap som består av ei rekkje verksemdar som er samlokaliserte eller knytt til

næringshagen gjennom tett oppfølging og samarbeid. Næringshagen gir bedrifter i distrikta eit innovativt, fagleg og sosialt miljø gjennom tenester som: bedriftsrådgjeving, hjelp til utvikling av forretningsidear, marknadsplanlegging, nettverksbygging, internasjonalisering og andre utviklingsrelaterte oppgåver til ein subsidiert kostnad. Ei viktig oppgåve for næringshagane er å kople bedriftene opp til relevante fagmiljø, FoU-miljø, andre innovasjonsselskap, investeringselskap, samt offentleg verkemiddelapparat. I tillegg kan den einskilte næringshage ta på seg utviklingsprosjekt som er relevant og nyttig for verdiskaping i regionen.

Gjennom næringshageprogrammet får kvar næringshage mellom 1,4 - 2,5 millionar i årleg tilskot, som skal brukast på dei bedriftene som er knytt til næringshagen. Gjennom ei kartlegging avgjer Siva kva støtte dei ulike næringshagane får. Ein legg opp til å forsterke velfungerande miljø med unytta potensiale, og evt. justere ned støtte til næringshagar, eller ta ut av programmet dei som over tid leverer dårlegare enn forventa. Det vert tatt omsyn til resultat, ambisjonar og potensiale. Ettersom fylkeskommunen har fått oppdragsgjevaransvaret vil vi kunne påverke desse avgjerdene. Utover finansiell stønad tilbyr Siva òg utdanningsprogram, kurs, nettverksarenaer, metodikk, malar og beste praksis for forretningsutvikling og kommersialisering.

Forsking har vist at næringshagane har ein viktig funksjon som stabiliserande miljø i distriktkommunane, og har i stor grad bidratt til å redusere kunnskapsflukt frå kommunane. Satsinga har ikkje berre bidratt til å redusere fråflytting, men òg auka tilflytting.

Historikk

Arbeidet med næringshagar er forankra i regional plan for verdiskaping i Sogn og Fjordane. I siste programperiode (2011-2021) har Sogn og Fjordane hatt tre næringshagar; Sognefjorden Næringshage, Næringshagane i Nordfjord, og Gulen og Masfjorden Næringshage som har operert på tvers av dei gamle fylkesgrensene. Fylkeskommunen støtta næringshagane økonomisk i mange år, men etter at fylkeskommunen ikkje lenger var forplikta til å delta med finansiering trakk ein seg ut av fast grunnstønad. Miljøa har hatt høve til å søkje om prosjektmidlar på line med andre organisasjonar. Fylkeskommunen har også etter 2017 delteke som observatør i styra.

Arbeidet med næringshagar i Hordaland har vore forankra i strategien «Næringshagar i Hordaland - strategi Hordaland fylkeskommune» frå 2011 og i Regional Næringsplan for Hordaland 2013-2017. I 2019 var fem næringshagar aktive i Hordaland. Voss Næringshage, Nordhordland Næringshage, Hardanger næringshage, samt Gulen og Masfjorden Næringshage som me har delt over fylkesgrensa, og Medvind Næringshage i Vindafjord som starta opp ein node i Etne. I tillegg til observatørrolle i styret har fylkeskommunen delteke på alle utviklingssamtalane Siva har hatt med næringshagane. Fylkeskommunen støtta næringshagane økonomisk i mange år (50/50 mellom Siva og fylkeskommunen fram til 2017). Sjølv etter at fylkeskommunen ikkje lenger var forplikta til å delta, har miljøa fått støtte enten i form av partnerskapsavtalar eller prosjektstøtte.

På slutten av 2019 lyste Siva ut ekstra-midlar der det var mogeleg for næringshagar og inkubatorar å søkje om utvida geografisk område eller bransjeutviding. Her fekk Næringshagane på Voss og i Hardanger støtte til geografisk utviding til Granvin, Ulvik, Ullensvang, Jondal og Odda. Næringshagane i Nordfjord og Sognefjorden fekk i samarbeid med Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane støtte til geografisk utviding til Askvoll, Fjaler, Sunnfjord (Førde, Gaular, Jølster og Naustdal).

Nordhordland Næringshage AS

Nordhordland Næringshage vart starta i september 2012, og har hatt eit hovudfokus på opplevingar, reiseliv og kultur. Nordhordland Næringshage har kontorlokale på Mastrevik Torg i Austrheim. Næringshage har òg ei avdeling på Solund.

Miljøa i Nordhordland Næringshage og Gulen og Masfjorden Næringshage har i frå 2015/2016 samarbeida om å vere Næringshagane for utvikling og vekst, der dei deler på kompetanse og ressursar. Dei har no til saman 7 tilsette, og har meir enn 60 bedrifter innan reiseliv, industri, landbruk og marine næringar som medlemmer.

Gulen og Masfjorden Næringshage AS

Næringshagen vart formelt etablert 29. mai i 2013, og har sine prioriteringsområde innan industri, service og havbruk. Næringshagen er i hovudsak lokalisert på Sløvåg. Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune har alltid samarbeida om denne næringshagen på tvers av fylkesgrensene.

Næringshagen på Voss AS

Næringsshagen på Voss starta opp i mars 2013, og er no lokalisert i gondolbygget sentralt i Voss sentrum. Næringsshagen har hatt særleg merksemd på nyetableringar og knoppskytingar, ei satsing kalla Gründerhjelpa. Det er fire tilsette i næringsshagen. Næringsshagen tilbyr òg kompetansehevande tiltak, kurs og møteplassar til sine bedrifter. Næringsshagen har eit breitt spekter av målbedrifter og har ikkje bransjefokus, sjølv om mange medlemmer er knytt til reiseliv. Næringsshagen har vore med i Siva si ekstra satsing for å styrke måloppnåinga for næringshageprogrammet, og fekk kroner 6 millionar i perioden 2016-2018. Hovudmåla i den ekstra satsinga var etablering av ein innovasjonshub med utviklingsaktivitetar for næringslivet i heile regionen, samt å etablere metodar og modellar som skal delast med resten av næringshagenettverket.

Næringsshagen i Hardanger AS

Etter eit prøveår, vart dette miljøet del av næringshageprogrammet sommaren 2016. Næringsshagen har eit breitt spekter av medlemmer frå ulike bransjar, men mest innan mat, reiseliv og industri. Det er no fire tilsette i næringsshagen, og dei er lokalisert i Øystese. Det er òg ein node i Eidfjord. I samarbeid med Næringsshagen på Voss, har ein fått del av Siva si utlysing i 2019 om utvida geografisk område. Næringsshagen i Odda var tidlegare del av næringshageprogrammet, og har no blitt ein del av den geografiske utvidinga.

Sognefjorden Næringshage AS

Sognefjorden Næringshage har om lag 30 målbedrifter frå Sogn. Aktiviteten er delt i to avdelingar, ei med utgangspunkt i Aurland og ei i Sogndal. Mange av målbedriftene høyrer til miljø i Aurland, Gaupne og på Campus i Sogndal, men næringsshagen har også målbedrifter andre stadar i regionen. Alle har tilbod om kontor og møterom i Sogndal og Aurland.

Næringsshagane i Nordfjord

Næringsshagane i Nordfjord er eit samarbeid mellom dei to separate selskapa Stryn Næringshage AS og Nordfjordeid Næringshage AS. Dei har felles strategi og avtaler. Stryn er utpeika som kontaktpunkt for begge næringsshagane, men dei deler tilskot frå Siva likt med 50/50 kvar. Dei har to tilsette, og er i prosess med å tilsetje ein ny forretningsutviklar.

Medvind24 Næringshage AS - node i Etne

Næringsshagen heldt til i Ølensvåg i Vindafjord kommune, Rogaland. I 2019 starta dei opp ein node i Etne. Det er no fire tilsette i næringsshagen, og dei har faste kontordagar i Etne. Medvind Næringshage driv ein eigen nettportal, med nyhende og reportasjar frå næringslivet i distriktet.

Inkubatorane i Vestland

Ein inkubator er eit innovasjonsselskap, eller del av eit innovasjonsselskap, som tilbyr gründerbedrifter og etablert næringsliv rådgeving innan forretningsutvikling og kommersialisering til ein subsidiert kostnad. Dei tilbyr òg kontorplass, eit fagleg miljø og nettverk der bedriftene koplast saman med andre bedrifter, academia, FoU-miljø og investorar. Dei mottek årleg mellom 1,5 - 5 millionar avhengig av kvar dei er i Siva sin støttepyramide. Dette er eit resultat av ein omfattande differensieringsprosess som Siva har gjennomført. No når fylkeskommunen har fått oppdragsgivaransvar for inkubatorprogrammet vil vi kunne påverke desse avgjerdene og dette kan vere tema i utvikling av ein framtidig strategi. Inkubatorane får tilgang til Siva sine utdanningsprogram, kurs, nettverksarenaer, metodikk, malar og beste praksis for forretningsutvikling og kommersialisering.

Over 2000 bedrifter nasjonalt er med i inkubasjonsprogrammet. Bedriftene er normalt sett i inkubasjon i 2 år, slik at rundt 1000 bedrifter vert tatt ut av programmet kvart år.

Av 34 inkubatorar nasjonalt er det no 5 inkubatorar i Vestland:

Industriutvikling Vest AS

Industriutvikling Vest AS (IUV) vart etablert i 2011. Visjonen er at industriinkubatoren skal utvikle ny lønnsam forretningsverksemd med utgangspunkt i bedriftene på Mongstad spesielt og Nordhordland og Bergensregionen generelt. Mongstad er eit godt utgangspunkt for utvikling av nye forretningskonsept, då regionen har betydeleg industriell kompetanse, råvare tilgang, godt etablert infrastruktur, utvikla nettverk og mange etablerte bedrifter. Hovudkontoret har no flytta frå Mongstad til kommunesenteret Knarvik. Det er no tre stillingar knytt til IUV. I 2019 søkte og fekk IUV geografisk utviding, og det vert no arbeida med å utvikle ein node på Osterøy. IUV får i perioden 2018 - 2020 kr 600.000 i partnarskapsmidlar frå fylkeskommunen.

Atheno AS

Atheno vart etablert i 1987, og er ein medlemsorganisasjon for næringslivet i Sunnhordland. Atheno har mange ulike prosjekt knytt til blant anna omstilling, samt ein industriinkubator. Inkubatoren har sitt utspring frå industrien i Sunnhordland, men er som næringslivet elles i konstant utvikling. Difor har inkubatoren i dag deltakarar frå ulike bransjar. I 2019 fekk Atheno midlar til bransjeutviding mot energiløysingar for maritim bruk. Atheno har no seks tilsette. Atheno får i perioden 2018 - 2020 kr 600.000 i årlege partnerskapsmidlar frå fylkeskommunen.

Vestlandets Innovasjonsselskap AS

Vestlandets Innovasjonsselskap AS (VIS), tidlegare Bergen Teknologioverføring AS (BTO), er eit selskap som er eigd av Universitetet i Bergen, Helse Bergen, Havforskningsinstituttet, Høgskulen på Vestlandet, Norges Handelshøyskole og Siva for å identifisere, evaluere, utvikle og realisere forskingsresultat som kan ha kommersielt og/eller samfunnsøkonomisk potensial. Stifta i 2004, og endra namn til VIS i 2019. VIS har tre inkubatorar; Nyskapingsparken, Mediekuben og Fintech. VIS Nyskapingsparken får i perioden 2018 - 2020 kr 700.000 i årleg støtte frå fylkeskommunen. VIS Mediekuben får tilsvarande kr 400.000 i årlege partnerskapsmidlar. I 2018 fekk VIS bransjeutviding til Fintech av Siva si ekstra satsing på næringshagar og inkubatorar.

Aksello

Aksello var industriinkubator gjennom Siva sitt nasjonale inkubatorprogram i perioden 2011-2016. Frå 2017 fekk Aksello ny avtale med Siva fram til 2022. Inkubatoren er open for alle bransjar, men har eit særleg godt nettverk og kompetanse innan havnæringane marin, maritim og petroleum. Aksello nyttar vel 2 årsverk knytt til inkubatoren, i tillegg vert det nytta eksterne rådgjevarar. Aksello har no 8-10 bedrifter i preinkubasjon eller inkubasjon. I 2020 er måttalet 20 bedrifter i inkubasjon i løpet av året. Aksello får i 2020 kr. 700 000 i støtte frå fylkeskommunen.

Kunnskapsparken Sogn og Fjordane

Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane har vore operatør for Siva sitt inkubatorprogram sidan 2006. Kunnskapsparken er ein FoU inkubator, som har dekkja heile Sogn og Fjordane. Inkubatoren har ei distribuert løysing og tek opp vekstbedrifter som av ulike årsaker ikkje kan flytte inn i inkubatoren sine faste lokalar. Kunnskapsparken er lokalisert i Sogndal, men har også lokalar i Førde og Stryn. Kunnskapsparken fekk i 2019, saman med næringshagane i Nordfjord og Sognefjorden Næringshage, geografisk utviding til Askvoll, Fjaler, Sunnfjord (Førde, Gaular, Jølster og Naustdal). Totalt er om lag 5 årsverk knytt til inkubatoren i Kunnskapsparken Sogn og Fjordane, i tillegg blir det nytta eksterne rådgjevarar. I 2019 var det 37 bedrifter i preinkubasjon eller inkubasjon i løpet av året. I 2020 er måttalet 40. Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane får i 2020 kr. 1 100 000 i støtte frå fylkeskommunen.

Katapult-senter i Vestland

Norsk katapult er ei ordning for etablering og utvikling av «katapult-senter». Bedrifter får enkel tilgang til utstyr og plass til å utvikle prototyper, teste, visualisere og simulere, - slik at idear vert utvikla raskare, betre og med mindre risiko. Ideen er å gjere vegen frå konseptstadiet til marknadsintroduksjon enklare for norsk industri. Ordninga er etablert for å styrke innovasjonsevna for små og mellomstore bedrifter over heile landet. Ambisjonen er å bygge ein infrastruktur for innovasjon med 7-9 nasjonale katapult-sentre på område av stor verdi for framtidig industri i Norge. Siva forvaltar ordninga på vegne av Nærings- og fiskeridepartementet, og i tett samarbeid med Innovasjon Norge og Forskningsrådet.

Det er i dag 5 katapultsentre i Norge. I Vestland fylke har vi desse 2 organisasjonane;

Sustainable Energy

Senteret dekkjer ulike ferdigstillingsnivå frå utvikling og testing av prototype i laboratoriet, til ferdige produkt for vidare testing i operative anlegg på land, på skip og i sjø. Hovudsete Sunnhordland.

Ocean Innovation

Senteret tilbyr test-, simulering og verifiseringsfasilitetar for å legge til rette for effektiv prototyping, i tillegg til opplæring, trening og seminar i samarbeid med våre partnerar. Hovudsete Bergen.

I tillegg til katapult-sentera som er etablert i Vestland har Katapulten Manufacturing technology på Raufoss samarbeidsavtalar med miljø i Førde, Årdal og Osterøy (nodar).





Klyngene i Vestland

Klyngeprogrammet består av klynger på tre nivå: Arena, Arena Pro og Global Centre of Expertise (GCE). Norwegian Centre of Expertise (NCE) er ikkje lenger eit program, men eit merkenamn som klynger kan kvalifisere seg til. Ein har og eit tidlegfase program for innovative nettverk, gjennom ein kartleggingsfase avklarar ein ambisjonar og vegen vidare for nettverket. Neste steg kan mellom anna vere å jobbe for å bli ei klynge i programma, bli ein node til ei eller fleire klynger, eller bli med i andre bedriftsutviklingsprosjekt.

Å oppnå klyngestatus gjev nasjonal og internasjonal prestisje, men ikkje minst langsiktig nasjonal finansiering til å utvikle samarbeid mellom bedriftene. Ingen andre fylke har lukkast i å få etablert fleire nasjonale og internasjonale næringsklynger.

Klyngene er av natur retta mot samarbeid og ikkje avgrensa til fylke, men har geografisk bestemte tyngdepunkt og leiing.

Fylkeskommunane har bidrege sterkt til utvikling av dei fleste klyngene. Vår rolle har til dømes vore å bidra i arbeidet med å få etablert organisasjonane, rettleiing og rådgiving i søknadsprosessar, spele inn fylkeskommunale prioriteringar og faglege bransjeinnspel, samt vert inne med finansiell stønad gjennom forprosjekt og i driftsfase. Fylkeskommunen er også med å vurdere søknadane som er kome inn og gir innspel til Innovasjon Norge som har det endelege ansvaret. Fylkeskommunen stiller òg med observatørar eller styremedlem i dei fleste organisasjonane.

 <p>Arena Arena-nivået består i dag av 20 klyngeprosjekt med bedrifter som ønsker å styrke sin langsiktige innovasjonsevne gjennom samarbeid.</p>	 <p>Arena Pro Arena Pro delen av klyngeprogrammet skal stimulere klyngene til videreutvikling av klyngens strategiske betydning utover å være en koblings- og en samhandlingsarena.</p>
 <p>NCE NCE bidrar til å målrette, forbedre og akselerere pågående utviklingsprosesser i norske klynger. Norge har i dag 12 NCE-klynger med bedrifter som hevder seg innenfor sine felt i det globale markedet.</p>	 <p>GCE Verdensledende klynger med potensiale til vekst i internasjonale markeder. Norge har i dag tre sterke GCE-klynger med bedrifter som kan hevde seg i verdenstoppen innenfor sine felt.</p>

Figur 3. Innovasjon Norge sin oversikt over klyngeprogrammet

I Vestland fylke har vi desse 7 klyngemiljø innafor ulike klyngeprogramma;

Arena-nivået

Arena-programmet vart starta i 2002 og tilbyr finansiell og fagleg støtte til langsiktig utvikling av regionale næringsmiljø. Formålet er å stimulere til auka innovasjon og styrka konkurranseevne basert på samarbeid mellom bedrifter, FoU- og utdanningsmiljøa og offentlege utviklingsaktørar. Prosjektperioden er 3 år, som i spesielle tilfelle kan forlengast til 5 år.

Arena Ocean Hyway Cluster

Føremålet er å realisere bruk av hydrogen som drivstoff i skipsfarten. Målet er at Norge blir leiande i verda på bruk av hydrogen. Klynga blei tatt opp i Arenaprogrammet hausten 2018. Hovudsete er i Florø, men klynga har også medlemmer både nasjonalt og internasjonalt.

Arena NOSCA Clean Oceans

Ny klynge som vart tatt opp i programmet i 2019. Føremålet er å nytte teknologi utvikla for oljeforureining til nye område som plast, partikkel og alge bekjemping. Hovudsete Bergen/Askøy

Human Innovation (tidlegare DesignArena)

Human innovation hadde frå 2013 til 2018 status som Arenaklynge med fokus på berekraftig samfunns- og næringsutvikling med mennesket i sentrum. I 2018 søkte Human Innovation om å få status som NCE, men nådde ikkje opp.

Norwegian Centre of Expertise (NCE)

NCE-programmet vart etablert i 2006 og blei i 2014 ein del av Norwegian Innovation Clusters-programmet. Programmet rettar seg mot dynamiske næringsklynger, som har etablert systematisk samarbeid og som har potensiale for vekst i nasjonale og internasjonale marknader. Innan respektive sektorar og teknologiområde, skal klyngene ha ein nasjonal posisjon. Norwegian Innovation Clusters-programmet bidrar til å målrette, betre og akselerere pågåande utviklingsprosessar i klyngene.

NCE Maritime CleanTech

Hovudmålet til klynga er å styrke klyngedeltakarane si konkurransevne ved å lansera innovative løysingar for energieffektive og miljø- og klimavenlege maritime aktivitetar. Hovudsete i Bergen/Sunnhordland.

NCE Seafood

Målet er å leggje til rette for berekraftig vekst og utvikling av sjømatproduksjon. Hovudsete i Bergen

NCE Media

Klynga har som mål å bidra til å utvikle medieklynga i Bergen til eit internasjonalt leiande miljø for innovasjon og kunnskapsutvikling innan mediefeltet, med særleg fokus på visualiseringsteknologiar. Hovudsete i Bergen.

NCE Finance Innovation

Målet er å skape nye finansielle tenester og løysingar gjennom eksisterande og nye selskap. Vidare å auke eksporten av finansteknologi (fintech) til internasjonale og globale marknader. Hovudsete i Bergen

NCE Tourism

NCE Tourism var ei reiselivsklynge i perioden 2009-2019. Målet til klynga var å utvikle, teste og kople kjøparar av og tilbydarar av opplevingsprodukt. I løpet av denne perioden hadde det opplevingsbaserte reiselivet ein god vekst både i vår region og i resten av landet.

ARENA Pro

Arena Pro er eit femårig program og blei oppretta i 2019 for å imøtekome ønskje om endringar i, og forslag til forbetring av programmet. Klynger som er kvalifisert til NCE kan søkje om å nytte merkenamnet i løpet av Arena Pro-perioden. Det er per I dag ingen Arena Pro-klynger i Vestland.

Global Centre of Expertise (GCE)

GCE-programmet er retta mot modne klynger som allereie har eit systematisk samarbeid på strategiske område, både innad i klynga, men og internasjonalt med FoU-institusjonar og andre relevante partnarar. Bedriftene i klynga skal være en del av ein global verdikjede, og det skal vere stort potensiale for vekst i både nasjonale og internasjonale marknader. Innan respektive sektorar og teknologiområde, skal klyngene ha ein global posisjon.

GCE Ocean Technology

Klyngen består av over 100 verksemder som utviklar og leverer kompetanse og teknologi til installasjon, drift og vedlikehald av undervannsinstallasjonar globalt. Hovudsete i Bergen

Regionale satsingar

I tillegg til næringshagar, inkubatorar og klyngar i Vestland fylke har ein og fleire regionale satsingar som òg er med på å bidra til verdiskaping, innovasjon, næringsutvikling og kompetanseutvikling. Under omtalar vi nokon av desse.

Gründermiljø

Gründerparker og andre gründermiljø er òg med på å støtte oppunder og leggja til rette for etablerarar, gründerar og andre aktørar som har behov for eit gründermiljø og kontorfellesskap. Ved å ha nokre regionale satsingar sikrar ein at det òg er eit tilbod og miljø til dei som ønskjer å starte eigen bedrift i områdar kor det ikkje er eit tilbod om næringshage eller inkubator.

I Vestland har vi fleire gründermiljø som får støtte frå fylkeskommunen, blant anna Gründerparken Vest (Øygarden), Bjørnafjorden Gründerpark, Impact Hub Bergen og Næringshagen i Odda. Vi har og andre viktige gründermiljø som ikkje får støtte frå fylkeskommunen, til dømes Peak Sunnfjord i Førde og gründermiljø på Campus Sogndal.

Innovative nettverk

P-IRIS - er eit internasjonalt prosjekt finansiert av Interreg Europe og dei deltakande partnerorganisasjonane. Sogn og Fjordane fylkeskommune tok initiativ til prosjektet og er leiande partner i prosjektet, som starta i januar 2017 og går ut juni 2021. Klynger er innovative nettverk. Det er slik at dei fleste klyngene som får finansiering gjennom klyngeprogrammet er frå sentrale områder. I P-IRIS prosjektet ser ein på korleis ein kan bygge innovative nettverk også i rurale områder. Kanskje er det uavhengige nettverk eller dei kan vere nodar som er kopla til klynger i klyngeprogrammet. Til dømes er Hub for Ocean i Florø ein node til GCE Ocean Technology. Det nye klyngeprogrammet legg mindre vekt på geografisk konsentrasjon og opnar opp for at etablerte klynger i større grad må ta eit nasjonalt ansvar.

Med utgangspunkt frå P-IRIS jobbar ein no med å utvikle kompetanse knytt til det å initiere, utvikle og omstille innovasjonsnettverk og klynger. To miljø i Sogn og Fjordane har fått plass i det som er introduksjonsmodulen i klyngeprogrammet. Det har vore liknande mobilisering knytt til nettverk i Hordaland.

I tillegg ser ein på moglege pilotprosjekt for å få røynsle med hub (senter) - node (distrikt) samarbeid. Det betyr at eit ikkje-komplett innovasjonsnettverk i Vestland knyter seg opp mot ei moden klynge. Det er mange sterke miljø mellom anna i Måløy, Eid, Stryn, Sandane, Årdal, Osterøy, Sogndal, Førde, Florø eller Sløvåg, som har uttrykt at dei treng eksterne samarbeidspartnarar for å bli sterke.

Det er eit langsiktig mål i prosjektet at klyngepolitikken også skal vere relevant for innovative næringsmiljø i distriktssamfunn. Nasjonale program bør legge til rette for å utvikle hub-node samarbeid.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har støtta fleire innovative nettverk økonomisk i investeringsfasen ved etablering. Felles for dei er at det er nettverk der samarbeid mellom akademia og næringsliv er sentralt. Vi kan nemne SITEP i Årdal, som er knytt til Katapulten på Raufoss, Førde Campus Verftet, og Fjordane Virtuelle Campus.

Regionale samarbeid på tvers av nasjonale program

Inunet

Inunet er eit nettverk av næringshagane, inkubatorane, Innovasjon Norge og fylkeskommunen i Hordaland. Nettverket søker kompetanseheving saman, deler kunnskap, og har oppretta andre prosjekt og initiativ saman. I 2018 inviterte miljøa i Hordaland med seg miljøa i Sogn og Fjordane, og alle deltek no i Inunet.

Innovasjonsstrukturprosjektet

Næringshagane i Nordfjord, Sognefjorden Næringshage, og Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane samarbeider om eit prosjekt der målet er å styrke organisering av innovasjonsstrukturen og samkøyre verktøy for innovasjon og verdiskaping. Aktørane ser at ein ved å stå saman kan yte betre tenester til næringslivet gjennom større bredde i kompetanse, nettverk og verkemiddel, og ein vil i enno større grad vere i stand til å hente ut synergjar mellom innovasjonsvirkemiddel, nettverk og kompetanse på tvers av miljøa.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon kan gjere vedtak om revidering av ordning for næringsretta partnerskapsmidlar og samarbeidsavtalar

Vurderingar og verknader

Økonomi: Fylkeskommunen har fått oppdragsgivaransvar for Siva sitt næringshage og inkubatorprogram og fleire av Innovasjons Norge sine program, vi er også sterkt involvert i Innovasjon Norge sine klyngeprogram.

Klima: Arbeid med næringsutvikling kan knytast opp mot klimamålsettingar.

Folkehelse: Arbeidet i dei nasjonale programma er viktig for å utvikle nærings- og arbeidslivet i heile fylket. Arbeid er viktig for folkehelsa.

Regional planstrategi: Arbeid med dei nasjonale programma bidrar til å nå målsettingar for innovasjon og næringsutvikling i regional planstrategi

Konklusjon

Det er trong for å vurdere framtidige satsingar basert på resultatane frå dei etablerte prosjekta. Ein må også sjå dette i lys av fylkeskommunen sine nye oppdragsgivaransvar, nye politiske prioriteringar, vist gjennom planprogram og andre gjeldande planar. Det vert foreslått å utvikle ein strategi for å få mest mogleg ut av dei eksisterande satsingane, forenkle strukturen og vurdere framtidige satsingsfelt. Det er vidare ynskjeleg å sjå denne strategien i samanheng med regionale satsingar.

Dette kan best gjerast gjennom ein brei, men effektiv, strategiprosess. Det er sentralt å involvere næringslivet i ein tidleg fase gjennom organisasjonane, dei allereie etablerte organisasjonane i programma og dei ulike regionale råda i fylket. Styringsdialogen som er planlagt med Innovasjon Norge Vestland og Siva vil også påverke arbeidet. Samarbeidsavtalen mellom Norges Forskingsråd, Innovasjon Norge Vestland, Siva og fylkeskommunen kan også påverke strategien. Prosessen skal resultere i ein strategi for politisk vedtak som blir lagt fram som eit eige strategidokument, eller inngå som del av ny (regional) næringsplan. Framdrift vil samtidig vere avhengig av nasjonale prosessar.

Saknr: 2020/40555-1
Saksbehandlar: Kristin Arnestad

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon	13/20	11.03.2020

Retningslinjer for verkemiddelbruk Innovasjon og næringsutvikling

Forslag til vedtak

- Hovudutval for innovasjon og næringsutvikling vedtek overordna føringar for handsaming av søknader innan sektoren.
- Viktige prinsipp for tildeling av midlar:
 - **Distrikt- og regionalpolitisk verknad:** Søkjar skal synleggjere at prosjektet har distrikt- og regionalpolitisk verknad.
 - **Utløysande effekt:** Tilskot frå fylkeskommunen skal ha utløysande effekt. Det vil seie at utviklingsprosjektet ikkje vil bli gjennomført utan tilskotet frå fylkeskommunen, eller at det ikkje vert gjennomført i ønska omfang eller til ønska tid.
 - **Effekt over eit større geografisk område:** Mindre prosjekt utan regional effekt eller overføringsverdi i form av tema eller metodeutvikling får normalt ikkje støtte.
 - **Drift eller investeringar i lovpålagde oppgåver**
Midlane skal ikkje nyttast til investeringar i statlege, fylkeskommunale eller kommunale lovpålagde oppgåver. Dette gjeld også når private tek over det operative ansvaret for å utføre slike oppgåver på vegne av det offentlege.
 - **Driftskostnader og vedlikehald**
Driftskostnader i næringsverksemd eller organisasjonar kan normalt ikkje støttast om det ikkje er ein del av eit definert utviklingsprosjekt. Vedlikehald av aktivitet vert heller ikkje støtta. Vedlikehald er aktivitetar som er naudsynte for å vidareføre eit produkt eller ei teneste på same nivå som i dag. I nokon høve kan fylkeskommunen løyve midlar til godt grunngjevne tiltak med form av drift.
 - **Prosjekt**
Det kan bli gitt støtte til prosjekt som del av lokalt og regionalt utviklingsarbeid i inntil 5 år.
 - **Gjennomføringsevne**
Det vil bli lagt vekt på at søkjar har gjennomføringsevne. Det vil mellom anna seie at det vert vurdert kva kompetanse søkjar har eller vil knyte til seg, organisering og metodebruk og sårbarheita i prosjektet. Prosjektsøknaden må vere realistisk, og risikofaktorane må vere klargjort.
- Maksimal støttedel frå fylkeskommunen er normalt inntil 50 % av totalbudsjettet til prosjektet (eks. mva). I særskilde tilfelle som til dømes forstudiar og forprosjekt kan prosjekt støttast med ein høgare sats. Dette skal grunngjevast særskilt i saksutgreiing.
- Reglar for godkjent timesats for eige arbeid følgjer Innovasjon Norge sine til ein kvar tid gjeldande reglar.

5. Prosjekt kan normalt ikkje kan få støtte frå fleire finansieringskjelder som fylkeskommunen disponerer, eller har overført til andre.
6. Fylkesdirektør for innovasjon og næring har høve til å gje administrative avslag dersom prosjektet ikkje er innanfor gjeldande retningslinjer og prioriterte satsingar.
7. Etter at tilskot er gitt må tilskotsmottakar søkje fylkeskommunen dersom dei ynskjer å få gjere større endringar i prosjektet. Fylkesdirektør for innovasjon og næring får fullmakt til å vurdere om slike endringar skal godkjennast.

Samandrag

I denne saka gjer vi framlegg om vedtak av retningslinjer for verkemiddelbruk for Innovasjon og næringsutvikling. Retningslinjene skal slå fast nokre overordna prinsipp for verkemiddelbruken, og sikre lik handsaming av søknader.

Bård Sandal
fylkesdirektør

Mette Nora Sætre
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Framlegg til retningslinjer for verkemiddelbruk Innovasjon og næringsutvikling

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Innleiande

Vi har utforma retningslinjer for verkemiddelbruk for innovasjon og næringsutvikling. Retningslinjene er utarbeida med utgangspunkt i praksis frå begge fylka, og politisk vedtekne retningslinjer som ein har hatt i nordre del av fylket.

Retningslinjene skal saman med handlingsprogram for innovasjon og næring, og utlysingstekst vere førande for handsaming av søknader innan området.

Om retningslinjene

Føremål

Retningslinjene skal slå fast overordna tverrgåande prinsipp som gjeld for verkemiddelbruken, og sikre lik handsaming av søknadane.

Saman med utlysingstekst ser sækjarane kva som er prioritert og ikkje, og kva dei skal rette seg etter i arbeid med søknad. Sakshandsamarane nyttar retningslinjene i vurderinga, og etablerer felles praksis. Hovudutvalet vedtek retningslinjene, som utvalet skal legge til grunn ved handsaming av saker om tildeling av midlar.

I begge fylka har det vore ein etablert praksis for sakshandsaming, som dels har vore skriven ned. Mykje har vore likt, men noko har nok også vore ulikt. I oppstarten av nytt fylke og med ny organisasjon og «nye» verkemiddel er det særleg viktig å slå fast nokre overordna prinsipp for sakshandsaminga.

Om handsaming av søknader

Midlar sett av til utlysing i handlingsprogrammet for innovasjon og næring blir snarleg lyst ut, med tre søknadsfristar i 2020. Det er venta mange søknader, innan ulike tema og fagområde. Det er viktig å sikre lik handsaming av søknadane. Retningslinjene er også tenkt å gjeld for andre utlysingar, der anna ikkje er særskilt bestemt.

På fleire område er det opna for å gjere skjønnsmessige vurderingar, men då skal dette grunnjevast i saksutgreiingane.

Kva retningslinjene skal vere - og ikkje vere

Vi ynskjer at retningslinjene skal vere kortfatta og enkle å finne fram i. Retningslinjene slår fast overordna generelle prinsipp som gjeld for verkemiddelbruken. Retningslinjene bør vere korte og konsise på prinsipp for tildeling av midlar. Informasjon om saksgang, brukarhjelp, regelverk for klage og linkande vil gå fram av utlysingstekst og vi finn det ikkje naturleg å ta det inn i retningslinjene.

Utforming av ein verkemidelpolitikk; mål og resultatvurdering, utforming av verkemiddel mm. utover det som ligg i handlingsprogrammet tenkjer vi er eit større arbeid knytt til nytt regionalt planarbeid.

Vedtakskompetanse

Hovudutvalet har i følgje Reglement for hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon, avgjerdsmynde i tilskotssaker vedkomande regional næringsutvikling. Vi legg til grunn at hovudutvalet også har avgjerdsmynde når det gjeld føringar for vedtak i tilskotssaker.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Denne saka har ikkje direkte konsekvensar for sektoren sin økonomi, men retningslinjene vil vere førande for handsaming av søknadar og såleis kunne ha verknad på utvalet sine økonomiske disposisjonar seinare

Klima: Retningslinjene slår fast at Klimaomsyn og berekraft er grunnleggjande premisser ved tildeling av midlar.

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Konklusjon

Vi trur retningslinene for verkemiddelbruk vil vere eit nyttig dokument både for s kjarar, administrasjon og politikarane og r r til at retningslinene blir vedtekne som tilr dd.

RETNINGSLINER FOR VERKEMIDDELBRUK - INNOVASJON OG NÆRINGSUTVIKLING – FRAMLEGG TIL HOVUDUTVAL FOR INNOVASJON OG NÆRING 12.03.2020

Retningslinene gjeld frå 12.03.2020

1. Innleiing

Retningslinene gjeld for næringsretta tilskotsmidlar frå Vestland fylkeskommune med delegert forvaltning til hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon.

Retningslinene omfattar både midlar frå statlege ordningar og eigne fylkeskommunale midlar der ikkje anna er vedteke.

Dette dokumentet skal bidra til målretta bruk av midlane og mest mogleg sams sakshandsaming. Saman med utlysingstekst vil retningslinene gjere det tydelegare kva midlane kan nyttast til, og gjere støtteordningane lettare forståeleg for målgruppene.

Regionale utviklingsmidlar forvalta av hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon skal nyttast i tråd med regionale føringar vist i fylkeskommunale planar, handlingsprogram, og budsjett.

Desse retningslinene er overordna og generelle. For ulike satsingar og ordningar kan det vere særlege som regulerer bruken av midlar.

Klimaomsyn og berekraft er grunnleggjande premissar ved tildeling av midlar. I vurdering av søknader legg vi vekt på effekten prosjektet vil ha på verdiskaping og sysselsetting i regionen eller fylket, og om prosjektet er nyskapande og framtidsretta.

2. Kva type prosjekt kan støttast?

Fylkeskommunen støttar tilretteleggjande tiltak. Tilretteleggjande tiltak adresserer meir generelle utfordringar, og er tiltak på samfunnsnivå. Fylkeskommunen gjev vanlegvis ikkje direkte støtte til enkeltbedrifter. Denne type støtte vert handtert gjennom Innovasjon Norge, regionale etablerarfond eller kommunale næringsfond.

I hovudsak skal midlane gå til mjuk infrastruktur som til dømes klyngesamarbeid, utviklingsarbeid, kompetanseheving og tilrettelegging for næringsutvikling. Unnataket er ordningar der det særskilt vert opna for å støtte fysisk infrastruktur og grunnlagsinvesteringar.

Viktige prinsipp

- **Distrikt- og regionalpolitisk verknad:** Søkjar skal synleggjere at prosjektet har distrikt- og regionalpolitisk verknad.

- **Utløysande effekt:** Tilskot frå fylkeskommunen skal ha utløysande effekt. Det vil seie at utviklingsprosjektet ikkje vil bli gjennomført utan tilskotet frå fylkeskommunen, eller at det ikkje vert gjennomført i ønska omfang eller til ønska tid.
- **Effekt over eit større geografisk område:** Mindre prosjekt utan regional effekt eller overføringsverdi i form av tema eller metodeutvikling får normalt ikkje støtte.
- **Drift eller investeringar i lovpålagde oppgåver**
Midlane skal ikkje nyttast til investeringar i statlege, fylkeskommunale eller kommunale lovpålagde oppgåver. Dette gjeld også når private tek over det operative ansvaret for å utføre slike oppgåver på vegne av det offentlege.
- **Driftskostnader og vedlikehald**
Driftskostnader i næringsverksemd eller organisasjonar kan normalt ikkje støttast om det ikkje er ein del av eit definert utviklingsprosjekt. Vedlikehald av aktivitet vert heller ikkje støtta. Vedlikehald er aktivitetar som er naudsynte for å vidareføre eit produkt eller ei teneste på same nivå som i dag. I nokon høve kan fylkeskommunen løyve midlar til godt grunngjevne tiltak med form av drift.
- **Prosjekt**
Det kan bli gitt støtte til prosjekt som del av lokalt og regionalt utviklingsarbeid i inntil 5 år.
- **Gjennomføringsevne**
Det vil bli lagt vekt på at søkjar har gjennomføringsevne. Det vil mellom anna seie at det vert vurdert kva kompetanse søkjar har eller vil knyte til seg, organisering og metodebruk og sårbarheita i prosjektet. Prosjektsøknaden må vere realistisk, og risikofaktorane må vere klargjort.

Høve til å gje administrative avslag og godkjenne mindre endringar i tilskot

Fylkesdirektør for innovasjon og næring har høve til å gje administrative avslag dersom prosjektet ikkje er innanfor gjeldande retningslinjer og prioriterte satsingar.

Etter at tilskot er gitt må tilskotsmottakar søkje fylkeskommunen dersom dei ynskjer å få gjere større endringar i prosjektet. Fylkesdirektør for innovasjon og næring får fullmakt til å vurdere om slike endringar skal godkjennast.

3. Finansiering

Maksimal støtte

Maksimal støttedel frå fylkeskommunen er normalt inntil 50 % av totalbudsjettet til prosjektet (eks. mva). I særskilde tilfelle som til dømes forstudiar og forprosjekt kan prosjekt støttast med ein høgare sats. Dette skal grunngjevast særskilt i saksutgreiing.

Sats for eige arbeid i prosjekt/krav til oppfølging

Godkjent timesats for eige arbeid er normalt maksimalt kr. 700. Timesats kan i nokre

tilfelle reknast ut frå 1,2 promille av årslønn eller ved skjønn. Tal timar skal spesifiserast både i søknad og ved levering av rapport/rekneskap.

Samfinansiering Prosjekt kan normalt ikkje kan få støtte frå fleire finansieringskjelder som fylkeskommunen disponerer, eller har overført til andre.

Saknr: 2020/41440-1
Saksbehandlar: Kathrin Jakobsen

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon	14/20	11.03.2020
Hovudutval for opplæring og kompetanse	13/20	10.03.2020

Regional kompetansepolitikk - status og vegen vidare

Forslag til vedtak

1. For Vestland fylkeskommune er den regionale kompetansepolitikken eit viktig satsingsområde. Denne omfattar fleire politikkområde; Utdanningspolitikk, nærings- og arbeidsmarknadspolitikk og integrerings-/inkluderingspolitikk og som må løftast høgt i Vestland fylkeskommune.
2. Vestland fylkeskommune skal sikre at det blir etablert strukturar og utvikla tilbod på kompetansefeltet som dekkjer alle delar av Vestland fylke.
3. Det vert viktig å arbeide vidare med å påverke nasjonale myndigheiter til å overføre forvaltinga av stønadsmidlar til kompetanseutvikling regionalt til fylkeskommunane.

Samandrag

Gjennom regionreforma har fylkeskommunane fått eit større strategisk ansvar for den regionale kompetansepolitikken. Saka gjev ein gjennomgang av korleis Hordaland og Sogn og Fjordande har arbeida med dette feltet frem til samanslåinga. Dei tre hovudområda for det regionalpolitiske arbeidet er plan/strategiarbeid, partnerskapsarbeid og kunnskapsgrunnlag. Til sist i saka vert det gjeve ei skildring av vegen vidare for Vestland fylke på dei ulike områda innanfor kompetansepolitikken.

Bård Sandal
fylkesdirektør

Kathrin Jakobsen
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kompetansepolitikken er ikkje eit eige politikkområde, men omfattar både utdanningspolitikk, som primært er retta mot tilbodssida i arbeidsmarknaden (utdanningsinstitusjonane) og næringspolitikk, som primært er retta mot etterspurnadssida i arbeidsmarknaden (arbeidslivet). Avdeling for opplæring og kompetanse og Avdeling for innovasjon og næringsutvikling vil jobbe tett saman for å sikre ein god balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft i Vestland fylke. Integrerings-/inkluderingspolitikken er eit anna politikkområde som må koplust på dette arbeidet. På denne måten kan ein sikre at arbeidet med å utvikle kompetansen til dei som står utanfor arbeidsmarknaden blir tilpassa arbeidslivets behov slik at dei kan vere relevante for framtidens arbeidsliv.

Regjeringa har sett kompetansepolitikken høgt på dagsorden. I den nasjonale kompetansestrategien som blei vedtatt i februar 2017 blei det presisert at fylkeskommunane sitt kompetansepolitiske ansvar og samordningsrolle skulle styrkast og at det skulle leggjast betre til rette for regionalt samarbeid mellom ulike kompetanseaktørar. Dette var i tråd med tilrådingane frå OECD. Då OECD i 2014 skulle peike på dei viktigaste utfordringane Noreg har på kompetansefeltet, var manglande ansvarleggjering av det regionale nivået i kompetansepolitikken ei av dei utfordringane dei trekte fram. Det følgde likevel ikkje midlar med denne oppgåva då den blei lagt til fylkeskommunane.

Kunnskapsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet tok i 2016 initiativ til et nasjonalt pilotprosjekt om regional kompetansepolitikk. Hordaland fylkeskommune var koordinator for dette prosjektet, som hadde som mål å styrke fylkeskommunane sitt arbeid med å utvikle regionale kompetanseplanar. Prosjektet skulle også komme med forslag til god praksis. Sluttproduktet frå prosjektet var med anna eit forslag til 3 felles pilarar som den regionale kompetansepolitikken skulle kvile på:

- 1) Ein regional kompetanseplan/-strategi
- 2) Eit regionalt kompetanseforum
- 3) Eit oppdatert kunnskapsgrunnlag

Føremålet med dette var å gjere den regionale kompetansepolitikken gjenkjenneleg på tvers av fylka og vise nasjonale styresmakter at fylkeskommunane var rusta til å ta den nye samordningsrolla. Fylkesrådmannskollegiet vedtok dette forslaget einstemmig i 2018. Alle fylkeskommunane har med dette forplikta seg til å etablere desse tre pilarane.

Både Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune har etablert dei tre pilarane, men har jobba noko ulikt innafor denne ramma. Det er viktig å løfte dette politikkområdet høgt i Vestland fylkeskommune og vidareføre det gode arbeidet som er gjort i begge fylka, samstundes som det må gjerast nye grep.

Status

Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune har hatt ulike tilnærmingar til kompetansepolitiske arbeidet på grunn av ulike strukturar og ulikt utfordringsbilette.

Pilar 1: Ein regional kompetanseplan/-strategi

Hausten 2017 vedtok fylkestinget i Hordaland fylkeskommune ein regional plan for kompetanse og arbeidskraft. Det overordna målet var å få ein betre balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft i den regionale arbeidsmarknaden.

Eit gjennomgåande prinsipp i planen var at arbeidslivets behov skulle vektleggjast i større grad enn før.

Planen har tre satsingsområde med tilhøyrande mål:

1. Nye krav til kompetanse:
Mål: Arbeidslivet i Hordaland skal ha naudsynt kompetanse for å kunne møte framtidige omstillingsbehov
2. Tilstreккеleg og relevant arbeidskraft:
Mål: Arbeidslivet skal ha tilgang til tilstrekkeleg og relevant arbeidskraft for å kunne oppretthalde drifta og ekspandere etter behov:

3. Karriererettleiing:

Mål: Innbyggjarane i Hordaland skal ha tilstrekkeleg tilgang til profesjonell, offentlig og gratis karriererettleiing, med vekt på karrierelæring, i den livsfasen dei er i.

I Sogn og Fjordane var kompetanse ein integrert del i Verdiskapingsplanen. I tillegg er det utarbeidd ein regional kompetansestrategi med følgjande innsatsområde:

1. Verdiskaping:
 - Etablere eit regionalt partnerskap i arbeidet med å identifisere potensialet for fellessatsingar innan digitalisering i kommunal sektor i regi av IT-forum.
2. Arbeidskraftbehov:
 - Manglande kapasitet og kompetanse i arbeidsstyrken i Sogn og Fjordane, både på kort og lang sikt.
3. Utdanningsstrategiar
 - Legge til rette for heile og attraktive utdanningsløp som gjer at kompetansen og arbeidskrafta i større grad blir i Sogn og Fjordane.
 - Styrke rekrutteringa til real - og yrkesfagutdanningar.

Pilar 2: Eit regionalt kompetanseforum

I regional plan for kompetanse og arbeidskraft i Hordaland var det viktigaste strategiske grepet å få til eit forpliktande samarbeid mellom næringslivet, offentlig sektor og utdanningsaktørane. I planen blei det sett som krav at samarbeidsmodellen skulle ivareta geografiske forskjellar, involvere dei viktigaste bransjane og sektorane og bygge vidare på etablerte samarbeidskonstellasjonar.

Det resulterte i etableringa av Kompetanseforum Hordaland, lokale kompetanseforum i fem delregionar og kontaktpunkt i dei viktigaste sektorane og bransjane. Kompetanseforum Hordaland skal følgje opp kompetanseplanen og handlingsprogrammet. Dei lokale kompetanseforuma skal fange opp kompetansegap i eigen region, jobbe med heilskapleg karriererettleiing og fleire læreplassar og lærebedrifter. I utgangspunktet skal dei søkje å løyse utfordringane lokalt med dei virkemidlane dei har tilgjengeleg, viss ikkje kan dei legge dei fram for Kompetanseforum Hordaland. Kontaktpunkta i utvalde bransjar er aktørar som allereie har eit nettverk og ei kontaktflate, som til dømes næringsklyngene.

I Sogn og Fjordane var det den regionale partnerskapen for næringsutvikling som fylte funksjonen til eit regionalt kompetanseforum og dei kompetansepolitiske målsettingane i Verdiskapingsplanen. I tillegg var IT-forum Sogn og Fjordane ein viktig samordningsarena for kompetanseutvikling knytt til digitalisering. Rolla deira var lokalt og regionalt å vere i fremste rekke i å nytte IT i næringsliv, offentlig sektor, opplæring og utdanning. Dette nettverket har hatt aktive arbeidsgrupper på breiband, velferdsteknologi, oppvekst og utdanning.

Pilar 3: Eit oppdatert kunnskapsgrunnlag

I Hordaland vart det i 2018 etablert eit statistikkutval leia av Hordaland fylkeskommune og med representantar frå utdanningsinstitusjonane og NAV. Hovudoppgåva til statistikkutvalet er å lage ei årleg samanfatning av tilgjengeleg statistikk og analysar for å skildre kompetansebehovet og utfordringar i regionen. Med utgangspunkt i kunnskapsgrunnlaget gir dei lokale samarbeidsarenaene og bransjekontaktane innspel til Kompetanseforum Hordaland om kva dei vurderer er kompetansebehova i deira region eller bransje. Kompetanseforum Hordaland nyttar dette til å definere kva som er dei viktigaste kompetansebehova og utdanningsaktørane i forumet tek dette med seg inn i planlegginga av utdanningstilboda for neste skuleår.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har kjøpt inn analysar frå Telemarksforsking for å skildre utfordringane i fylket. Dette er lagt til grunn for utarbeiding av ein eigen kompetansestrategi.

I Hordaland blei det utarbeidd eit eiga handlingsprogram til den regionale kompetanseplanen. Nedanfor er nokre døme på kva som er gjort innafor dei tre satsingsområda:

Nye krav til kompetanse: For å fremje ordningar for å identifisere kompetansebehov i arbeidslivet som grunnlag for utvikling av etter- og vidareutdanning og nye utdanningar, har Hordaland fylkeskommune deltatt i to EU-prosjekt med dette som tema:

- Right skills for the right future (RIGHT) : Avdekke og fyller kompetansebehov i små og mellomstore bedrifter i blå næringane og energinæringane og utvikle ein politikk som gjer at ein kan jobbe systematisk med dette i tida framover

- Alliance for Batteries Technology, Training and Skills (Albatts): Utvikle kompetanse i verdikjeda for batteriproduksjon.

Kompetanseforum Hordaland vedtok i 2018 å gjennomføre eit pilotprosjekt for å utvikle etter- og vidareutdanningstilbod i regionen innan digital kompetanse. Prosjektet har fått 2,6 millionar kroner i støtte frå Kompetanse Norge til å gjennomføre prosjektet.

Tilstrekkeleg og relevant arbeidskraft: Det er etablert eit årshjul for arbeidet med dimensjonering av utdanningstilboda i regionen. I 2019 vart fokus retta særskild inn mot behov for kompetanse og arbeidskraft innan helse og omsorg, behov for fleire fagarbeidarar og behov for digital kompetanse.

Seks vidaregåande skular har delteke i eit pilotprosjekt med yrkesfagskoordinatorar med mål om tettare samarbeid med arbeidslivet. Det er etablert 112 samarbeidsavtaler mellom desse skolane og bedrifter i regionen.

Karriererettleiing: Kompetanseforum Hordaland har vedtatt å etablere ei arbeidsgruppe for å samordne karriererettleiingstenestene på ulike utdanningsnivå, karriererettleiing for vaksne og i NAV i tråd med et felles nasjonalt kvalitetsregelverk for å sikre ei gjenkjenneleg karriereteneste gjennom heile livsløpet.

I Sogn og Fjordane har partnerskapen prioritert følgjande tiltak innafør dei tre satsingsområda:

Arbeidskraftsbehov: Analyse på overordna nivå m.o.t. kompetanseutfordringar på kort og lang sikt.

Verdiskaping: Delfinansiering av innovasjonsstruktur i Årdal, Eid og Måløy for å styrke næringsmiljø m.o.t. FoU og innovasjon.

Utdanningsstrategiar:

- Campusutvikling Sogndal og Førde
- Fagskule: Digital undervisning for dei som ønskjer å kombinere arbeid med utdanning.
- Fag- og yrkesopplæring: Eige mål og strategidokument for vidaregåande skule.
- Etter- og vidareutdanning: Fagskulen arbeider med å integrere utvikling av bransjeprogram i sin utdanningsstrategi.
- Utvikle «Gloppen-modellen» som eit opplæringstilbod særskild tilrettelagt for vaksne minoritetsspråklege, der ein kombinerer skule med praksis.
- Teknologifaget i grunnopplæringa: Samarbeid med Campus Førde verftet (Reodorklubb) og Sunnfjord kommune
- IT-utdanning ved Høgskulen på Vestlandet

Vegen vidare

Vestland fylkeskommune vil etablere ein samarbeidsmodell for Vestland etter same mønster som i Hordaland, sjå vedlagte skisse. Kompetanseforum Vestland skal ha sitt første møte 6. mars. Forumet vil bli leia i fellesskap av fylkesdirektør for opplæring og kompetanse og fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling. Øvrige medlemar vil vere Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet, Norges Handelshøyskole og Fagskolen, representert ved rektorane, og NHO, LO, KS, Helse Bergen/Førde og NAV representert ved øvste leiing.

Det skal etablerast lokale kompetanseforum som skal dekkje alle delar av Vestland fylke. Regioninndelinga er i endring. Vestland fylkeskommune vil gå i dialog med lokale aktørar for å finne ei mest mogleg føremålstenleg inndeling. Kontaktpunkt i dei viktigaste bransjane og sektorane vil bli vidareført. Her vil ein søkje å supplere med fleire kontaktpunkt for å sikre god involvering frå heile fylket.

Tidlegare IT-forum Sogn og Fjordane er blitt til IT-forum Vest. Gjennom eit utvida regionalt samarbeid mellom næringsliv, offentlege aktørar og FoU-miljø, skal IT-forum Vest forsterke rolla som ein viktig utviklingspartner i det nye Vestland. I fortsetjinga er det viktig å få til eit godt samspel mellom Kompetanseforum Vestland og IT-forum Vest.

Framtidsfylket er eit samarbeidsprosjekt mellom bedrifter og det offentlege i Sogn og Fjordane for å rekruttere menneske med høgare utdanning til fylket. Frå 2020 omfattar dette også Hardanger-regionen.

Karriere Vestland blei etablert 1. januar 2020, som skal gje karriererettleiing til den vaksne befolkninga i Vestland, 19+. Karriere Vestland vil ha ei leiande rolle i å samordne karriererettleiingstenestene i fylket på dei ulike utdanningsnivåa og i NAV.

I arbeidet med regional planstrategi skal det vurderast om det er behov for ein regional plan for kompetanse i Vestland fylke, eller om dette feltet skal integrerast i andre regionale planar. Det som er viktig er at kompetansepolitikken som er ei overbygging av fleire politikkområde, blir løfta opp og ikkje får ei slagside mot ein enkelt sektor.

Eit oppdatert kunnskapsgrunnlag er viktig både i planprosessen og i oppfølginga av planen. Vestland fylkeskommune har prioritert dette arbeidet og har allereie opparbeidd modellar og arbeidsmåtar som gjer at vi vil få eit best mogleg kunnskapsgrunnlag ut frå det som er tilgjengeleg av statistikk og analysar.

Nasjonale myndigheiter har sett av 130 millionar kroner til gjennomføring av ei kompetansereform i arbeidslivet for at fleire skal kunne stå i jobb lenger. Alle desse midlane blir forvalta nasjonalt av Kompetanse Norge og Diku. Kunnskapsdepartementet har gitt fylkeskommunane i oppgåve å mobilisere bedrifter og kommunar til å søkje på dei nasjonale midlane. Det er viktig at Vestland fylkeskommune tydeleg gjev uttrykk ovanfor nasjonale myndigheiter at delar av desse midlane må forvaltast av fylkeskommunane. Fylkeskommunane har betre føresetnader for å gjere denne jobben gjennom etableringa av dei tre pilarane for den regionale kompetansepolitikken og tett kontakt med arbeidslivet. Dette har Hordaland fylkeskommune tatt til orde for i ei høyringsuttale til NOU 2019:12- Lærekräftig utvikling Livslang læring for omstilling og konkurransevne. Regjeringa vil våren 2020 leggje fram ei stortingsmelding om kompetansereforma.

Som del av regionreforma har fylkeskommunane fått overført ansvaret for BIO-midlane (Bedriftsintern opplæring) frå NAV. Vestland fylke har fått overført 5,5 millionar kroner i 2020 til dette føremålet. Vidare har Kommunal- og moderniseringsdepartementet sett av midlar i statsbudsjettet til ein kompetansepilot som fylkeskommunane kan søkje midlar til, på til saman 16 millionar kroner over tre år. Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling vil leggje fram ei politisk sak for kvar av desse ordningane i hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon og hovudutval for opplæring og kompetanse i løpet av våren.

I tillegg til nasjonale midlar kan fylkeskommunane og andre regionale aktørar søkje prosjektmidlar frå EU sitt opplæringsprogram Erasmus+. Programmet kan finansiere alt frå mobilitetsprosjekt, der elevar, studentar, lærarar, men også lokale tverrfaglege grupper med representantar frå næringsliv, kommune og vidaregåande skule kan reise ut og lære av andre regionar i Europa, til strategiske partnerskapsprosjekt og sektoralliansar med betydelege stønadssummar. Dette bør vere ei prioritert oppgåve for Vestland fylkeskommune.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon og hovudutval for opplæring og kompetanse.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Det er godt dokumentert samanheng mellom utdanning og folkehelse.

Regional planstrategi: Regional kompetanseutvikling vil vere eit tema i arbeidet vidare med regional planstrategi.

Konklusjon

Med regionreforma har fylkeskommunen fått eit større strategisk ansvar for den regionale kompetansepolitikken. Vestland fylke med sin næringsstruktur, geografi og befolkningssamansetting har andre behov og utfordringar enn mange andre fylke. Gjennom ein offensiv kompetansepolitikk kan Vestland fylkeskommune sikre at ein finn regionale løysingar som

er tilpassa dei behova og utfordringane vi har i dei ulike delane av fylket. Alle fylkeskommunane har forplikta seg til å basere kompetansepolitikken på tre pilarar; ein regional kompetanseplan/-strategi, eit regionalt kompetanseforum og eit oppdatert kunnskapsgrunnlag. Dette politikkområdet må difor løftast høgt i arbeidet med regional planstrategi der ein ser utdanningspolitikk, næringspolitikk og inkluderings- og integreringspolitikk i samanheng. Kompetanseforum Vestland, som er sett saman av sentrale aktørar i fylket innafor alle desse felta og leia av fylkeskommunen, har som oppgåve å samordne og drive dette arbeidet framover.

Saknr: 2020/41438-1
Saksbehandlar: Kathrin Jakobsen

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon	15/20	11.03.2020

Internasjonalt prosjektsamarbeid - prioriteringar og forankring

Forslag til vedtak

1. Alle internasjonale samarbeidsprosjekt der Vestland fylkeskommune ved fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling er prosjektleiar, skal leggjast fram for Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon for godkjenning i to omgangar: 1) Prosjektskisse og finansieringsmodell, 2) Fullstending søknad før søknadsfristens utløp.
2. Deltaking i internasjonale samarbeidsprosjekt der Vestland fylkeskommune ved Avdeling for innovasjon og næringsutvikling er partner, skal vedtakast administrativt og gjennomførast innan budsjettramma.
3. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon skal ha årlege rapportar med oversikt over deltaking i internasjonale samarbeidsprosjekt, ressursbruk og måloppnåing.

Samandrag

Fylkesrådmannen vil leggje fram eit forslag til ny internasjonal strategi for Vestland fylkeskommune i løpet av 2020. Strategien vil setje retning for det internasjonale arbeidet i alle avdelingane. For Avdeling for innovasjon og næringsutvikling er internasjonalt prosjektsamarbeid eit viktig verkemiddel. I Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling 2020, vedtatt av Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon 13. februar, står det at internasjonalt samarbeid og prosjekt er ein integrert del av alle satsingsområda der det gir ein meirverdi. Saka drøftar kva moglegheiter som ligg i EU-programma for å nå måla i handlingsprogrammet og kor det er behov for politisk involvering.

Bård Sandal
fylkesdirektør

Kathrin Jakobsen
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkesrådmannen vil leggje fram ei politisk sak for fylkesutvalet om internasjonal strategi for Vestland fylkeskommune som skal vere styrande for det internasjonale arbeidet i alle avdelingane. Kvar avdeling har høve til å delta i internasjonale samarbeidsprosjekt på vegne av Vestland fylkeskommune. Dette arbeidet må forankrast i planar og strategiar for den einskilde avdeling sitt ansvarsfelt og i fagutvala. Fylkesdirektøren legg difor fram denne saka for å få avklart korleis vi skal jobbe på dette feltet.

Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune har over mange år deltatt aktivt i internasjonale prosjekt som prosjektleiar eller ordinær partner. Hordaland fylkeskommune har i tillegg jobba aktivt med å mobilisere andre aktørar til å delta i internasjonale prosjekt, slik som kommunar, bedrifter og frivilljuge organisasjonar.

Dei mest relevante EU-programma for arbeidet med innovasjon og næringsutvikling er:

- Interreg, som er EU sitt program for regional utvikling
- Erasmus+, som er EU sitt program for opplæring, utdanning, ungdom og idrett
- Horisont 2020, som er EU sitt store forskings- og innovasjonsprogram

Programma gir prosjektstønad til forskingsinstitusjonar, offentleg sektor, næringsliv og frivilljug sektor.

Norsk deltaking i Interreg blir finansiert over statsbudsjettet som ein del av dei regionale utviklingsmidlane. Gjennom EØS-avtalen har Noreg fått innvilga full rett til deltaking i Horisont 2020 og Erasmus+ for perioden 2014-2020.

Gjennom EØS-avtalen bidrar Noreg med betydelege beløp til sosial og økonomisk utjamning i dei mest utsette delane av Europa. Prosjekt som blir finansiert med EØS-midlar kan òg vere aktuelle for Vestland fylkeskommune å delta i, men då etter invitasjon frå ein aktør i eit av dei deltakande landa i Europa.

Programarbeidet i EU er inndelt i 7-årsperiodar. Inneverande programperiode, 2014-2020, er snart avslutta. Regjeringa har allereie signalisert at dei vil delta i dei tre ovannemnde programma òg i neste periode, 2021- 2027. Regjeringa vil i nær framtid leggje fram kor mykje norske midlar som skal inngå i desse programma og om det er eventuelle andre program Noreg òg skal delta i.

Prosesen rundt EU sitt langtidsbudsjett blir avslutta i løpet av våren. Innrettinga av programma i neste periode skal byggje opp under EU sin nye vekstpolitikk "Green Deal", kor ambisjonen er å bli eit klimanøytralt kontinent innan 2050. Tiltaka skal bidra til å kutte utslepp samtidig som vi skaper arbeidsplassar på ein inkluderande måte. Satsingsområda under strategien er: Energi, bygg, industri og mobilitet. Europakommisjonen kjem til å leggje frem ei ny klimalov for å sikre at måla er innlemma i lovverket hos medlemslanda og i Noreg.

Det er framleis midlar igjen i Horisont 2020 og Erasmus+ som det er mogleg for Vestland fylkeskommune å søkje på i 2020 til prosjekt som er forankra i handlingsprogrammet for innovasjon og næringsutvikling. I Interreg er det ikkje norske midlar igjen. Etter kvart som vi får informasjon om innrettinga i programma i ny programperiode og norsk finansiering av Interreg, vil vi kunne starte prosessar for å utvikle prosjektsøknader innafor desse rammene.

Kvifor delta i internasjonalt prosjektsamarbeid?

Eit samarbeid med europeiske partnerar innan ramma av EU-programma skal bidra til å finne gode løysingar og bygge vidare på eksisterande metodar eller løysingar. Gjensidig læring er òg ei viktig målsetting. I tillegg gir internasjonalt prosjektsamarbeid Vestland fylkeskommune høve til å kople seg opp mot europeiske prosessar og halde seg oppdatert på kva som skjer i Europa og EU.

Europeiske prosjekt involverer ofte eit regionalt partnerskap i Vestland. Her jobbar vi med konkrete tema i eit tett samarbeid med andre samfunnsaktørar for å løyse problemstillingar spesielt relevante for oss og vår region. Vi blir betre kjent og vi får til betre løysingar gjennom eit slikt samarbeid

Internasjonalt prosjektsamarbeid er eit av verkemidla partnerskapen i Vestland har for å nå felles regionale mål prioriterte i regionale planar. Vestland fylkeskommune kan bruke europeiske midlar til å setje i gang innovasjonsprosjekt som vi elles ville hatt vanskar med å finansiere. Vi ser at EU sine satsingar innan innovasjon og næringsutvikling i stor grad passar med våre egne politiske mål. Vi kan bruke prosjektsamarbeid til å gi ei samfunnsretning gjennom til dømes offentleg innkjøp og satsingar. Eit døme kan vere satsinga på nullutslepp i offentleg transport. Eit anna døme kan vere smarte samfunn

Noreg betalar betydelege summer inn til EU gjennom EØS-avtalen. Nasjonale myndigheiter har difor oppfordra fylkeskommunane til å jobbe for å "hente midlane tilbake igjen" gjennom mobilisering til deltaking i samarbeidsprosjekt. Midlane som norske myndigheiter har sett av på statsbudsjettet til finansiering av norsk deltaking i Interreg, må Vestland fylke konkurrere med andre norske fylke og kommunar om. Dersom Vestland ikkje søker på desse midlane, er det andre norske fylke/kommunar som får finansiert sine utviklingsprosjekt.

Denne typen prosjekt vil og kunne bidra til sosial og økonomisk utjamning i Europa, som er spesielt viktig i den urolige tida som Europa no er inne i med auka kulturelle og etniske motsetnader. Vestland fylkeskommune kan og oppretthalde eit nært samarbeid med Storbritannia gjennom prosjektsamarbeid i program som dei sluttar seg til etter kvart som Brexit-prosessen utviklar seg. Interreg er eit programområde kor vi veit at Storbritannia er interessert i å delta i neste programperiode.

Status for deltaking i EU-programma i noverande periode og moglegheiter i neste periode

Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommune har gode erfaringar med deltaking i EU-programma i noverande periode. Det er viktig å følgje med og påverke innhaldet i programma i neste programperiode, slik at vi står godt rusta til å søkje om midlar i 2021.

Interreg

Interreg er delt inn i tre ulike program: A, B og C. A-programma handlar om samarbeid mellom regionar som ligg langs eller på kvar si side av ei nasjonalgrense. For Noreg betyr dette samarbeid med grenselanda; Sverige, Finland, Russland og Danmark. B-programma, t.d.

Nordsjøprogrammet, handlar om samarbeid mellom regionar som har geografisk nærleik til kvarandre, og som møter felles utfordringar. Interreg C (Interreg Europa) prioriterer formidling og deling av erfaringar og bygging av nettverk mellom regionale og lokale aktørar frå heile Europa. Vestlandsfylka har berre tilgang til B og C.

Vestland fylkeskommune representerer alle norske fylke i gruppa som førebur det nye Nordsjøprogrammet i regi av vervet som nasjonalt kontaktpunkt. Dette gir oss spesielle høve til å påverke retninga men også til å vere i stand til å søkje frå 2021. I statsbudsjettet har det vore sett av om lag 188 millionar kroner til Interreg i programperioden 2014-2020. Det meste av midlane har gått til A-programma. Dei signala fylkesdirektøren har fått til no tydar på at Regjeringa vil kutte Interregmidlar i neste periode på same måte som dei har gjort med andre regionale utviklingsmidlar. Det er difor forventa diskusjonar mellom landsdelane om kva for Interreg-program Noreg bør satse på og kor mykje midlar som bør leggjast i dei forskjellige programma. Fylkesrådmannen vil leggje fram ei sak for Vestlandsrådet på neste møte om korleis dei kan påverke norske myndigheiter sine prioriteringar innafor Interreg-programma slik at vestlandsfylka kan få tilgang på midlane på lik linje med dei andre fylka.

Horisont 2020 / Horisont Europa

Horisont 2020 er verdas største forskings- og innovasjonsprogram. Per mars 2019 har norske aktørar fått tildelt 8 milliardar kroner. Samarbeidsprosjekt i H2020 kan få 100 % finansiering.

Horisont 2020 har tre fokusområde: Byggje framifrå forskingsmiljø, skape eit konkurransedyktig næringsliv og møte dei store samfunnsutfordringane. Berekraftig utvikling og klimarelaterte utfordringar er gjennomgåande prioriteringar i Horisont 2020. I Vestland er det fleire store forskingsaktørar som har utvikla og fått godkjent mange prosjektsøknader, t.d. Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet, Vestlandsforskning, Haukeland universitetssjukehus og Havforskningsinstituttet i tillegg til offentleg sektor og næringsliv

Forskinga skal svare på eit behov i samfunnet. Målet er at forskingsresultata i størst mogleg grad skal kunne omsetjast på ein marknad i form av varer eller tenester. Samarbeid mellom forskning, næringsliv, offentleg sektor og det sivile samfunnet, blir vektlagt. Forskningsrådet har finansiert regionale nettverk som skal mobilisere til auka deltaking i H2020, med anna Horisont Vest som

omfatta Rogaland og Hordaland og EU-nettverket i Sogn og Fjordane. Hordaland fylkeskommune tok i tillegg initiativ til å etablere ei regional mobiliseringsgruppe til H2020, der Universitetet i Bergen, Innovasjon Norge, Forskningsrådet, Bergen kommune og VIS er med. Kvar av desse aktørane har nettverk som kan mobiliserast, både kommunar, bedrifter og forskingsinstitusjonar. Målsettinga har vore å kople aktørar som kan ha felles interesse i å utvikle prosjektsøknader som kan svare på dei samfunnsutfordringane som aktørane møter. Her kan det og vere aktuelt for Vestland fylkeskommune å vere med som partner.

I neste programperiode vil EU kople programmet, som då skal heite Horisont Europa, fokusere på forskning, innovasjon og *implementering*. Det betyr at programmet har ambisjonar om å løyse samfunnsutfordringar i enno større grad og sikre at forskinga blir omsett i handling.

Erasmus+

Hovudfokuset for Erasmus+-programmet i noverande periode har vore den store ungdomsløysa i Europa og behovet for å tette gapet mellom utdanning og opplæring og dei ferdigheitene som blir etterspurde i arbeidsmarknaden. Kopling mellom utdanning og arbeidsliv har difor vore eit prioritert tema.

Programmet gir støtte til eit mangfald av prosjekt, både mobilitetsprosjekt for kortare opphald (3-4 dagar) i Europa for læring og erfaringsutveksling, vaksenopplæringsprosjekt, strategiske partnerskapsprosjekt (2-3 årig) og sektoralliansar for å byggje robuste strukturar med stønadsbeløp på opp til 40 millionar kroner. Krava til medfinansiering i alle desse prosjekta er 20 %. Både Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommune er blant dei fylka i Noreg som har henta ut mest midlar til utveksling av elevar, lærlingar, lærarar, ungdomar og ungdomsarbeidarar.

Hordaland fylkeskommune har i noverande programperiode hatt ein samarbeidsavtale med Diku, som forvaltar Erasmus+-programmet i Noreg, om forenkla søknadsprosedyrar. Hordaland fylkeskommune sendte kvart år ein fellessøknad til Diku om midlar til mobilitetsprosjekt. I tillegg til elevutveksling søkte Hordaland fylkeskommune også om midlar til tverrsektorielle, lokale prosjekt kopla til dei vidaregåande skulane innan yrkesfag eller fagskulen i storleiken 600 000 - 1 million kroner. Det har resultert i nytt samarbeid lokalt innan tema som reiselivsutvikling, entreprenørskap, lokal nærings- og teknologiutvikling, velferdsteknologi, havromsteknologi, lokalmat, marin næringsutvikling (akvakultur) og klima og miljø.

Hordaland fylkeskommune har i tillegg mobilisert aktørar innan karriererettleiing, etablerarretteiing og integrering til å delta i prosjekt knytt til vaksenopplæring. Til saman blei det henta inn 1,2 millionar kroner i 2018-2021 for å styrkje lærarane og instruktørane sin kompetanse på vaksenopplæringsfeltet. Hordaland fylkeskommune har vidare utvikla eit lågterskeltilbod for ungdomar som har falt ut av vidaregåande skule. Dei som vil kan bli sendt ut som frivillige til ulike prosjekt i utlandet, for å styrkje kompetansen og samfunnsengasjement.

Opplæring og kompetanseutvikling står høgt oppe på dagsorden i EU. Europakommisjonen planlegg difor å auke tildelinga til Erasmus+-programmet i neste periode.

Korleis nytte EU-programma for å fremje innovasjon og næringsutvikling i Vestland?

EU-programma er både eit verkemiddel for løysing av samfunnsutfordringar som er felles på europeisk nivå og for utvikling basert på våre utviklingsmål for Vestland og på vår styrke som region. Verdikjedene vert i stadig større grad internasjonale. Europeisk samarbeid gir oss høve til kunnskapsbasert omstilling og å utvikle konkurransekraft som deltakar i sterke verdikjeder.

Vestland fylke skal no i gang med strategisk planlegging der omstilling og innovasjon vert viktige stikkord. Planprosessen skal stake ut våre prioriteringar. Fram til nye regionale planar er på plass, er det Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling 2020, vedtatt av Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon 13. februar, som er vårt styringsdokument. Her går det fram at internasjonalt samarbeid og prosjekt er ein integrert del av alle satsingsområda der det gir ein meirverdi. Alle internasjonale samarbeidsprosjekt skal vere forankra i eit av satsingsområda og bidra til å nå målsettingane på desse områda.

Dei vedtekne satsingsområda er:

- Omstilling
- Grøn konkurransekraft og klimainnovasjon
- Vekst gjennom entreprenørskap, nyskaping og internasjonalisering
- Forsking for styrka innovasjonsevne

- Kompetanse og karriere
- Berekraftige byar og samfunn
- Naturressursar - forvaltning og næringsutvikling

I utgangspunktet vil det vere relevant å løfte alle desse satsingsområda inn i internasjonale samarbeidsprosjekt. Vi har her ein unik moglegheit til å fremje regionen vår i nettverk i Europa og knytte oss tettare til partnerar.

Interreg Nordsjøprogrammet er eit av dei programma som vil vere mest aktuelt for Vestlandet etter 2021. Venta prioriteringane i dette programmet kjem til å ha meir spissa fokus på innovasjon og eit grønt samfunn. Dette gjer at vi kan jobbe konkret med dei utfordringane som er avdekka i Vestland fylke og realisere arbeidet vi legg ned gjennom Nordsjøkommisjonen. Kriteriet for å få tildelt desse midlane, er at den regionale aktøren matchar den tildelte summen, anten i form av arbeidstimar eller reine pengar. Under dagens ordning er denne satsen 50 %. Vi ønskjer å kunne bruke det nye Nordsjøprogrammet når dei fyrste utlysingane kjem i 2021. Med kutt i Interreg-midlar for norske aktørar vil det vere viktig å vere godt førebudd og starte arbeidet med å utvikle prosjektidèar i god tid på førehand. Gjennom Nordsjøkommisjonen og etablert kontaktnett elles i Europa veit vi av erfaring at vi òg vil få førespurnader om å delta som partner i Interreg-prosjekt som er initiert av andre europeiske regionar.

Gjennom dei etablerte Horisont 2020-nettverka i regionen har Vestland fylkeskommune tett kontakt med forskingsmiljøa. Vi får dermed ofte førespurnader om å delta i søknader til Horisont 2020, spesielt frå Høgskulen på Vestlandet, jf prosjektet RRI2Scale. Vi ser at det vil kome fleire gode moglegheiter til å delta i prosjekt innan Horisont 2020 og etter kvart Horisont Europa, på denne måten, både tematisk men òg i rolla som offentleg innkjøpar.

I Forskningsrådet si mentorordning for fylkeskommunar og kommunar som ønskjer å søkje Horisont 2020/Horisont Europa, vil Vestland fylkeskommune ha Vestlandsrådet sin cruise-strategi som case, med mål om å utvikle ein prosjektsøknad med Vestland fylkeskommune som prosjektleiar, jf. RS 6/2019. Problemstillingar knytt til miljø og klima er felles for alle hamner og destinasjonar, og det er naturleg å sjå til internasjonale miljø når det gjeld framtidige løysingar for drivstoff, handtering av logistikk på land, utslepp til luft og sjø og innhenting av kunnskap.

Fylkesdirektøren vil bruke Erasmus+-programmet aktivt til å styrke arbeidet med kompetanseutvikling i arbeidslivet i tråd med strategiane i handlingsprogrammet. Vestland fylkeskommune har gode system og rutinar for å søkje på midlar til mobilitetsprosjekt og forventar å hente inn 1 million kroner for 2020. Desse midlane kan lokale, tverrsektorielle grupper søkje på til erfaringsutveksling og studie av god praksis for å betre utdanningstilboda i fylket.

Gjennom medlemskap i EARLALL "European Association for Regional and Local Authorities for Lifelong Learning" har fylkeskommunen tilgang til gode partnerar i Europa som er drivarar for innovasjon, grøen vekst og inkluderande samfunnsutvikling. Frå dette nettverket er det venta prosjektsøknader med Vestland fylkeskommune som partner, knytt til ungt entreprenørskap, vaksenopplæring og kompetanseutvikling (Industri 4.0).

Fylkesdirektøren er kjent med at det kjem ei utlysing i Erasmus+ tidleg i 2021 med tema Centres for Vocational Excellence (CoVE). Det har vore to slike utlysingar tidlegare kor det har vore mogleg å få tildelt opp til 40 millionar kroner. Prosjekta skal ha fokus på ein spesifikk sektor eller bransje og stimulere til innovasjon i yrkesutdanninga og på fagskolenivå i eit samarbeid mellom fleire europeiske partnerar. Fylkesdirektøren vil i samarbeid med fylkesdirektør for opplæring og kompetanse vurdere kva tema som det kan vere aktuelt for Vestland fylkeskommune å søkje ein CoVe på, og der Vestland fylkeskommune er prosjektleiar. Eit døme er "Ocean Technologies", kor vi allereie er verdsleiar, men kor det samstundes er viktig å styrke vår framtidige posisjon gjennom å utvikle eit spissa kompetansmiljø på dette fagområdet. Vi vil her kunne samarbeide regionalt med klyngene, testfasilitatar, forskingsmiljø og næringsliv.

Politisk involvering

For fylkesdirektøren er det viktig å sikre politisk interesse og involvering i det internasjonale arbeidet i avdelinga. Det er difor ønskjeleg å ha rutinar som sikrar dette, men som samstundes gjev naudsynt fleksibilitet i dette arbeidet.

Vestland fylkeskommune kan anten delta som ein av fleire prosjektpartnerar eller som prosjektleiar. Som prosjektleiar har vi større påverknad over gjennomføringa og utfallet av prosjektet, og som oftast også utforminga og partnerskapet som setjast saman.

Utlysingar både i Horisont 2020, Interreg og større utlysingar i Erasmus+ har som regel handterlege fristar. Dersom Vestland fylkeskommune tek initiativ sjølv til ein projektsøknad, vil søknadsprosessen difor kunne gå over noko tid. Prosjektidèen må drøftast internt og med det regionale partnerskapet først og deretter med europeiske partnerar. Ei projektskisse og ein første finansieringsplan kan då leggjast fram for politisk utval for godkjenning før ein jobbar vidare med prosjektutforminga saman med partnerane. Ein tilnærma fullstendig projektsøknad vil så kunne leggjast fram i god tid før søknadsfristen går ut, med fullmakt til fylkesdirektøren til å avklare eventuelle tidskritiske problemstillingar som må handterast før fristen går ut. På denne måten unngår administrasjonen å leggje mykje arbeid i ein projektsøknad som det ikkje er politisk tilslutning til, og vi unngår å involvere partnerar i eit arbeid som ikkje resulterer i ein søknad, noko som vil kunne øydeleggje vårt renommè som ein påliteleg partner. Mindre prosjekt i Erasmus+, slik som strategiske partnerskap, har kortare fristar. Her er budsjetta mindre og eigeninnsatsen på 20 % dekkjast i sin heilskap gjennom arbeidstimar. I dei tilfella Vestland fylkeskommune er prosjektleiar, er det difor tilstrekkeleg at projektsøknaden leggjast fram for politisk handsaming berre ein gong.

Tidlegare erfaringar viser at i dei tilfella vi får førespurnad om å delta som ordinær partner, vil det som regel vere svært kort tidsfrist, mange gongar berre 2-3 veker. Dette gjeld spesielt Horisont 2020-prosjekt der forskingsmiljøa i regionen har behov for ein offentleg partner, men òg strategiske partnerskap innanfor Erasmus+ og EØS-prosjekt. Dei fleste av slike førespurnader takkar vi nei til, men nokre gongar er prosjektet heilt i kjernen av det vi driv med og kan gje ein stor meirverdi for Vestland fylke. I slike tilfelle vil det ikkje vere tid nok til å leggje det fram for politisk utval. Det er då ønskeleg at fylkesdirektøren godkjenner slik deltaking administrativt og dekkjer eventuelle kostnader innafor budsjettamma. Fylkesdirektøren vil vurdere omfang, budsjett og tidsperspektiv i kvart einskild tilfelle og syte for politisk handsaming der det er mogleg eller påkravd.

Finansieringsbehov i prosjekta vil bli ivareteke og prioritert gjennom eigeninnsats og/eller innafor ramma av det einskilde årsbudsjett.

For at Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon skal ha høve til å justere kursen undervegs når det gjeld prioritering av prosjekt, vil fylkesdirektør leggje fram årlege rapportar med oversikt over deltaking i internasjonale samarbeidsprosjekt inkludert ressursbruk og måloppnåing.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Alle prosjekt handterast innafor avdelinga sitt årsbudsjett.

Klima: Mange av prosjekta vil ha positiv effekt for klimaet.

Folkehelse: Ikkje relevant.

Regional planstrategi: Regional planstrategi og regionale planar er premiss for kva prosjekt som blir utvikla.

Konklusjon

EU-programma gjev store moglegheiter for Vestland fylkeskommune til å delta i internasjonale samarbeidsprosjekt. Alle samarbeidsprosjekt skal vere forankra i Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling. Det er behov for avklaringar for kva prosjekt som skal leggjast fram for hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon for godkjenning.

Vedlegg

Pågåande internasjonale prosjekt som Vestland fylkeskommune deltek i :

Erasmus+ Mobilitetsprosjekt

Vestland fylkeskommune har søkt Diku om 1 million kroner til mobilitetsprosjekt som skal tildelast tverrsektorielle, lokale grupper i Vestland i 2020 og 2021.

Erasmus+ Strategisk partnerskap:

VET in Urban Centres "Berekraftig utvikling i regionale sentre ved aktivt involvering av vidaregåande skule/yrkesfag" (2017-2020). Vestland fylkeskommune er prosjektleiar. Prosjektet skal utvikle modellar for 1) lokalt trepartssamarbeid mellom vidaregåande skule, kommunar og næringsliv, 2) Undervisings- og praksisopplegg rette mot direkte behov i utviklinga av regionsenter. Deltakarar frå Vestland: Knarvik og Straume

Clue to Inclusion (2018-2020). Vestland fylkeskommune er prosjektleiar. Prosjektet analyserer potensialet for bruk av ikkje-formelle læringsmetodar i vidaregåande skule. Målsettinga er å førebyggje fråfall i vidaregåande opplæring og dermed styrkje sjansane for dei som er i faresona til å bli aktive deltakarar i arbeids- og samfunnsliv. Deltakarar frå Vestland: Årstad vidaregåande skule. Vestland fylkeskommune og Årstad vgs fortsetter samarbeidet innan same tema som partner i eit nytt strategisk partnerskap Hug to Employment (2019-2021) leia av Silla kommune i Spania.

EVS for Inclusion (2017-2020). Vestland fylkeskommune er prosjektleiar. Ungdomar som har slutta i vgs kan bli sendt som frivillige til ulike prosjekt i utlandet, for å styrke kompetansen og samfunnsengasjement.

Erasmus+ Sector Skills Alliance

ALBATTs - Alliance for batteries technology, training and skills, leia av Skellefteå. Europa har behov for å utvikle eigen produksjon av batteri for bil, båt, buss og fly. Prosjektet skal sikre oss kompetansen vi treng for å etablere ei europeisk verdikjede for batteri for mobilitet. Vestland fylkeskommune skal saman med Fagskolen i Hordaland og Corvus Energy AS bidra til at maritim sektor vert ivareteke i dette prosjektet. Resultatet blir ei tidsriktig opplæring for yrka i framtidens transportsektor.

Interreg Nordsjøprogrammet:

RIGHT - Right skills for the right future, leia av Vestland fylkeskommune. Det overordna målet med prosjektet er å oppretthalde den regionale konkurransekrafta og styrke innovasjonskapasiteten i regionen ved å sikre tilgang til ein sterk og tilpassingsdyktig arbeidsstyrke med nødvendig kompetanse for å byggje opp under framtidig vekst. Prosjektet skal avdekke behov for ny eller auka kompetanse i vår dei blå næringane og energinæringa og gjennomfører pilotaktivitetar i partnerregionar. Vestland fylkeskommune er prosjektleiar for 14 partnerar inkludert eit regionalt partnerskap med 2 klynger og Alver kommune.

Interreg Europe:

P-IRIS - Policies to improve rural areas' innovation systems by professionalising networking activities and use of innovation tools, leia av Vestland fylkeskommune. Målsettinga er å forbetre regional innovasjonspolitik for å auke tal attraktive arbeidsplassar, fortrinnsvis gjennom fleire kunnskapsintensive bedrifter. Styrking av nettverksam arbeid er identifisert som viktig for å oppfylle denne ambisjonen. Partnerane har derfor søkt etter effektive arbeidsmetodar tilpassa distriktsområde som kan styrke samarbeid mellom forskingsmiljø, offentleg forvaltning og bedrifter.

Horisont 2020:

RRI2SCALE - Responsible Research and Innovation ecosystems at regional scale for Intelligent Cities, Transport and Energy, leia av forskingsinstitutt i Roma. 100% finansiert Prosjektet, som får om lag tre million Euro frå EU, handlar om lokal medverknad i val og bruk av nye teknologiar i samfunnet. Eit av dei fire regionale case-studiane i prosjektet er frå Vestland og er leia av Høgskulen på Vestlandet. Cruisestrategien til Vestlandsrådet er det caset som nyttast. Teknologiske endringar skjer så raskt i dag at det sivile samfunnet ikkje får moglegheit til å påverke retninga det skal gå i. Forskarar skal bruke spørjeundersøkingar, scenarios og intervju for å finne ut korleis vi kan sikre betre lokal medverknad i våre planprosessar og teknologival.

S3 Interregional partnerships - EU-kommisjonen

Vestland fylkeskommune er medlem i to interregionale partnerskap; Advanced materials for batteries og Hydrogen Valleys. Målsettinga er å byggje fullstendige verdikjeder i Europa.

Saknr: 2020/41800-1
Saksbehandlar: Jone Engelsvold

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon	16/20	11.03.2020

RFF Vestland - budsjetttramme 2020 og forskottering av tilsegn

Forslag til vedtak

1. RFF Vestland skal kunne forskottere kr. 9 000 000,- av framtidige løyvingar frå Kunnskapsdepartementet og nytte desse midlane til utlysing av prosjektstøtte i 2020.
2. Tilbakeførte midlar frå FoU-prosjekt og eventuelle ekstra statlege midlar i 2020 skal i tillegg kunne lysast ut i 2020 som støtte til FoU-prosjekt.

Samandrag

Saka er initiert av styret for RFF Vestland, og reiser spørsmål om vidareføring av praksis med å forskottere tilsegnsmidlar til FoU-prosjekt frå framtidige statlege løyvingar. Midlane vert utbetalt prosjekta etterskotsvis, og med ei forskottering av tilsegn vil fondet kunne sette i gang fleire aktivitetar. Dersom Staten endrar budsjettammene, vil dette kunne føre til at FoU-prosjekta må avslutte arbeidet sitt før planlagt. Det vert lagt til grunn at det alltid skal vere likvide midlar til å dekke forplikingane i inneverande budsjettår.

Bård Sandal
fylkesdirektør

Kathrin Jakobsen
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

RFF Vestlandet vart avvikla 31. desember 2019. Midlar på konto og forpliktinga ovanfor aktive prosjekt vart delt mellom RFF Rogaland ved Rogaland fylkeskommune og RFF Vestland ved Vestland fylkeskommune. Rogaland har meldt tilbake at dei er usamde i denne fordelinga. Saka tek utgangspunkt i dei berekningar som Vestland fylkeskommune har gjort.

Styret for RFF Vestlandet innførte ein ny budsjettpraksis frå året 2014. Etter fire års drift var det akkumulert over 70 millionar kroner på fondet sin konto. Desse pengane var disponerte til forskingsprosjekt, men ikkje klar for utbetaling, sidan dette i hovudsak skjer etterskotsvis når prosjekta rapporterer. Styret ønskte å få pengane på konto hurtigare ut i arbeide både i kommunar og bedrifter. Metoden dei valde var å forskottere nye tilsegner frå komande års stortingsløyvingar. Det vart bestemt å auke budsjettet for prosjektstøtte ved å forskottere 12 millionar kroner kvart år i 2014 - 2017. Midlane skulle tilførast budsjettposten for hovudprosjekt.

Eit viktig bakgrunnsteppe for vedtaket var følgjande: Ordninga med Regionale forskingsfond var i første omgang meint å vare i 10 år. Staten hadde sett av ei fondsavsetting på 6 milliardar kroner, og fondet fekk tildelt den årlege renteavkastinga. Sidan pengane var sett i ein langsiktig renteavtale, var årleg løyving frå Kunnskapsdepartementet ein føreseieleg sum. Vidare var det tenkt at dersom ein skulle avvikle fondet etter 2019, så var det lite vits i å tildele langsiktige nye midlar i 2018 og 2019. Dessutan var midlar gitt som tilsegn i 2014 avsett til utbetaling for arbeid både i 2014, 2015 og 2016. Altså meinte styret å kunne tildele delar av midlane som forskottering frå 2014 - 2017.

Ei viktig endring skjedde i 2015, då løyvinga til regionale forskingsfond ikkje lenger skulle vere knytt til rentar frå fondsavsettinga på 6 milliardar. Finansdepartementet rydda i fondsporteføljen, og regionale forskingsfond blei ein ordinær post på Statsbudsjettet. Kunnskapsdepartementet kommuniserte også at dei regionale forskingsfonda aldri hadde vore tenkt berre å vare i 10 år. Det var berre rentefoten som var fastsett for denne perioden.

Styret valde likevel å forsette sin praksis med forskottering etter den planen som vart sett i 2014. Tanken bak dette var at 3 x 12 millionar kroner (36 millionar) utgjør omlag eit års løyving frå Kunnskapsdepartementet. Dersom fondsordninga skulle verte lagt ned, vart det rekna med eit års varsel for å avvikle dei regionale fonda og prosjektporteføljen. Overføring frå departementet for siste år ville dermed verte nytta til å betale ned forskottering/gjeld.

I likskap med Noregs forskingsråd, så har RFF Vestlandet i tilsegnsbrev teke atterhald om at det kan komme endringar i finansieringa frå Stortinget. Det er gjort klart at slike endringar kan påverke den offentlege finansieringa av prosjekta. Dette er standard formuleringar som vert nytta i ordningar som er avhengig av årlege tildelingar over statsbudsjettet.

Fylkestinga og Kunnskapsdepartementet vart orientert om gjeldande praksis med forskottering av tilsegn i årlege rapportar.

RFF Vestland har overteke forskotterte forpliktingane frå RFF Vestlandet.

Saka reiser spørsmål om praksisen med forskottering av framtidige løyvingar kan halde fram også i det nye forskingsfondet RFF Vestland, eller om midlane frå Kunnskapsdepartementet i 2020 skal nyttast til å setje midlar på konto og samle forplikting i lik balanse.

Styret for RFF Vestlandet drøfta spørsmålet i første styremøte 24. februar 2020, og konkluderte med ønskje om at Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon skulle behandle dette først.

I saka er det foreslått å halde fram med ein sum til forskottering på nivå med om lag halve løyvinga frå Kunnskapsdepartementet i 2020.

Om økonomien i RFF Vestland ved oppstart 1. januar 2020

I tildelingsbrevet frå Kunnskapsdepartementet er det løyvt kr. 18 355 000 til RFF Vestland for 2020. 10 % av desse midlane vert sett av til administrasjons- og styringsutgifter.

Dei økonomiske føresetnadene i RFF Vestland går fram av tabellen under.

		Delsum
På konto 01.01.2020	30 254 494	
Løyving frå Kunnskapsdepartementet i 2020	18 355 000	
Sum aktiva		48 609 494
Forplikting til prosjekt i avtalar	- 46 176 078	
Til administrasjon/styre 2020	-1 835 500	- 48 011 578
Disponibelt til FoU prosjekt utan forskottering		597 917
Foreslått forskottering	9 000 000	
Disponibelt til FoU prosjekt med forskottering		9 597 917

I tillegg kjem midlar som er tilbakeført frå avslutta prosjekt, som gjerne har fullført med lågare forbruk enn løyvinga tilsa. Slik tilbakeføring skjer gjennom heile året.

Per 27. februar 2020 er det sidan 01.01.2020 netto tilbakeført kr. 750 000, som kjem i tillegg til den sum som er disponibel i tabellen over.

Nokre midlar vert betalt ut ved signert avtale, men i hovudsak vert det først betalt ut til prosjekta etter rapportering. Forventa utbetaling til prosjekt for eit år kan ein lese ut av inngåtte avtalar.

For 2020 er det venta ei samla utbetaling til prosjekt med avtale i RFF Vestland på kr. 27 496 307. Dette er med god margin innanfor summen av midlar på konto og løyvinga frå Kunnskapsdepartementet på til saman kr. 48 609 494,-

VURDERING AV FORSLAGET OM FORSKOTTERING

Fleire medlemmar i styret for RFF Vestland gav i møte 24. februar uttrykk for ønskje om å kome offensivt ut med fondarbeidet med ambisjon å kunne lansere utlysingar alt i 2020. Eit slikt ønskje føreset framhald av praksis med å forskottere frå framtidige løyvingar.

Hovudutvalet handsama i møte 13. februar bestillingsbrev til styret i RFF Vestland. Bestillinga er ambisiøs. Forslaget om forskottering vil gjere det mogleg å realisere fleire av desse ambisjonane.

Administrasjonen vurderer det å vere utan risiko for Vestland fylkeskommune å praktisere forskottering av tilsegn om forskingsmidlar. Dette under føresetnad av at tilsegna vert gjort med atterhald om endring av framtidige løyvingar frå Kunnskapsdepartementet. Det er også ein føresetnad at fondet har likvide midlar til å løyse ut dei årlege forpliktingane som er nedfelt i inngåtte avtalar med prosjekta. Forskotteringa må berre gjelde midlar som er sett av til framtidige budsjettår. Slik vert det sikra at Vestland fylkeskommune ikkje sett seg i ein reell gjeldssituasjon, og samstundes at prosjekta ved endra statleg budsjettføresetnad vil kunne få melding om avkorta tilsegn i rimeleg tid til å justere eigne budsjett utan reelle økonomiske tap.

Sjølv om det framleis synast å vere rom for ei forskottering av tilsegn på nivå med den årlege løyvinga frå Kunnskapsdepartementet, så vert det foreslått å halde seg til eit lågare nivå.

Med 9 millionar kroner i forskottering vil fondet kunne kome godt i gang med arbeidet i 2020. Samstundes er summen så vidt moderat at ein vil kunne reversere praksis over noko tid utan at det fører til vesentlege konsekvensar for drifta av fondsarbeidet.

Med eit slikt budsjettgrunnlag vil det også vere forsvarleg å nytte eventuelle ekstra midlar eller midlar som vert tilbakeført frå prosjekt til nye tilsegn. Med ei meir omfattande forskottering, vil det kunne vere meir føremålstenleg å nytte slike midlar til å redusere den negative balansen i fondet.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Vurderingar og verknader

Økonomi: Har verknad for budsjett til RFF Vestland

Klima: RFF Vestlandet har over fleire år støtta forskingsprosjekt med sikte på ei meir berekraftig utvikling av privat og offentleg sektor. Bestillinga for neste valperiode vil avgjere tema.

Folkehelse: Regionale forskingsfond har over fleire år støtta forskingsprosjekt innan dei kommunale og fylkeskommunale ansvarsområda, mellom annan innan folkehelse. Bestillinga for neste valperiode vil avgjere tema

Regional planstrategi: Den politiske bestillinga og handlingsplanen for Regionalt forskingsfond Vestlandet har vore forankra i regional planstrategi. Slik er det venta å vere også frametter.

Konklusjon

Det vert vidareført ein praksis med å forskottere tilsegn til FoU prosjekt i RFF Vestlandet basert på framtidige løyvingar frå Kunnskapsdepartementet

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon	17/20	11.03.2020
Fylkesutvalet		26.03.2020
Finansutvalet		28.05.2020

Strategi for vidare utvikling av hurtigladetilbodet i Vestland fylke

Forslag til vedtak

Vestland fylkeskommune legg følgande strategi til grunn for utvikling av infrastruktur for hurtiglading for nullutsleptransport i fylket:

1. Vestland fylkeskommune skal bidra til å utvikle og oppretthalde eit robust nettverk av hurtigladarar i heile Vestland. Målet for satsinga er at talet elbilar per hurtigladar ikkje skal overstige 150 og at ladeplassar skal tilby høg ladeeffekt og vere lokalisert med mindre enn 50 km frå kvarandre.
2. Vestland fylkeskommune skal bidra til utvikling av hurtigladetilbodet i Vestland ved å stimulere til utbygging av ladeplassar i område og på strekningar med svakt tilbod og utviding av strategisk viktige ladeplassar.
3. Det er eit mål å få plass eit hurtigladetilbod i alle kommunar i Vestland. Lokalisering som gjev tilleggsverdi for handels- og næringslivsinteresser skal prioriterast. Vestland fylkeskommune skal legge til rette for bruk av aktuelle statlege finansieringskjelder, som Klimasats og Merkur-programmet for distriktsbutikkar til føremålet der det er mogleg.
4. I medhald av Yrkestransportlova §9, skal fylkeskommunen syte for at ladetilbodet er godt nok til at drosjar får tilgang til naudsynt tilbod i kommunar som er omfatta av fylkeskommunal forskrift om krav til nullutslepp ved drosjekøyring.
5. Vestland fylkeskommune vil prioritere stønad til hurtiglading. Fylkeskommunen støttar ikkje private ladeanlegg, burettslag eller kommunal normallading.
6. Vestland fylkeskommune skal bidra til å etablere ladeinfrastruktur på lufthamnene i Vestland.
7. Vestland fylkeskommune skal bidra til næringsutvikling innan elektriske småbåtar ved å etablere eit hurtigladetilbod. Fylkeskommunen skal skape tilleggsverdi ved å legge til rette for at fritidsbåt og elbil kan nytte den same infrastrukturen.

Samandrag

Omstilling til nullutslepp i bilparken i Vestland vil gje monaleg reduksjon i årlege klimautslepp. Ved sidan av regulatoriske verkemiddel, er det vist at tilgang på ladeinfrastruktur er viktig for omstillingstakta. Status for hurtigladedetilbodet i dag er at kapasiteten er noko pressa i Hordaland, medan fleire kommunar og lange strekningar i Sogn og Fjordane ikkje har eit hurtigladedetilbod. For å nå gjeldande nasjonale og regionale mål om omstilling og utsleppsreduksjon er det naudsynt å auka takta i utbygging av hurtigladedetilbodet. Administrasjonen rår til ein strategi for utvikling av hurtigladedetilbodet der fylkeskommunen i første omgang stimulerer til utbygging der det i dag ikkje finst eit hurtigladedetilbod og i neste omgang stimulerer til utviding av strategisk viktige eksisterande lade plassar. Målet for utbygginga er at talet elbilar per hurtigladar skal vere under 150. I den grad det er mogleg, skal fylkeskommunen stimulere til at elfly, elbåt og elbil skal kunne nytte det same utstyret for å auke nytteverdien for infrastrukturen.

Saka omhandlar ikkje lading for landstraum til skip, snøggbåt, ferje eller buss.

Bård Sandal
fylkesdirektør


Sølve Dag Søndbøl
Seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift


Saksutgreiing

Bakgrunn

Vegtrafikken er kjelda til om lag 12 prosent av det totale utsleppet i Vestland fylke og 27 prosent av utsleppa frå ikkje-kvotepiktig sektor. Om lag 80 prosent av utsleppa frå vegtrafikken skriv seg frå personbilar og tunge køyretøy, medan resten av utsleppa kjem frå bussar og varebilar (**Error! Reference source not found.**).



Figur 1: Utslepp frå vegtrafikken i Vestland (kjelde Miljødirektoratet)



Figur 2: Samanlikning av klimafotavtrykket til ein tung elbil og ein tilsvarande bil med forbrenningsmotor. Elbilen har eit større avtrykk frå produksjon, men mindre utslepp knytt til drift.

Reduksjonspotensialet er på ei annan side stort ved at ein kan få på plass ei rekke tiltak for å avgrense utsleppa. I [Klimakur 2030](#) er ein tredel av det kartlagde reduksjonspotensialet knytt til vegtrafikken. Det peikast på at elektrifisering er ein av dei mest potente måtane å redusere utsleppa på (Miljødirektoratet, Statens vegvesen, Kystverket, Landbruksdirektoratet, Norges vassdrags- og energidirektorat og Enova, 2020). Fordi elbilar ikkje har utslepp frå forbrenningsmotor, vil elektrifisering av vegtrafikken vere eit effektivt klimatiltak. Omstilling til

nullutslepp i personbilparken i Vestland vil spare om lag 520 tusen tonn CO₂-e kvart år i direkte utslepp i høve til 2017. Om ein reknar med varebilar, bussar og tyngre køyretøy er talet over 800 tusen tonn. Òg når ein reknar inn dei indirekte utsleppa frå mellom anna produksjon av bil, produksjon av straum til drift og utslepp knytt til vraking er elektriske køyretøy mindre utsleppsfiendtelege enn tilsvarande bilar med forbrenningsmotor (Figur 2).

I følgje klimaplanen til Hordaland, skal det «*vere praktisk å køyre elbil i heile fylket*». I klimaplanen for Sogn og Fjordane er det vedtatt at «*tilskotsordninga for etablering av hurtigladestasjonar skal oppretthaldast*» og at «*fylkeskommunen skal avklare si rolle i utbygginga av ei samanhengande nett hurtigladestasjonar*». I samband med politisk handsaming av forslag til miljøkrav for drosjenæringa vart mellom anna desse tilleggspunkta vedtatt:

«Når det gjeld fylkeskommunal støtte og investering til ladeinfrastruktur skal alle kommunar i Vestland fylkeskommune prioriterast på lik linje, etter ein felles gjennomgang og som legg til rette for at forskrifta kan innførast for heile fylket.»

«Fylkestinget ber om at arbeidet med å bygge ut ladeinfrastruktur i heile Vestland fylke held fram.»

Fylkestinget 3. mars 2020, PS 11/2020

Utvikling i salet av elbilar

Salet av nye bilar før 2010 var i all hovudsak dominert av diesel- og bensinbilar. Frå 2010 var det ei monaleg auke i talet på elbilar i nybilsalet. I byrjinga var auka størst i byregionane, men etter kvart har elbil blitt meir og meir vanleg også utanom byregionane. I 2019 var 53 prosent av selde nybilar i Vestland elektrisk. Det er 10 prosentpoeng meir enn tala for Noreg. I Hordaland var 56 prosent av bilane elektrisk, medan i Sogn og Fjordane var delen 28 prosent (Figur 2, Tabell 1).


Sjølv om det er vanskeleg å talfeste effekten av hurtigladedetilbodet på nybilsalet nøyaktig, viser statistikken at det er ein samanheng mellom kor godt utbygd hurtigladedetilbodet er og storleiken på delen elbilar i nybilsalet (Figur 3Figur 7 Figur 7 og Tabell 1). Det ein kan tolke ut i frå det er at ved sidan av dei økonomiske verkemidla knytt til elbil, er tilgang til offentleg ladeinfrastruktur viktig for at elbil skal vere eit attraktivt alternativ.

Tabell 1: Nybilsalet i 2019 fordelt på drivstofftype i prosent. Drivstofftypane gass, parafin og hydrogen utgjer under ein prosent av nybilsalet og er ikkje tatt med i tabellen. – Kjelde: Opplysningsrådet for veitrafikken.


	Vestland	Noreg	Hordaland	Sogn og Fjordane
Bensin	13	16	12	17
Diesel	11	16	9	21
Elektrisitet	53	43	56	28
Hybrid	10	11	9	17
Plug-in hybrid	14	14	13	17

Personbilparken i Vestland er om lag 300 000 bilar og varebilparken er om lag 45 000 og kvart år vert om lag 15 000 nye bilar tilført bilparken. Det er noko høgare enn talet på bilar som har blitt vraka. Det har gitt ei lita auke i talet på bilar totalt i bilparken. Sjølv om delen elbilar i nybilsalet no er over 50 prosent og aukande, så vil omstillinga av bilparken ta fleire år. I 2018 var elbildelen i personbilparken 10,4 prosent, der ein finn den høgaste delen i Hordaland med 12,4 prosent og den lågaste i Sogn og Fjordane med 2,3 prosent (Statistisk sentralbyrå, 2020). Om ein tar utgangspunkt i at ein når mål i nasjonal transportplan om nullvekst i byregionar og at alle nye personbilar i 2025 er nullutsleppskøyretøy, kan ein rekne med at personbilparken i Vestland vil vere nærmare 100 prosent nullutslepp i løpet av tida mellom 2035 og 2040.


Vestland




Noreg



Hordaland



Sogn og Fjordane



Figur 3: Nybilsalet i Vestland, Noreg, Hordaland og Sogn og Fjordane i 2019 fordelt på drivstoff. – Kjelde: Opplysningsrådet for veitrafikken.

Lading av elbil

Ein kan grovt dele inn dei ulike måtane å lade ein elbil i basislading, semihurtiglading og hurtiglading.

Basislading skjer med vekselstraum (AC-lading) og gjev ladeeffekt mellom 2,5 kW og 22 kW. Dette blir òg omtala som saktelading og normallading. Denne forma for lading er rimeleg, men tar lenger tid og er mein å skje der bilen står i ro over lenger tidsrom. Døme på det er heime eller på arbeidsplassen. Dette er den aller vanlegaste måten å lade opp private personbilar på.

Semihurtiglading skjer òg med vekselstraum, men har høgare ladeeffekt enn basislading. Nokre bilmodellar er ikkje utstyrt med hurtiglademoglegheit, men kan i staden ta imot vekselstraum med høg ladeeffekt. Desse bilprodusentane har dei seinare åra valt å utstyre bilmodellane sine med moglegheit for hurtiglading i staden for semihurtiglading.

Hurtiglading skjer med likestraum og gjev ladeeffekt frå 50 kW. Det skjer ei rask utvikling på batteri- og ladeteknologi, slik at øvre grense for kva effekt ein kan lade med aukar. Dei tidlege bilmodellane som kom med hurtiglademoglegheit kan ta imot inntil 50 kW, medan bilmodellar lansert dei seinare åra vanlegvis kan ta imot over 100 kW. Den nyaste ladeinfrastrukturen kan i dag levere 350 kW og fordele denne effekten på fleire uttak. Det er fleire omgrep knytt til lading med høgare effekt, som til dømes superlading og lynlading. Det er enno ikkje éin etablert kultur for korleis ein skal nytte omgrepa og dei ulike ladeoperatørane nyttar omgrepa ulikt. Hurtiglading med høg effekt blir derfor ikkje behandle med særskilte omgrep i denne utgreiinga. Hurtiglading er hovudsakeleg meint for bruk på langtur fordi denne forma for lading har ei høgare kostnad enn AC-lading eller straumen ein brukar heime (Tabell 2).



Figur 4: Grøn kontakt (Fabrikat Delta), Lyngdal, Ladar inkludert i kontakt. kontakt på begge sider (CCS og CHAdeMo) - Foto: Erlend Lachmann



Figur 5 (venstre): Deltaladarar med tre uttak og effektdeling på drosjedepot ved Bergen lufthamn - Foto: Thomas J Potter. Figur 6 (høgre): 350 kW Ladar frå ABB.

Tal frå [Transportøkonomisk institutt](#) viser at elbilar får om lag 4-6 prosent av energien frå hurtiglading og at 98 prosent av dei som hurtigladar på ein dag bere gjer det ein gong den dagen (Figenbaum, 2019). Sjølv om desse tala viser at basisladinga er den vanlegaste forma for lading, er hurtiglading likevel viktig fordi det gjev moglegheit til å ta turar som er lengre enn batterikapasiteten kan gje aleine. Vidare vert det peika på at gjennomsnittleg ladeeffekt i 2017 var 30,5 kW (Figenbaum, 2019). Det er monaleg lågare enn det utstyret kan levere og kva bilar vanlegvis maksimalt kan ta imot. Grunnen til det er samansett og dei viktigaste einskildfaktorane er batteritemperatur og batteristatus (Trentadu G., 2018; Jaguemont J., 2016; Motoaki Y., 2018; Neubauer J. S., 2015). Ladeeffekten går ned om batteriet blir særskildt kaldt eller særskildt varmt og når batteriet nærmar seg fullada. Det er programmert inn i bilen for å skåne batteriet for slitasje. Sidan dei nyaste bilmodellane kan ta imot høgare ladeeffekt enn sine forgjengarar, er det venta at gjennomsnittleg ladeeffekt vil auke i framtida.

Tabell 2: Samanlikning av ladetid ved ulike ladeformer. Gjennomsnittleg ladeeffekt på 30,5 kW er lagt til grunn for vanleg hurtiglading (Figenbaum, 2019). Prisen er henta frå dei tre største ladeoperatørane i Vestland. \pm er skilnad i høgaste og lågaste pris frå gjennomsnittet. Prisen for heimelading er antatt å vere 1 kr per kWh.

Omgrep	Gjennomsnittleg ladeeffekt	Ladetid 300 km/60 kW	Vanleg pris for lading av 300 km
Heimelading	6,4 kW	9 t 20 min	60 kr
AC basislading	6,4 kW	9 t 20 min	324 \pm 354
AC semihurtiglading	22 kW	2 t 45 min	166 \pm 0,75
Hurtiglading	30,5 kW	2 t	340 \pm 24
Hurtiglading med høg effekt	80 kW	45 min	234 \pm 5

Status for hurtigladetilbodet i Vestland

Figur 7 viser at Vestland ligg langt framme når det gjeld hurtigladetilbod langs vegane. Dei fleste hurtigladeplassane er tilgjengeleg for ålmenta. I tillegg til desse er det ein del hurtigladeplassar der Teslaeigarar har einerett. Sidan desse ladeplassane ikkje er open for alle, er dei heller ikkje rekna med vidare i denne utgreiinga.

Det er stor variasjon i tilbodet frå fylke til fylke. Viken har flest hurtigladarar, medan Troms og Finnmark færrest. Viken er relativt folketett og har eit stort areal med eit stort vegnett. Troms og Finnmark er mykje mindre folketett og har eit stort areal og også eit svakare hurtigladetilbod.

Sjå vedlagt interaktiv kart for meir informasjon om ladeplassar i Noreg og tidlegare tilsegn gitt av fylkeskommunen:

<https://vestlandfylke.maps.arcgis.com/apps/webappviewer/index.html?id=f2859d652ae04b1ab770a6d8cd6516e5>

Fordi hurtigladeoperatørane har relativt små marginalar og tunge investeringskostnader til infrastruktur, er mange av ladeplassane ikkje lønsame med dagens kundegrunnlag og med dagens nettleige og tariffar. Lønsemd er tett knytt til bruk av ladarane, som igjen er påverka av trafikkmengd og folketal. Derfor ser vi no at sentrale strok og byregionar, i tillegg til riksvegstrekingar, er fullt ut kommersialiserte og har eit betre utbygd hurtigladetilbod enn meir avsidesliggande område. Litt forenkla kan ein seie at dette er eit eksempel på høna og egget-prinsippet der ladeoperatørane ikkje vil legge til rette for lading før marknadsvolumet er stort nok til bere ladeplassen økonomisk. Samstundes vil ikkje bilkjøparane velje elektrisk grunna dårleg utbygd offentleg ladetilbod. Offentlege tilskotsordningar er derfor avgjerande for utbygging av eit ladetilbod med god nok geografisk spreing.

Det er store skilnader i ladetilbodet i Vestland. Den mest openberre skilnaden er mellom nord og sør, der ladetilbodet i sør er monaleg betre enn i nord. I februar 2020 er det registrert 130 ladeplassar med hurtigladetilbod i Vestland. Av desse ligg 31 nord for -og 99 sør for den gamle fylkesgrensa (Figur 8, [elektronisk vedlegg](#)). Dei sju kommunane Bremanger, Askvoll, Fjaler, Hyllestad, Solund, Fedje og Solund har ikkje hurtigladetilbod i kommunen (Tabell 3, Figur 8). Av desse er det gitt tilskot til utbygging i Bremanger, Fjaler, Solund og Osterøy og det er venta at desse ladeplassane blir bygd ut innan 2020. Berre ein firedel av ladeplassane har fleire enn 5 ladeuttak. Desse finn ein i Bergensområdet (23 stk) på elles grovt sett i nærleiken av tettstader som Nordfjordeid, Florø, Førde, Voss, Eidfjord og Odda og langs E16, E39 og E134 (Figur 8).

Tal frå ei [undersøking gjort av Norsk elbilforening](#) viser at risikoen for kødanning aukar om talet elbilar per hurtigladar er over 100-150 (Norsk elbilforening, 2019). I 2017 var dette talet høvesvis 23 for Sogn og Fjordane og 196 for Hordaland (Figenbaum, 2019). Det betyr at kapasiteten allereie no er pressa i Hordaland, særleg på utfartsdagar. I Sogn og Fjordane er dette talet lågt hovudsakeleg fordi den elektriske delen av bilparken enno er låg.


Ladeplassane skil seg frå kvarandre med omsyn til type ladeinfrastruktur og tal på ladeuttak (Tabell 3). Dei har alt frå ei einsleg ladestolpe til 8 stolpar med totalt 16 uttak. Ladeplassar som vart bygd ut inntil 2018 var stort sett utstyrt med mellom ein og to ladestolpar med to uttak kvar. Desse ladestolpane gjev maksimalt 50 kW ladeeffekt og tillèt berre lading på eitt av uttaka om gongen. Derfor visar tabell 3 eit kunstig høgt tal ladeuttak per plass. Dette er enno den vanlegaste infrastrukturen på ladeplassane. Sidan 2018 har det vore vanleg å utstyre ladeplassar med andre ladestolpar der effekten kan fordelast på alle uttaka. Då kan anten éin bil lade med høg effekt eller to til tre bilar lade samstundes der total effekt er fordelt på kvar bil (Figur 5, Figur 6, Figur 4). Dette gjev meir effektiv utnytting av ladeinfrastrukturen og arealet på ladeplassen og bidrar til å redusere risiko for kø. Det er venta at det meste av utbygging vil vere med denne typen infrastruktur.

Tabell 3: Geografisk fordeling av ladeplassar og ladeuttak i Vestland. – Kjelde: Nobil.no


* Dei fleste ladeplassar har utstyr som berre tillèt bruk av eitt av to uttak samstundes.

Kommune	Eksisterande		Under bygging med tilskot frå fylkeskommunen (tilsegn 2017-2019)	
	Tal ladeplassar	Tal ladeuttak	Tal ladeplassar	Tal ladeuttak
Bergen	24	133	9	60
Kinn	3	13		
Etne	3	16	1	6
Sveio	1	8	1	2
Bømlo	1	2		
Stord	5	22		

Fitjar	1	5		
Tysnes	2	4	1	2
Kvinnherad	4	12		
Ullensvang	7	25		
Eidfjord	2	16	1	2
Ulvik	1	2		
Voss	9	45		
Kvam	3	12		
Samnanger	1	4		
Bjørnafjorden	7	34		
Austevoll	1	2		
Øygarden	6	37	2	10
Askøy	4	27	1	8
Vaksdal	2	5		
Modalen	1	4		
Osterøy			1	4
Alver	8	35		
Austrheim	2	12		
Fedje				
Masfjorden	1	2		
Gulen	1	5		
Solund			1	4
Hyllestad				
Høyanger	1	2		
Vik	1	4		
Sogndal	3	12	1	6
Aurland	3	12		
Lærdal	2	8		
Årdal	2	4		
Luster	1	4		
Askvoll				
Fjaler			1	6
Sunnfjord	6	28	3	14
Bremanger			1	4
Stad	3	13		
Gloppen	2	6		
Stryn	2	8	1	4
SUM	126	583*	25	132



Figur 7: Tal hurtigladarar i fylka (stolpar) og tal kilometer veg per hurtigladar (punkt).



Figur 8: Oversikt over ladeplassar i Vestland. Storleiken på symbola angjev tal ladeuttak på ladepllassen. Oppdatert februar 2020. Utforsk kartet ved på følgje denne lenka:

<https://vestlandfylke.maps.arcgis.com/apps/webappviewer/index.html?id=f2859d652ae04b1ab770a6d8cd6516e5>

- Kjelde Nobil.no

Strategi for vidare utvikling av hurtigladetilbodet i Vestland

Eit godt hurtigladetilbod kan definerast som eit nettverk av hurtigladarar med tilfredsstillande ladeeffekt, der ladeplassane er lokalisert med kort avstand frå kvarandre og der kapasiteten på kvar plass er god nok til at det ikkje dannar seg kø. Tiltråinga frå Transportøkonomisk institutt er å syte for kortare avstand mellom kvar ladeplass enn det er i dag (Figenbaum, 2019). Avstanden mellom ladeplassane må som minimum vere liten nok til at dagens elbilpark skal kunne rekke mellom ladeplassane og likevel ha batterikapasitet til å nå neste ladeplass på vegen. Det vil redusere sårbarheita i tilfelle tekniske problem eller kø på ladeplassen.

Tiltråinga frå Norsk elbilforening er at talet elbilar i Vestland bør ikkje vere over 100-150 bilar og at avstanden mellom hurtigladeplassane ikkje bør vere meir enn 50 km og at det bør vere større ladeparkar med minimum 150 km rekkevidde på dei mest trafikkerte vegane (Norsk elbilforening, 2019). Om hurtigladetilbodet er svakare enn dette aukar risikoen for kødanning.

Offentleg tilgjengeleg hurtiglading

Den store auka i talet på nyregistrerte elbilar dei seinare åra gjer at talet på elbilar for kvar hurtigladar aukar. Om denne utviklinga får fortsette vil hurtigladetilbodet bli svakare fordi fleire brukarar betyr auka risiko for kødanning. For å syte for eit betre ladetilbod enn det som finst i dag, må ein auke takta i utbygginga av hurtigladeplassar og utviding av kapasiteten på eksisterande plassar.

Ladeoperatørane som driv kommersielt har vore tidleg ute å posisjonert seg i marknaden. Det vil seie at dei har gjort investeringar som ikkje er lønsame i dag, for å kunne vere den ladeoperatøren som kan tilby lading i framtida når dette har lønsemda som trengst for å drive fullt ut kommersielt. I mellomtida er operatørane avhengige av offentlege stønadsordningar og betydeleg eigeninnsats. Dette er òg mellom anna eitt av hovudfunna i [studien til Transportøkonomisk institutt](#) (Figenbaum, 2019).

Hordaland fylkeskommune har god erfaring med å bidra til utbygging av infrastruktur gjennom utløysande stønad. Sidan 2012 har Hordaland fylkeskommune gitt stønad på meir enn 16 millionar kroner til utbygging og utviding av meir enn 60 offentleg tilgjengelege ladeplassar i fylket (Tabell 1) gjennom ei ESA-notifisert ordning. Denne ordninga har vore utløysande for utbygginga og hurtigladetilbodet ville vore monaleg svakare utan ordninga.

Ordninga har aukande popularitet og dei seinare åra har søknadsmassen vore tre gonger større enn budsjettet for ordninga. Det gjer fylkeskommunen i stand til å velje dei beste lokaliseringane og stille andre vilkår i høve til dei gjeldande politiske prioriteringane som rår. I tidlegare tildelingar har administrasjonen lagt vekt på geografisk fordeling og kost/nytte i høve til lokalisering, tal på ladarar og tilbudd effekt. Vektinga mellom desse har vore gitt i utlysingsteksten og prioriteringa er rangert ved eit matematisk uttrykk. Ein av fordelane med denne framgangsmåten er at ein blir kjent med stønadsbeløpet som er utløysande for at kvar einskild ladeplass eller oppgradering blir gjort.

I tidsrommet 2017 til 2019 har nyetablering og oppgradering av i alt 55 ladeplassar vore støtta med i gjennomsnitt kr 224 700 ± 98 100 (1σ). Det er altså noko variasjonar mellom kvar plass. I perioden har det vore gitt stønad til 55 ladeplassar i Hordaland og 13 i Sogn og Fjordane (Tabell 4). Eit tydeleg utviklingstrekk er at ladeoperatørane tilbyr meir ladeeffekt per krone gitt i stønad i 2019 i høve til tidlegare. I 2017 ga Hordaland fylkeskommune ei stønad på kr 2 760 per utbygd kW, medan i 2019 var dette talet kr 790. Grunnen til det er i hovudsak at ladeoperatørane i mykje større grad leverte ladestolpar som gjev høg ladeeffekt i 2019 i høve til tidlegare. Då aukar nytteverdien meir enn kostnaden fordi skilnaden i investeringskostnaden til utstyr med høg effekt i høve til låg effekt er lita i høve til kostnaden med arbeid med prosjektering, anleggsarbeid og anleggsbidrag til netteigar.

Tabell 4: Stønad til etablering og utviding av hurtigladeplassar i Hordaland sidan 2017. Tabellen visar tal ladeplassar, tal ladestolpar og stønaden som er gitt for kvart år. Tal ladestolpar er kategorisert på maksimal ladeeffekt (kW).

	Ladeplassar	50 kW	100 kW	150 kW	175 kW	Stønad (kr)
2017	15	27				3 730 000
2018	17	19	19	3		4 385 000
2019 Ho	23	23	2	27	7	5 233 500
2019 Sfj	13	19		8		2 564 000

Ei utgreiing gjort av Norconsult på vegne av Vestland fylkeskommune visar at det kostar mellom kr 2 025 000 og kr 2 325 000 å etablere ein gjennomsnittleg ladeplass. Erfaring med tidlegare tildeling av stønad viser at ei stønad på 10 prosent av etableringskostnaden i mange tilfelle er nok til at ladeplassen blir etablert. På einiske plassar er utløysande stønad på ei annan side oppe i om lag 20 prosent av etableringskostnaden.

Utbygging av infrastruktur der det ikkje er eit tilbod i dag vil ha stor effekt på omstillinga til nullutslepp lokalt og på kort sikt. Administrasjonen rår derfor til at fylkeskommunen bidrar til utbygging i to steg. Først, ved å syte for at det finst eit minimumstilbod i heile fylket og i neste omgang å styrke eksisterande ladeplassar.

Det første vil gjere elbil til eit meir attraktivt alternativ i dei områda som ikkje har eit hurtigladetilbod i dag. Derfor vil det truleg ha stor effekt på omstillingstakta.

Omstillingstakta i bilparken er raskare enn utbyggingstakta i hurtigladetilbodet. For å møte kapasitetsbehovet i framtida, vil det vere naudsynt å styrke eksisterande ladeplassar, i tillegg til å etablere nye. Utviding av kapasiteten på eksisterande ladeplassar er ofte økonomisk gunstig i høve til å bygge nye ladeplassar fordi mykje av anleggsarbeidet her allereie er gjort. Det vil seie at ein vil få meir ladetilbod for kvar investert krone.

Det er venta at kostnaden per utbygd effekt vil synke etter kvart som at hurtigladeteknologien modnast. Det gjer at fylkeskommunen vil vere i stand til å støtte ei noko auka utbyggingstakt med det same budsjettet som ved tidlegare stønadsordningar. Om ein skal auka takta ytterlegare er det naudsynt med betre stønadsordningar som hurtigladeoperatørane kan nytte seg av. Administrasjonen vil søke ekstern finansiering og samstundes greie ut for moglegheita for stønad gjennom ulike program, til dømes Merkur-programmet. Det er venta at ladeoperatørane vil ha trong for noko høgare stønad om fylkeskommunen skal realisere vedtaket om at alle kommunar i Vestland fylkeskommune skal prioriterast på lik linje når det gjeld stønad til utbygging av ladeinfrastruktur.

Tabell 5: Tilskot frå fylkeskommunane i tidsrommet 2016-2019

2016				
Ladeoperatør	Lokalitet	Løyva tilsegn		
BKK/Fortum	Garen	kr 480 000		
Grønn kontakt	Osterøy	kr 145 000		
2017				
Ladeoperatør	Lokalitet	Løyva tilsegn		
BKK	Granvin	kr 230 000		
	Tinghusplassen, Voss	kr 450 000		
	Eidfjord sentrum	kr 300 000		
	Kinsarvik	kr 150 000		
	Jondal	kr 150 000		
	Ostereidet	kr 300 000		
Fortum	Øyrane torg	kr 300 000		
	Tjeldstø	kr 300 000		
	Klokkarvik	kr 200 000		
	Fitjar sentrum	kr 200 000		
	Sveio	kr 200 000		
	Mo	kr 200 000		
	Skulestadmo	kr 300 000		
	Loddefjord	kr 300 000		
	Extra Lone	kr 145 000		
	Extra Løvås	kr 145 000		
Coop Prix Olsvik	kr 145 000			
2018				
Ladeoperatør	Lokalitet	Løyva tilsegn		
BKK	Rema 1000, Odda	kr 385 000		
	Ostereidet	kr 240 000		
	Gullgruven	kr 405 000		
	Dolviken, Meny	kr 300 000		
	Os, Rema 1000	kr 260 000		
	Juvikflaten, Rema 1000	kr 385 000		
	Tinghusplassen, Voss	kr 560 000		
	Herand landhandel	kr 200 000		
	Jondal	kr 200 000		
	Våge, Tysnes	kr 200 000		
	Evanger	kr 150 000		
	Forland, Sotra	kr 320 000		
	BKK	Drosjelading Flesland og bystasjonen	Kr 2 312 000	
		Fortum	Åkrafjordtunet	kr 200 000
		Grønn kontakt	Extra Sveio	kr 145 000
Extra Lone			kr 145 000	
Extra Løvås			kr 145 000	
Coop Prix Olsvik			kr 145 000	
2019				
Ladeoperatør		Lokalitet	Løyva tilsegn	
BKK		Etne Coop/FK	kr 275 000	
		Utne	kr 300 000	
		Oasen	kr 212 500	
		Danmarks plass	kr 200 000	
		Lyderhorn BL	kr 150 000	
		Eidfjord	kr 560 000	
		Straume	kr 330 000	
	Mongstad	kr 280 000		
	Trengereid	kr 240 000		
	Fitjar	kr 280 000		
	Ågotnes torg	kr 245 000		
	Knarvik	kr 180 000		
	Jondal	kr 150 000		
	Rosendal	kr 150 000		
	Husnes	kr 150 000		
	Svelgen	kr 206 500		
	Dale i Sunnfjord	kr 218 000		
	Førde	kr 125 000		
	Florø	kr 150 000		
	Nordfjordeid	kr 176 000		
Hardbakke, Solund	kr 282 000			
Sogndal sentrum	kr 341 000			
Jølstraholmen	kr 241 500			
Grønn kontakt	Sartor	kr 145 000		
	Kleppestø	kr 195 000		
Fortum	Bømlo	kr 262 500		
	Sund	kr 150 000		
	Voss	kr 260 000		
	Fitjar	kr 150 000		
	Moberg, Os	kr 262 500		
	Loddefjord	kr 260 000		
	Stryn	kr 262 500		
	Skei	kr 262 500		

Elfly og kortbanenettet

Vestland skal etter kvart overta anboda på kortbanenettet i fylket. Fylkeskommunen vil jobbe for at det raskast mogleg kan etablerast infrastruktur for hurtiglading til fly ved alle flyplassane på kortbanenettet i Vestland og ved Bergen luftham. Når ladeinfrastrukturen er på plass på kortbanenettet kan fylket stille låg- eller nullutslepps krav i framtidige flyanbod.

Fylkeskommunen jobbar no for å samle relevante aktørar i et vestlandsk elfly-konsortium. Konsortiet skal arbeide med å realisere kommersiell drift med elfly i Vestland ved mellom anna å syte for etablering av ladeinfrastruktur til fly og nyttekøyretøy på kortbaneflyplassane i fylket.

Sambruk mellom fritidsbåt og elbil

For å nå Vestland sitt mål om nullutslepp innan 2030 er det òg naudsynt med auka elektrifisering i båttrafikken. I dag finst det ikkje ei reell marknad for elektriske fritids- og småbåtar, men det er nærliggande å tru at ein vil få ei tilsvarande utvikling som den ein har sett i privatbilmarknaden i dei siste åra.

Elektriske fritids- og småbåtar kan nytte same ladeteknologi som elbilar. Det betyr at ein kan få gode synergieffektar mellom lading av bil og båt. Der det er lønsamt å lade elbåtar, er det ikkje nødvendigvis lønnsamt å lade elbilar isolert sett (og visa-versa). Samlading mellom bil og båt er teknisk mogleg. Ein vil dermed betre ladetilbodet for elbilar i fylket dersom ein elektrifiserer leden langs kysten av Vestland.

Drosjelading

Det er vedtatt at fylket gjennom forskrift vil stille krav om at drosjekøyring i kommunane i Hordaland skal skje utan utslepp frå forbrenningsmotor. Forskrifta er heimla i yrkestransportlova § 9. Lova stillar òg krav til at fylkeskommunen syt for *naudsynt* infrastruktur. [Utgreiinga](#) til forslaget om denne forskrifta var det konkludert med at næringa som driv i det aktuelle området treng tilgang på 28 ladeuttak som gjev høg effekt for å dekke minimumsbehovet til næringa (Hordaland fylkeskommune, 2019). I løpet av 2019 vart det bygd 12 ladeuttak for drosje på drosjedepotet ved Bergen lufthamn (Figur 5) og 4 på drosjehaldeplass ved Bergen busstasjon.

Gjennom dialogmøte med drosjenæringa og tal henta frå Bergen taxi er det klart at det meste av ladinga skjer medan bilen står i ro mellom skifta. I desse tilfella er basislading å føretrekkje framfor hurtiglading fordi det er meir kostnadseffektivt. Administrasjonen vil derfor vidareføre ei tilskotsordning som dekker noko av utgiftene drosjeeigarar får med ladeuttak til basislading (**Error! Reference source not found.**). Dette er normalt heime hjå sjåføren. Ei utgreiing viser at nokre i tilfelle køyrar drosjebilen fleire skift i døgnet (Hordaland fylkeskommune, 2019). I slike tilfelle vil sjåføren vere meir avhengig av hurtiglading enn elles. Tilrådinga frå administrasjonen er at hurtigladeladetilbodet bør etablerast der drosjebilane vanlegvis står mellom turane. På den måten vil drosjesjåføren spare reisetid ved å sleppe å oppsøke ein hurtigladeplass.

I tråd med vedtak i fylkestinget 3. mars 2020 (PS11/2020), vil administrasjonen halde fram med tilrettelegging for drosjenæringa slik at fylkeskommunen oppfyller si lovpålagte plikt om å syte for naudsynt infrastruktur. Administrasjonen vil legge til rette for å dekke behova til næringa ved å støtte utbygging av det offentlege hurtigladeladetilbodet, i tillegg til nokre utvalde ladeplassar der drosjenæringa får eksklusiv bruksrett og òg ved å støtte etablering av uttak til basislading.

Måten fylkeskommunen kan bidra til utbygging av hurtigladeladetilbodet er delt mellom å gje tilskot, søke ekstern finansiering frå Miljødirektoratet sin klimasatsordning og leie prosessen med utbygging der ein fasiliterer eit samarbeid mellom drosjenæringa og hurtiglademarknaden. Det er ein prosess fylkeskommunen har erfaring med gjennom etablering av hurtigladeladetilbod ved Bergen lufthamn og Bergen busstasjon (**Error! Reference source not found.**). Sidan marknadsvolumet i drosjenæringa enno er lite, er det venta at hurtigladeoperatørane har trong for meir tilskot enn dei har for utbygging av offentleg tilgjengelege ladeplassar. For å redusere trongen for tilskot, vil administrasjonen søke å opne tilbodet for ålmenta inntil volumet av elbilar i drosjenæringa er stort nok til at ladetilbodet er bedriftsøkonomisk lønsamt.

Norconsult har på oppdrag for Vestland fylkeskommune greia ut for moglegheita for lading ved haldeplass og andre strategisk viktige punkt for drosjenæringa. Hovudfunna i utgreiinga er at det er

liten skilnad i kostnaden med det sjølve etablering ved dei ulike plassane. Det er på ei annan side stor skilnad i planmessige høve ved kvar lokalitet, noko som kan vere kostnadsdrivande for eit prosjekt om etablering av ladeplass. Norconsult rår til ein prioritering av ladeplassar for drosjenæringa rangert etter kostnad, planmessige høve og nytteverdi for drosjenæringa (Tabell 6). Norconsult definerer nytteverdi for næringa ut i frå at det tilbodet som gagnar flest er best og legg det prinsippet til grunn når dei rår til ein prioritering. Det går på ei annan side på tvers av prinsippet om at hurtigladenettet skal vere slik at det er praktisk for alle som driv i heile fylket. Administrasjonen vil fortsette arbeidet med å greie ut for egna lokalitetar og vil i det vidare arbeidet òg ta omsyn til vedtaket om at «*alle kommunar i Vestland fylkeskommune [skal] prioriterast på lik linje, etter ein felles gjennomgang og som legg til rette for at forskrifta kan innførast for heile fylket (Fylkestinget 3. mars 2020, PS11/2020).*

Som ledd i det vidare arbeidet med tilrettelegging, har administrasjonen fått innvilga ei stønad frå Miljødirektoratet om å etablere eit ladetilbod ved fire sentralar i Bergen og Os. I 2020 vart det søkt om tilskot til tilsvarande prosjekt ved Haukeland universitetssjukehus, Åsane terminal, Sandviken, Hurtigruteterminalen og ved Voss sjukehus. Desse lokalitetane vart prioritert ut i frå ei heilskapsvurdering etter ei utgreiing av kostnadmessige og planmessige føresetnadar og drosjenæringa sjølv sine prioriteringar.

Drosjenæringa vil bidra gjennom dialogmøte til å auke kunnskapen om kva som er behovet for næringa når det kjem til infrastruktur. Administrasjonen vil på bakgrunn av dette gjere ei ny vurdering av status i høve til naudsynt ladetilbod for at drosjenæringa ikkje skal lide ei urimeleg ulempe som følgje av miljøkrav i heile fylket.

Tabell 6: Alternativer for etablering av hurtigladeladetilbod for drosjenæringa i prioritert rekkefølge rangert etter kostnad, planmessige høve og nytteverdi for næringa.

Plass	Kommune
Hurtigruteterminalen	Bergen
Åsane kollektivterminal	Bergen
NHH	Bergen
Sletten	Bergen
Wergeland	Bergen
Jernbanestasjonen i Bergen	Bergen
Haraldsplass	Bergen
Minde	Bergen
Loddefjord	Bergen
Nesttun	Bergen
Haukeland universitetssjukehus	Bergen
Lagunen	Bergen
Fyllingsdalen ved Oasen	Bergen
Laksevåg senter	Bergen
Knarvik	Alver
Straume	Øygarden
Osøyro	Bjørnafjorden
Voss sentrum	Voss herad
Voss sjukehus	Voss herad
Stord sjukehus	Stord
Odda sjukehus	Ullensvang
Arna stasjon	Bergen
Norheimsund	Kvam
Eikelandsosen	Bjørnafjorden
Kleppestø	Askøy

Tabell 7: Stønad til lading for drosjenæringa i Hordaland. Hurtigladarane viser til ladeplassar ved Bergen lufthamn og Bergen busstasjon. Basislading er stønad til ladeboksar som skal nyttast medan bilen står i ro over lenger tidsrom.

	Ladeplassar	150 kW	Stønad (kr)
Hurtiglading	2	8	2 012 000
Basislading	178		1 607 000

Vedtakskompetanse

I medhald av Vestland fylkeskommune sitt reglement for folkevalde organ og delegering, skal saka opp i utval for næring, naturressursar og innovasjon. Budsjettmidlane for hurtiglading ligg til avdeling for innovasjon og næringsutvikling. Sak om forskrift til miljøkrav ved drosjekøyring som vart behandla i utval for samferdsle og mobilitet viser til desse budsjettmidlane.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Hurtiglademarknaden er enno ikkje fullt utvikla og operatørane er avhengig av stønad for å tilby eit tilstrekkeleg hurtigladetilbod i heile fylket.

Klima: Utbetring av hurtigladetilbodet bidrar til vidare elektrifisering av bilparken. Ein elektrisk personbilpark vil årleg spare 424 tusen tonn CO₂-utslepp i høve til 2017. Det svarar til 50 prosent av utsleppa frå vegtrafikken i fylket og 6 prosent av dei totale utsleppa frå fylket.

Folkehelse: Innbyggjarane i Vestland har jamt over god helse og vi står relativt godt rusta mot verknadane av klimaendringane. Klimaendringane gjev auka risiko for helsa frå skred og flom, varme og heitebølger, nye smitteberarar og sjukdommar, matsikkerheit, allergi og luftkvalitet og frå frigjerings av miljøgifter som til no er låst i polisen. Tilrettelegging for omstilling til nullutslepp bidrar til å motvirke klimaendringane og reduserer med det noko av den framtidige helsemessige risikoen av klimaendringane.

Regional planstrategi: Saka støttar opp under dei fire overordna måla til regional planstrategi, vedtatt i Planutvalet 31.01.2020.

Konklusjon

Omstilling til nullutslepp i personbilparken i Vestland er eit effektivt klimatiltak som vil spare om lag 400 tusen tonn CO₂-e kvart år i høve til 2017. Om ein reknar med varebilar, bussar og tyngre køyretøy er talet over 800 tusen tonn.

Ei samanlikning viser at det er stor grad av samsvar mellom kvaliteten på hurtigladenettet i kvar region og takta i omstilling til elbil. Administrasjonen rår derfor til at stønad til utbygging av hurtigladetilbodet skal prioriterast før stønad til private anlegg og basislading i sameige og burettslag.

Dei seinare åra har omstillingstakta vore høgare enn takta i utbygging av hurtigladetilbodet og kapasiteten på hurtigladeinfrastrukturen er allereie no pressa i Hordaland. For å syte for eit betre ladetilbod enn det som finst i dag, må ein auke takta i utbygginga av hurtigladeplassar og utviding av kapasiteten på eksisterande plassar. Administrasjonen rår til at fylkeskommunen skal bidra til å bygge ut hurtigladetilbodet slik at talet elbilar i Vestland ikkje er over 150 per hurtigladeuttak og at avstanden mellom hurtigladeplassane er kortare enn 50 km.

Hordaland fylkeskommune har god erfaring med å bidra til utbygging av infrastruktur gjennom utløysande stønad og vil vidareføre denne ordninga i Vestland fylkeskommune. Administrasjonen rår til at fylkeskommunen i første omgang prioriterer område og strekningar der det i dag ikkje finst eit hurtigladetilbod. I neste omgang må eksisterande ladeplassar styrkast for møte kapasitetsbehovet i framtida.

For å auke utbyggingstakta av hurtigladenettverket er ein avhengig av meir offentleg stønad. Administrasjonen vil søke ekstern finansiering og samstundes greie ut for moglegheita for stønad gjennom ulike program, til dømes Merkur-programmet.

Yrkestransportlova § 9 seier at fylkeskommunen pliktar å syte for naudsynt infrastruktur ved innføring av miljøkrav til drosjekøyring. For å innfri lovkravet vil fylkeskommunen fortsette å bidra til utbygging av ladeinfrastruktur gjennom stønadsordning, tilrettelegging for ekstern finansiering og ved å leie utbyggingsprosjekt i fellesskap med ladeoperatørar og drosjenæringa. Administrasjonen vil ta ein ny vurdering på kva som er naudsynt infrastruktur i 2022.

Referanser

Figenbaum, E. (2019). Charging into the future – Analysis of fast charger usage. Kjeller: Transportøkonomisk institutt.

Hordaland fylkeskommune. (2019). Miljøkrav til drosjenæringa i Hordaland - Utgreiing og forslag til ny forskrift. Bergen: Hordaland fylkeskommune.

Jaguemont J., B. I. (2016). A comprehensive review of lithium-ion batteries in hybrid and electric vehicles at cold temperatures. Applied Energy , ss. 99-114.

Miljødirektoratet, Statens vegvesen, Kystverket, Landbruksdirektoratet, Norges vassdrags- og energidirektorat og Enova . (2020). Klimakur 2030.

Motoaki Y., Y. W. (2018). Empirical analysis of electric vehicle fast charging under cold temperatures. Energy Policy , ss. 162-168.

Neubauer J. S., W. E. (2015). Will your battery survive a world with fast chargers? . SAE Technical paper.

Norsk elbilforening. (2019). Ladeklart Norge 2025. Oslo: Norsk elbilforening.

Statistisk sentralbyrå. (2020). Tabell 11823.

Trentadu G., L. A. (2018). Charging Efficiency under Extreme Temperatures. Energies, s. 11.